

# Smarttelefonen som ein del av konsertopplevinga

Ein studie av korleis utvald publikum brukar smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen

Masteroppgåve i Media og kommunikasjon



Ingrid Haugsvær Årmot



Institutt for informasjons- og medievitskap  
Det samfunnsvitskapelege fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN  
Våren 2022

## **Samandrag**

Smarttelefonen er ein integrert del av kvardagslivet vårt og me brukar den til fleire praktiske formål, og upraktiske. I kvardagen blir smarttelefonen hylla fordi den har fleire bruksområder, men samtidig kan den bli slakta for evne si til å forstyrre merksemda vår, eller forstyrre andre som irriterer seg over andre sin bruk i situasjonar dei skulle helst vore forutan. Denne masteroppgåva prøvar å kome med eit bidrag til studiar om smarttelefonbruk i eit medieerfaringsperspektiv. Med inspirasjon frå irritasjonen enkelte publikummarar uttrykkjer i kronikkar og lesarinnlegg om andre publikummarar sin bruk av smarttelefonen gjennom ein heil konsert, undersøkar denne oppgåva korleis unge vaksne frå alderen 20 til 26 år brukar smarttelefonen i ein konsertsamanheng. Ved å utføre deltakande observasjon av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen på USF Verftet i Bergen, etterfølgd av kvalitative intervju i etterkant av utvalde publikummarar, prøvar denne oppgåva å svare på korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. I eit medieerfaringsperspektiv undersøker oppgåva korleis informantar brukar smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Kva tar dei bilete og videoar av? Kvifor deler dei bileta og videoane med andre? Kva slags betydingar har det for informantane å dele bileta og videoane?

Funna i analysen kan indikere at informantane ikkje er opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen ettersom det kan forstyrre ein tilstand av flow. Likevel brukte informantane smarttelefonen for å ta bilete og videoar av konsertane, og med tanke på at smarttelefonen kan verke å vere naturalisert i liva til informantane i den grad at dei ikkje tenkjer over bruken lengre, kan det tyde på at smarttelefonen er ein del av flowen. Naturaliseringa av smarttelefonen i liva til informantane kan også gjere det naturleg for dei å dele bileta og videoane med andre om at dei opplev noko utanom det vanlege i kvardagen, og dei informantane deler med er i hovudsak vener og familie. Å dele bilete og videoar frå konsertane kan ha ein verdi ved at det opnar opp for at dei kan halde ved like eksisterande forhold og pleie nære relasjonar som informantane ikkje ser så ofte i kvardagen.

## **Forord**

Denne masteroppgåva har gitt meg moglegheita til å dykke ned i unge vaksne sin bruk av smarttelefonen i samband med å reise på konsertar og for å forstå korleis den er ein del av konsertopplevinga deira. Arbeidet med masteroppgåva har vore noko av det mest utfordrande eg har utsett meg sjølv for, men samtidig har eg lært utruleg mykje i prosessen med å utføre ein studie som har vore spanande og interessant. Det eg har lært er at ei konsertoppleving er så mykje meir enn å berre møte opp og høre nokon spele livemusikk.

Eg hadde aldri klart å gjennomføre arbeidet med masteroppgåva utan hjelp på vegen. Det er fleire eg må takka, men aller først må eg takka rettleiaren min for oppgåva, John Magnus Ragnhildson Dahl, for at du viste interesse for prosjektet mitt og hjalp meg på vegen med gode og konstruktive tilbakemeldingar, og ikkje minst alltid var i eit godt humør under møta våre. Tusen takk for gode samtalar og verdifulle innspel til oppgåva som var med på å løfte den fleire hakk opp. Vidare må eg gi ein veldig stor takk til alle informantane som stilte opp på intervjua mine og delte sine tankar og refleksjonar om konsertopplevinga og deira bruk av smarttelefonen på konsertane. Utan dykk ville denne masteroppgåva aldri blitt til.

Til sist må eg takka gjengen min. Mamma og pappa for at de alltid har trua på meg uansett kva eg gjer, men også at de kom med pep talks og næringsrik mat medan eg arbeida heime. Takk Gyrid og Marius for at de fekk meg til å tenke på noko anna enn meg og masteroppgåva. Satsar på at avokadoplanten ikkje dør, Gyrid. Du var også ei heltinna som korrekturlas heile oppgåva mi og kommenterte ting eg endra på. Ein stor takk til mine true homies, Martine og Guro, for at de gadd å lesa masteroppgåva mi og kom med gode innspel. Live, dine tilbakemeldingar var gull verdt. Ein takk må også bli retta til masterstudentgjengen, særleg Antioksidantene, for minnerike augeblikk og gode stundar på pauserommet. Kven skulle trudd at å lære seg Gen Z-slang skulle vere så gøy - no cap. Spesielt må eg takka besteven og partner in crime, Mathilde, for emosjonell støtte, tørk av tårer og gjensidig forståing av kor utfordrande og stressande det er å skrive ei masteroppgåve. Yes, we did it!

Pappa, no skal eg vere ordentleg investert i diskusjonen om kva som er gale med Manchester United.

Ingrid Haugsvær Årmot

1. juni 2022

# Innhaldsliste

<b>1.0 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
<b>1.1 Tidlegare forsking.....</b>	<b>7</b>
<b>1.2 Problemstilling.....</b>	<b>8</b>
<b>1.3 Strukturen for oppgåva .....</b>	<b>10</b>
<b>2.0 Teoretiske perspektiv .....</b>	<b>11</b>
<b>2.1 Medieerfaringar.....</b>	<b>11</b>
2.1.1 Dimensjonar av medieerfaringar .....	12
<b>2.2 Musikk har ei betyding både individuelt og kollektivt.....</b>	<b>13</b>
2.2.1 Viktigheita med musikk .....	14
2.2.2 Flow-omgrepet.....	15
<b>2.3 Smarttelefonen og ambivalente forhold til den.....</b>	<b>16</b>
2.3.1 Smarttelefonen er integrert i kvardagen.....	17
2.3.2 Ambivalente forhold til smarttelefonen .....	18
2.3.3 Ambivalente erfaringar til sosiale media .....	19
<b>2.4 Sosiale media, bruk og deling med andre .....</b>	<b>21</b>
2.4.1 Domestiseringsteori .....	22
2.4.2 Inkorporering og konvertering.....	23
2.4.3 Sosial stelling.....	23
<b>3.0 Metode.....</b>	<b>25</b>
<b>3.1 Deltakande observasjon og semistrukturerde intervju.....</b>	<b>25</b>
3.1.1 Plan for observasjon og intervjuguide.....	26
<b>3.2 Om Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen .....</b>	<b>27</b>
<b>3.3 Utføringa av metodane .....</b>	<b>28</b>
3.3.1 Observasjon av konsertane og sosiale media .....	29
3.3.2 Semistrukturerde kvalitative intervju.....	30
<b>3.4 Utval og rekruttering av informantar.....</b>	<b>31</b>
<b>3.5 Refleksjonar .....</b>	<b>33</b>
3.5.1 Etiske utfordringar .....	34
<b>4.0 Smarttelefon i kvardagen, livemusikk og stemning på konsert.....</b>	<b>36</b>
<b>4.1 Smarttelefonbruk i kvardagen .....</b>	<b>36</b>
4.1.1 Ambivalent forhold til smarttelefonen.....	39
<b>4.2 Informantar sine erfaringar og opplevingar med livemusikk.....</b>	<b>41</b>
4.2.1 Stemning på konsert og korleis det spelar inn på smarttelefonbruken .....	42
<b>4.3 Stemninga på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen .....</b>	<b>43</b>

<b>4.4 Oppsummering kapittel 4.....</b>	<b>45</b>
<b>5.0 Smarttelefonen som ein del av flowen.....</b>	<b>46</b>
<b>    5.1 Observasjon av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen .....</b>	<b>47</b>
5.1.1 Skildring av observasjonar av smarttelefonbruken på konsertane.....	48
5.1.2 Observasjon av sosiale media etter konsertane .....	50
<b>    5.2 Ikkje opptekne av å bruke smarttelefonen .....</b>	<b>50</b>
5.2.1 Vil oppleve ein tilstand av flow.....	51
5.2.2 Den sosiale opplevinga kan styrke flowen.....	54
5.2.3 Smarttelefonen kan forstyrre flowen.....	58
<b>    5.3 Smarttelefonen kan vere ein del av flowen og ei medieerfaring.....</b>	<b>61</b>
<b>    5.4 Oppsummering kapittel 5.....</b>	<b>65</b>
<b>6.0 Deling av bilete og videoar kan ha ei viktig betyding.....</b>	<b>66</b>
<b>    6.1 Deler bilete og videoar på Snapchat i staden for på Instagram .....</b>	<b>67</b>
6.1.1 Deler ikkje for mange å sjå.....	67
6.1.2 Skil seg frå det typiske på Instagram .....	68
6.1.3 Deler kvardagslege hendingar på Instagram .....	71
<b>    6.2 Deler på Snapchat for å pleie nære relasjonar .....</b>	<b>73</b>
6.2.1 Naturleg å dele på Snapchat .....	74
6.2.2 Snapchat viktig for personleg kommunikasjon .....	75
<b>    6.3 Naturleg å dele opplevelingar utanom det vanlege.....</b>	<b>77</b>
6.3.1 Naturleg og ynskjeleg å dele noko som er spesielt.....	80
<b>    6.4 Oppsummering kapittel 6.....</b>	<b>81</b>
<b>7.0 Oppsummering .....</b>	<b>83</b>
<b>    7.1 Smarttelefonen som ein integrert del av ei medieerfaring av å reise på konsert....</b>	<b>83</b>
<b>    7.2 Vidare forsking .....</b>	<b>87</b>
<b>8.0 Litteraturliste.....</b>	<b>89</b>
<b>9.0 Vedlegg.....</b>	<b>92</b>
<b>    9.1 Samtykkeskriv .....</b>	<b>92</b>
<b>    9.2 Plan for observasjonane .....</b>	<b>95</b>
9.2.1 Daniel Kvammen .....	96
9.2.2 Kjartan Lauritzen .....	98
<b>    9.3 Intervjuguidane .....</b>	<b>100</b>
9.3.1 Daniel Kvammen .....	100
9.3.2 Kjartan Lauritzen .....	104

## 1.0 Innleiing

*Jeg synes det er rart at folk heller vil stå med mobilen sin enn å være til stede i livet sitt. Vi kan bli litt irriterte når hele første rad står med mobilen. Vi får ikke kontakt med dem. Man mister litt den ekte kjemien.*

Marie Amdam, vokalist i Razika (Eriksen og Ingebrethsen, 2015)

Sitatet ovanfor er berre eit av fleire som uttrykkjer irritasjon over publikum sin bruk av smarttelefonen på konsertar. Dersom ein søker «mobilbruk på konsert» på Google dukkar det opp fleire kronikkar, lesarinnlegg og artiklar som pøsar på med deira negative erfaringar med andre publikummarar sin bruk av smarttelefonen på konsertar. Stort sett handlar det om at det forstyrrar eller øydelegg eiga konsertoppleveling då smarttelefonen er framme gjennom heile konserten. På den eine sida kjem noko av irritasjonen over publikum sin bruk av telefonen frå artistane sjølv, mellom anna frå vokalisten i bergensarbandet Razika, Marie Amdam. I tillegg til sitatet ovanfor fortalte Amdam at bandet synest det er synd at publikummet har eit kappløp om å legge klipp ut på Instagram først. I likskap fortel punk-rock bandet, Honningbarna, at publikum sjeldan får tid til å vere på smarttelefonen på konsertane deira, men dersom telefonbruken blir eit problem løyser dei det ved å ta telefonen frå personane (Eriksen og Ingebrethsen, 2015).

På den andre sida finn ein publikum som irriterer seg over andre sin bruk av telefonen på konsertar. I eit debattinnlegg skriv ein konsertdeltakar om opplevinga av å sjå rett inn skjermane på smarttelefonar der det konstant blei filma videoar, nokon sjekka aviser på nett og hadde full lysstyrke på mobilen. Den irriterte konsertdeltakaren meinte det kom tydeleg fram at det var eit behov for å dokumentere at ein var ute på byen og hadde det artig (Husby, 2018). Undervegs i prosessen med skriving av oppgåva, blei det publisert ein ny kronikk signert av Andrine Bruland (2022). Ho deltok på ein Hellbillies-konsert og opplevde at konsertopplevelingen blei øydelagd då personen framføre ho filma med telefonen gjennom heile konserten; «Det hadde vært helt greit for meg å bli forstyrret en gang eller to, selv om du aldri kommer til å se på den videoen igjen. Men du tok nye klipp, fra hver sang, og sendte på Messenger, Snapchat og Instagram, lyste opp lokalet mens du formulerte en god tekst til videoen» (Bruland, 2022).

Ein treng derimot ikkje berre å søkje etter kronikkar, lesarinnlegg eller artiklar for å finne kjelder som uttrykkjer irritasjon og frustrasjon for publikum sin bruk av smarttelefonen under konsertar. Ideen til masteroppgåva sprang ut ifrå eit masteremne der me lærde om digital fråkopling i samband med at fleire ynskjer å ta ein pause frå digitale media, då mykje tid forsvinn i å scrollle fleire timer på smarttelefonen. I etterkant av eit smarttelefon-eksperiment me utførte i emnet der me skulle avstå frå å bruke telefonen vår i løpet av ein dag, blei eg medviten over kor integrert smarttelefonen er i kvardagen – både til praktiske formål som å kjøpe billett til offentleg transportmiddel, men også til å vere den sentrale eininga for å kunne kommunisere med andre. I etterkant av eksperimentet lufta eg ideen om å kople smarttelefonen med det å reise på konsert med søstera mi og kjærasten hennar. Her blei eg møtt med ein frustrert utblåsing frå begge to om temaet som styrka trua mi om at det kanskje kunne vere ein idé å forske på smarttelefon som ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert.

## 1.1 Tidlegare forsking

Saman med skildringane av dei irriterte konsertdeltakarane, er eg stor fan av å reise på konsertar, noko som speler inn på valet om at masteroppgåva skulle omhandle musikk. Sjølv om eg personleg ikkje har vore irritert over andre publikummarar sin bruk av smarttelefonen på konsertar, har eg ofte vore nysgjerrig på kva folk tar bilete og videoar av og kva dei gjer med materialet sitt. Tidlegare forsking på bruk av smarttelefonen på konsertar har stort sett fokusert på bruk av den som eit kommunikasjonsmiddel. Det eg har funne av tidlegare forsking handlar i hovudsak om bruk av Twitter som eit kommunikasjonsverktøy for publikum til å kommunisere med andre til stades på same konsert, eller til å kommunisere med fans til artisten som ikkje er til stades. Den tidlegare forskinga blei brukt som inspirasjon for observasjonane mine, og som mediefagleg perspektiv på nokre av funna mine.

Forskar og professor i populärmusikk, fankultur og mediepublikum Lucy Bennett har sett på korleis fans av U2 og Tori Amos brukar Twitter for kommunisere med andre fans av artistane som ikkje er til stades på konserten. Bennett (2012, s. 547) peikar på at med moglegheita til å sende tekstmeldingar, ta bilete og kople seg til internett på telefonen, kan fans av ein artist raskt ha kontakt med fans rundt om i verda som ikkje er på konserten. Her kan dei formidle låtane som blir spelt, ta bilete av konserten og andre delar av konserten samtidig som den skjer live. Til gjengjeld kan fansen Bennett kallar «online fans» samle seg og på ein ekstern måte oppleve konserten saman. I likskap med Bennett har Anne Danielsen og Yngvar Kjus

gjort ein liknande studie av publikum sin bruk av Twitter på konsertar, då med utgangspunkt i Øya-festivalen i 2012. Der fann dei mellom anna at Twitter var eit «her og no»-medium, altså at publikum brukte Twitter for å skrive positive vurderingar av konsertar på festivalen i løpet av konserten og rett etterpå (Danielsen og Kjus, 2019, s. 726). Likevel er det lite forsking som har prøvd å kartlegge smarttelefonbruken i samband med å ta bilete og videoar på konsertar, kva som blir gjort med det som blir dokumentert og kva slags betydingar det har for publikum å kunne dele bilete og videoar med andre.

Der offentlegheita, om det så er i form av kronikkar, lesarinnlegg eller folk generelt, kan vere kritisk til bruken av smarttelefonen på konsertar, verkar det som forskinga på feltet kan vere meir forståingsfulle. Mitt bidrag til eksisterande forsking er korleis smarttelefonen er ein del av ei konsertoppleveling der eg fokuserer på det å ta bilete og videoar av konsertar. I tillegg brukar eg medieerfaringar som eit overordna konsept for å prøve å skildre informantane sine erfaringar med smarttelefonen for å gi ei forståing på korleis dei brukar smarttelefonen på konsertar og kva dei gjer med bilete og videoar av konsertane. Motivasjonen for denne undersøkinga ligg ikkje i å gi eit bidrag til dei irriterte stemmene, men heller å bidra til å forstå kvifor smarttelefonen blir brukt for å ta bilete og videoar på konsertar, kva det blir tatt bilete og videoar av, kven det blir delt med og kva slags betydingar det har å dele bilete og videoar frå konsertar.

## **1.2 Problemstilling**

I eit forsøk på å forstå desse fenomena har eg tatt utgangspunkt i to konsertar på USF Verftet i Bergen, nemleg med Daniel Kvammen 16. oktober 2021 og med Kjartan Lauritzen 18. november 2021. For å utforske smarttelefonbruken til publikum på desse konsertane har eg vald å gjennomføre feltobservasjonar av konsertane og kvalitative intervju av utvald publikum som deltok på konsertane. Då formålet med oppgåva er å kome med eit nyansert bilet av publikum sin bruk av smarttelefon på konsert, prøver eg å sette informantane sin smarttelefonbruk i samanheng med deira medieerfaringar som kan vere med på å gjere greie for aspekt der smarttelefonen er ein del av konsertopplevelinga. Eg nytta Barbara Gentikow sine skildringar av dimensjonar for medieerfaringar for å prøve å få ei forståing av korleis informantane brukte smarttelefonen på konsertane og korleis dei delte bileta og videoane. Gentikow (2005a, s. 3) sin posisjon er at medierte erfaringar er ulike frå ikkje-medierte møter med den fysiske verda. Dei erstattar ikkje verkelege livserfaringar ettersom det verkelegelivet er hovudkjelda for menneskelege erfaringar. Likevel er medieerfaringar eit tilskot til

verkelege livserfaringar, med både utvida og reduserte kvalitetar. Dei utvidar fordi dei overskrid grensene for informasjon og kommunikasjon, medan dei reduserer då dei i hovudsak berre formidlar lyd- og visuelle erfaringar, noko som gjer medieerfaringane fattigare enn vår kroppslege erfaring av dei fem sansane våre. Sidan Gentikow skreiv artikkelen om dimensjonar av medieerfaringar har smarttelefonen kome fram som ein teknologi der me i større grad enn tidlegare kan oppleve verkelege livserfaringar gjennom skjermen ved at me kan dokumentere alle dei opplevingane me har på telefonen og sjå på dei i ettertid.

Eit innblikk i funna indikerer at informantane, i kontrast med kronikkane frå irriterte konsertdeltakrarar, ikkje brukte smarttelefonen heile tida for å ta bilete og video av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen ettersom det kunne forstyrre ein tilstand av flow. Likevel kan funna indikere at smarttelefonen er integrert i kvardagslivet til informantane på ein slik måte at den har blitt naturalisert og tatt for gitt, som kan føre til at dei ikkje tenkte over bruken på konsertane då dei tok bilete og videoar. Vidare kan integreringa av smarttelefonen gjere det naturleg for informantane å dele bilete og videoar frå konsertane, då dei i kvardagen ofte brukar Instagram og Snapchat for å kommunisere med andre. På konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen brukte informantane i hovudsak Snapchat for å dele bilete og videoar med personar som står dei i nær relasjon, for å vise at dei opplevde noko spesielt og noko utanom det vanlege i kvardagen. Deling av bilete og videoar frå konsertane verkar å ha ein verdi ettersom det kan opne opp for å halde ved like eksisterande forhold og pleie nære relasjonar som informantane ikkje ser så ofte. Desse funna kan indikere at smarttelefonen er ein del av ei konsertoppleveling, noko som fører til at problemstillinga mi for oppgåva er:

*Korleis er smarttelefonen ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert?*

For å kunne svare på problemstillinga har eg delt den inn i to forskingsspørsmål, nemleg «Korleis brukte informantane smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen?» og «Korleis reflekterte informantane over eiga bruk av smarttelefonen på konsertane og generelt i kvardagen?». Det første spørsmålet handlar om på kva måtar informantane brukte smarttelefonen for å dokumentere konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, medan det andre spørsmålet handlar om kva informantane gjorde med bileta og videoane. I tillegg handlar det andre spørsmålet om korleis informantane generelt

reflekterte over bruken deira av smarttelefonen i kvardagen, noko som blir kopla saman med deira smarttelefonbruk på konserten og som vil bli drøfta med omsyn til medieerfaringar.

### **1.3 Strukturen for oppgåva**

I dei komande kapitla vil eg gjere greie for teoretiske perspektiv, metode for oppgåva og bakgrunnskapittelet for analysen. Kapittel 2 inneheld teoretiske perspektiv som har blitt brukt for å forstå og forklare funna i oppgåva. Kapittelet greier ut om sentrale dimensjonar av medieerfaringar som eg brukar i oppgåva, i tillegg til forsking på viktigheita av musikk, forsking på smarttelefonen og ambivalente forhold til den og teori innanfor sosiale media i samband med korleis me tar det i bruk. I kapittelet presenterer eg sentrale omgrep som flow, participatory performance, inkorporering, konvertering og sosial stelling. Vidare kjem me til kapittel 3 som vil gjere greie for metoden for oppgåva. Først grunngjev eg val av metodane og prosessen med planlegging for utføring av metodane, før eg gjer greie for val av konsertar å fordjupe meg i og presentasjonar av Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Dette vil bli etterfølgjt av skildringar av utføringa av metodane i praksis, korleis eg gjorde utval og rekrutterte informantar og refleksjonar knytt til val av metodane og utføringa av dei. Deretter bevegar me oss til kapittel 4 som fungerer som eit bakgrunnskapittel for analysekapitla. Kapittelet inneheld skildringar frå informantane om korleis dei brukar smarttelefonen i kvardagen for å halde kontakt med andre, men også deira ambivalente forhold til smarttelefonen, kva slags tidlegare erfaringar dei har til live musikkopplevelingar, i tillegg til korleis dei opplevde stemninga på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Etter bakgrunnskapittelet kjem me til analysen i kapittel 5 og 6. Det første analysekapittelet startar med skildringar av observasjonane eg gjorde av konsertane før eg presenterer funn om korleis informantane brukte smarttelefonen på konsertane. Det andre analysekapittelet handlar om korleis informantane delte bilet og videoar frå konsertane, kven dei delte det med og kvifor. Funna frå analysen vil gi eit heilskapleg bilet på korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert, noko som vil bli oppsummert i ein konkluderande avslutning i kapittel 7.

## **2.0 Teoretiske perspektiv**

Oppgåva skal fokusere på korleis smarttelefonen er ein del av ein medieerfaring av å reise på konsert. Ved å nytte Gentikow sine dimensjonar av vår omgang med media og knytte det opp mot informantar sine refleksjonar over eiga smarttelefonbruk på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, kan det gi eit innblikk i korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. Gentikow skildrar seks dimensjonar av medieerfaringar, men det vil berre bli gjort greie for dimensjonane som er relevant for funna mine. Dimensjonane som er gjeldande er erfaringar med media som teknologiar, perceptuelle erfaringar, kognitive erfaringar og kommunikative erfaringar. Etter utgreiinga av dimensjonar for medieerfaringar, vil eg presentere musikkteori frå David Hesmondhalgh og Thomas Turino der også Mihaly Csikszentmihalyi sitt flow-omgrep vil bli introdusert. Det å reise på konsert ser ut til å ha ei viktig betyding for informantane mine og i hovudsak reiser informantane på konsert for å oppleve ein tilstand av flow. Dermed presenterer eg teori om viktigheita av musikk før eg greier ut om teori frå Anne Mette Thorhauge og Stine Lomborg (2016) om integreringa av smarttelefonen i kvardagen, i tillegg til ambivalente forhold til smarttelefonen og sosiale media (Ytre-Arne, mfl., 2020; Lupinacci, 2021). Avslutningsvis i kapittelet presenterer eg teori frå Ida Aalen og Magnus Hoem Iversen (2021) og Andrew Duffy og Rich Ling (2020) om bruk av sosiale media og viktigheita med å dele bilete og videoar med andre der domestiseringsteori, inkorporering, konverterting og sosial stelling vil bli presentert.

## **2.1 Medieerfaringar**

I følge Gentikow (2005b, s. 11) har ei erfaring med vår konkrete, kroppslege nærvær i verda å gjere. Erfaringar oppstår gjennom kroppen og sansane, dei blir behandla kognitivt samtidig som me lærer av dei og som resulterer i ferdigheter, kunnskapar og verdiar (Gentikow, 2005a, s. 2). I tillegg er erfaring noko me samlar individuelt, men den blir også samla saman historisk og kollektivt ettersom eit kvart samfunn innehavar ein «levd» erfaring i form av kunnskap som står til rådighet for alle medlemmene av eit kulturelt fellesskap (Gentikow, 2005b, s. 11). I eit vitskapsteoretisk perspektiv er det særleg fenomenologien som plasserer erfaring som ein sentral kategori. Fenomenologien er interessert i verda slik den blir framstilt for subjekta i form av livsverda, som er eit uttrykk for det praktisk-empiriske rommet for «levde» erfaringar. I eit livsverd-perspektiv, og i eit moderne samfunn, er medieerfaringar ein viktig del av kontakten med verda eller sosial praksis. Kvarden går føre seg i ein

mediekultur og i eit kommunikasjonssamfunn, altså er me omgitt og samhandlar med media frå morgen til kveld i aukande grad, både i fritida og i arbeidstida.

Gentikow (2005a, s. 3) skriv at fenomenologi kan vere nyttig for å utforske bruken av tradisjonelle media på ein ny måte fordi desse handlingane er så automatiserte at me omtrent ikkje reflekterer over dei lengre. Til dømes tenkjer me ikkje over kva me gjer når me ringer eller ser på TV. Den amerikanske professoren i filosofi, Taylor Carman, utforska rolla til fenomenologi i filosofiske undersøkingar og gjer greie for synspunkta til fire store teoretikarar innanfor fenomenologien, nemleg grunnleggaren Edmund Husserl, i tillegg til Martin Heidegger, Jean-Paul Sartre og Maurice Merleau-Ponty. Carman (2016, s. 1) skriv at dei nemnde teoretikarane hadde til felles at dei hadde ei delt forplikting til å ha fyldige skildringar av levde erfaringar og av verda slik me møter og forstår den frå eit førstepersonsperspektiv. Vidare skriv Carman (ibid., s. 13) at fenomenologi aldri blei utvikla til å vere ein godt definert metode eller teknikk, slik gjerne grunnleggaren Husserl hadde håpt og tenkt, men i staden er det ei rørsle, ein stil og ein diskurs, og viktig i samband med historia til moderne tankegang.

For å kaste lys på korleis me konstituerer medieerfaringa vår, opererer Gentikow med seks dimensjonar – forbrukarerfaring, erfaringa med media som teknologiar, mediepersepsjon, estetiske erfaringar av både media og mediatekstar, kognitive og emosjonelle erfaringar og kommunikative erfaringar. Ettersom eg ikkje brukar alle dimensjonane for å forklare og forstå informantane sin bruk av smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, vil det berre bli gjort greie for relevante dimensjonar eg nyttar i oppgåva. Nedanfor vil eg gjere greie for dimensjonane eg seinare i oppgåva brukar for å forklare informantane sin bruk av smarttelefonen på konsertane. Dimensjonane er eit forsøk på å revurdere mediebruk som ein fleirdimensjonal praksis og som ein del av sosiale og kulturelle erfaringar (Gentikow, 2005a, s. 4). Ved å sjå på korleis smarttelefonen er ein del av medieerfaringa av å reise på konsert, håpar eg å kome med eit bidrag til forsking på bruken av smarttelefonar til unge vaksne med hjelp av medieerfaringar.

### *2.1.1 Dimensjonar av medieerfaringar*

Ein av dimensjonane som skildrar omgangen vår med media kallar Gentikow (2005a, s. 5) for *erfaringa med media som teknologiar*. Tilvenning av media fører til at dei blir naturalisert då ingen tenker til dømes på radio som ein teknologi me skal handtere. I tillegg kan media verke å vere naturleg ved å skape ei kjensle av nærvær og konstant tilgjengeleghet. Vidare skriv

Gentikow (2005a, s. 6) at det er ein fysisk relasjon mellom brukarar og media, altså utfører me aktivitetar i samband med fingerarbeid. Til dømes trykker me på knappar, me peikar, klikkar og dobbeltklikkar, skriv ord og utfører andre typar av kommandoar. I samband med dimensjonen Gentikow (2005b, s. 13) kallar for *perceptuell dimensjon av medieerfaringar*, peikar ho på at all medieerfaring går først og fremst gjennom sansane våre, altså me ser, lyttar og i mange tilfeller rører me ved media – om det er ei bok, ei avis eller eit PC-tastatur. Det er til dømes perceptuelt ulike erfaringar å oppleve ein kinofilm i forhold til å oppleve eit TV-program. Resepsjonsforskinga har i stor grad vore interessert i opplevinga og forståinga folk har av innhaldet i media, men måten eit medium, sjanger eller ein enkelt tekst appellerer til sansane våre er også viktig (ibid., s.14).

Den *kognitive erfaringa* med eit medium handlar om at det ikkje er nok å kjøpe og eige eit medium, me må også meistre det. Gentikow (2005a, s. 8) skriv at me må forstå korleis eit medium fungerer som eit medium, men me treng ikkje å vite nøyaktig korleis eit medium fungerer for å meistre det, me må berre lære korleis å få det til å fungere på ein hensiktsmessig måte. Vidare presenterer Gentikow (ibid., s. 9) *kommunikative erfaringar*. Særleg internettet opna opp for nye former for kommunikasjon ved å tilby forum for brukardeltaking, noko som inkluderer samtalar og diskusjonar i form av private og offentlege debattar. Gentikow (ibid., s. 10) skriv at dette er aktivitetar som må bli undersøkt nærmere i relasjon til deira sosiale og kulturelle betyding. Avslutningsvis skriv Gentikow (ibid., s. 10) at me burde vie meir merksemd på dei ulike typane av kommunikative erfaringar me får i mediert kommunikasjon og dermed nærmere seg teoretiske konsept. Dette kan bli gjort ved å sjå på kommunikative engasjement med teknologi, eller kommunikasjon med eit medium og kommunikasjon med verda gjennom eit medium.

## 2.2 Musikk har ei betyding både individuelt og kollektivt

Eit aspekt ved funna mine er at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida under konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Dette kan knytast til at smarttelefonen kan forstyrre tilstanden av flow som informantane verkar å søke etter når dei reiser på konsertar. Samtidig kan funna også indikere at smarttelefonen er ein del av flowen informantane opplevde på konsertane. I tillegg til Gentikow sine dimensjonar om medieerfaringar, brukar eg flow-omgrepet til Csikszentmihalyi og musikkteori frå Hesmondhalgh og Turino som kan vere med på å forklare kvifor informantane ikkje var

stadig opptekne med å bruke telefonen under konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

### *2.2.1 Viktigheita med musikk*

Hesmondhalgh peikar på at musikk har ei betyding for folk ettersom det kan vere knytt til oss personleg, men også på ein kollektiv måte. Årsaka til at musikk har ei betyding for mange kan kome frå to ulike, men også utfyllande dimensjonar av musikkopplevingar i moderne samfunn. For det første blir musikk ofte kjend som at det er knytt til identiteten vår på ein intens og emosjonell måte, og for det andre er musikk ofte grunnlaget for ei kollektiv og offentleg oppleving (Hesmondhalgh, 2013, s. 2). Vidare skriv Hesmondhalgh (*ibid.*, s. 14) at enkelte undersøkingar på musikk og affekt berre rører ved overflata, men ut ifrå eksisterande forsking legg Hesmondhalgh vekt på at me treng ei brei forståing av musikalsk affekt.

Forståinga av musikalsk affekt burde vere relatert til spørsmål om etikk og verdi, noko som vil inkludere å vurdere korleis me kan verdsetje musikk sitt bidrag til dei affektive dimensjonane i folk sine liv, altså til deira humør og kjensler (*ibid.*, s. 14). Når det gjeld den måten ei musikkoppleving kan forbette liva våre i samband med den kollektive dimensjonen, peikar Hesmondhalgh (2013, s. 87) på at det mange ser på som den mest verdifulle opplevinga av fellesskap gjennom musikk, er den som involverer deltaking og ei delt oppleving av ei framføring. Vidare peikar Hesmondhalgh (*ibid.*, s. 102) på at kjensla av sosialt samvær og fellesskap som musikk genererer i oss kan bli opplevd som hyggeleg, behageleg, rørande og gledeleg.

Eit fokusområde Hesmondhalgh inkluderer i samband med at musikk kan skape ei kjensle av sosialt samvær og fellesskap, er mellom anna gjennom det å synge saman. Hesmondhalgh (2013, s. 105) peikar på at i moderne samfunn kan ein sjå ein nedgang i kollektiv syning, slik som å synge saman på skulen, i bryllaup og gravferder. Sjølv om det er ein nedgang, skriv Hesmondhalgh at folk framleis syng saman i moderne samfunn. Hesmondhalgh skriv med utgangspunkt i britisk moderne samfunn, men me kan overføre det å synge saman til norsk moderne samfunn også. Til dømes nemner Hesmondhalgh det å synge på fotballkampar i Storbritannia og dei som følgjer med på fotball i England har nok fått med seg lyden supporterar gir frå seg når eit lag spelar. Sjølv om Hesmondhalgh skriv at det er mindre syning på fotballkampar i andre land samanlikna med dei britiske landa, vil eg driste meg til å nemne at han neppe har høyrt Nystemten på Brann-stadion. Uansett skriv Hesmondhalgh (*ibid.*, s. 106) at slik kollektiv syning på fotballkampar er av den begeistrande sorten.

## 2.2.2 Flow-omgrepet

I oppgåva argumenterer eg for at informantane reiser på konsertar for å oppleve ein tilstand av flow, noko som kan ha ein samanheng med at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida under konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen ettersom det kan forstyrre flowen. På den andre sida argumenterer eg også for at smarttelefonen kan vere ein del av flowen informantane opplevde på konsertane ettersom telefonen verkar å vere ein integrert del av kvardagen til informantane på den måten at dei ikkje tenkte over at dei brukte telefonen for å ta bilet og videoar. Dermed startar eg med å presentere flow-omgrepet, som først blei definert av Csikszentmihalyi i 1975, før eg knyt flow-omgrepet til Turino sin forsking på musikalske opplevelingar.

Csikszentmihalyi (1990, s. 71) skriv at flow refererer til ein konsentrasjon som er så intens at det ikkje er merksemeld igjen til å tenkje over irrelevante saker eller til å bekymre seg over problem. Aktivitetar som gir ein tilstand av flow skal først og fremst tilby hyggelege opplevelingar og hjelpe deltakarar til å oppnå ein sinnstilstand som er svært gledeleg (ibid., s. 72). Relatert til musikk skriv Csikszentmihalyi (ibid., s. 108) at musikk sin mest populære funksjon er å fokusere merksemada til lyttaren til eit passande mønster for ei ønska stemning. Det finst musikk som er passande for dansing, bryllaup og gravferder, men i samband med live musikkopplevelingar skriv Csikszentmihalyi (ibid., s. 110) at vilkåra for ei live musikkoppleveling hjelper oss med å fokusere merksemada til musikken. Dermed fører det til at flow høgst sannsynleg vil oppstå på konsertar samanlikna med å høre på innspelt musikk på eiga hand.

Turino utforskar kvifor det har seg slik at musikk og dansing ofte står i sentrum av dei personlege og sosiale opplevelingane våre. Ved å kome med dømer frå entomusikologisk feltarbeid og musikalske opplevelingar i Peru, Zimbabwe og USA, gir Turino (2008, s. 21) ei rekke konseptuelle verktøy for å kaste lys på korleis me kan tenke på musikk og dans i eit sosialt perspektiv. Turino brukar Csikszentmihalyi sitt flow-omgrep i samband med det Turino kallar for *participatory performance*. Det som kjenneteiknar participatory performance er at det ikkje er noko skilje mellom artist og publikum (ibid., s. 29). Vidare handlar participatory performance om at alle som er til stades på arrangementet kan og burde delta i lyden og rørsla i arrangementet.

Sentralt i participatory performance er at det må vere ei rekke roller som har ulik vanskegrad og ulik spesialisering for å kunne trekke til seg folk (Turino, 2008, s. 30). I samband med dette trekker Turino inn flow-omgrepet ved at aktiviteten må inkludere riktig balanse mellom utfordring og ferdighetsnivå. Dersom aktiviteten er for lite utfordrande kan det fort bli kjedeleg og ein kan bli ukonsentrert, medan dersom utfordringa blir for vanskeleg kan det føre til frustrasjon og til at ein ikkje engasjerer seg ordentleg. Derimot fører ein riktig balanse til at det forsterkar konsentrasjonen og ei kjensle av å vere «in the groove» med aktiviteten og med andre folk som er involvert (ibid., s. 31). Det at deltagande tradisjonar normalt inkluderer ei rekke roller med ulike gradar av spesialisering, gjer at folk kan bli med på eit nivå som tilbyr riktig balanse av utfordring og dei ferdighetene som trengs. Dette kan føre til ein tilstand av flow og Turino (ibid., s. 31) skriv at ettersom flow-opplevelingar er behagelege, vender folk tilbake til aktivitetane. Med døme ifrå Zimbabwe, skriv Turino (ibid., s. 43) at i ein Shona-seremoni må ein ha særleg merksemd til det som skjer i augeblikket ettersom folk kjem opp med nye eller improviserte melodiar og danserørsler som alle må prøve å passe inn i med deira klapping eller dansing, noko som aukar potensiale for flow.

### **2.3 Smarttelefonen og ambivalente forhold til den**

Flow-tilstanden refererer altså til ein konsentrasjon som er så intens at ein gløymer andre saker og den er viktig både på eit individuelt nivå, men kan også gjelde på eit kollektivt nivå. I dette delkapittelet greier eg ut om teori som viser at smarttelefonen er ein integrert del i kvardagslivet, men at den også kan generere ambivalente forhold då den kan forstyrre andre aktivitetar som krev merksemada. Ein flow-tilstand verka å vere viktig for informantane i samband med å reise på konsert, men samtidig kan smarttelefonen vere ein gjenstand som kan forstyrre den flowen. Dermed vil eg vidare først presentere teori frå Thorhauge og Lomborg (2020) om integreringa av smarttelefonen i kvardagen, før eg går inn på Ytre-Arne mfl. (2020), Syvertsen (2020) og Lupinacci (2021) sine studiar om ambivalente erfaringar med smarttelefonen. Det kan vere verdt å nemne at eg plasserer smarttelefonbruk på konsert innanfor medieerfaringsfeltet, men både Thorhauge og Lomborg sin artikkel *Cross-media communication in context* og Ytre-Arne mfl. sin artikkel *Temporal ambivalences in smartphone use* er forsking som blir plassert innanfor mediebruksfeltet. Likevel er deira perspektiv på smarttelefonbruk i kvardagen nyttig for å forstå korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert ettersom eg knyt det saman med korleis informantane brukar smarttelefonen i kvardagen.

### *2.3.1 Smarttelefonen er integrert i kvardagen*

Thorhauge og Lomborg (2016, s. 75) gir innsikt i korleis smarttelefonen er ein del av informantane deira sin kvardag, altså korleis individuelle brukarar kjem seg gjennom dagen og handterer spesifikke situasjonar og aktivitetar ved hjelp av smarttelefonen. Når det gjeld posisjonen til smarttelefonen i kvardagen skriv Thorhauge og Lomborg (ibid., s. 71) at telefonen er eit allsidig verktøy for å samle opp data om aktivitetar og hendingar i kvardagslivet vårt – noko som er takka vere at smarttelefonen har blitt integrert i desse aktivitetane og hendingane. Thorhauge og Lomborg (ibid., s. 77) fokuserer på tre perspektiv der smarttelefonen er integrert i kvardagspraksisar, nemleg smarttelefonbruk som noko som skjer mellom aktivitetar, smarttelefonbruk som første- og sekundæraktivitetar i kvardagsleg livssituasjonar og «data voids» som indikatorar på fleirmedial kommunikasjon og generell kvardagspraksis.

Når det gjeld det første perspektivet finn Thorhauge og Lomborg (2016, s. 84) at smarttelefonen i stor grad blir brukt av informantane som ein aktivitet mellom aktivitetar. Konkrete dømer på dette er at smarttelefonen ofte blir brukt medan ein er på veg ein stad, altså medan ein kører kollektiv transportmiddel eller medan ein går til skulen. Thorhauge og Lomborg (ibid., s. 77) finn at det berre i få tilfelle hender at smarttelefonbruken er relatert direkte til situasjonen, som til dømes å kjøpe billett til kollektiv transport. I samband med det andre perspektivet skriv Thorhauge og Lomborg (ibid., s. 79) at smarttelefonen ofte er brukt samanfletta med andre aktivitetar. Smarttelefonen kan representera ein primæraktivitet som vil seie at det er ein situasjon der merksemda er retta direkte mot telefonen. Dømer på dette kan vere å spele spel på telefonen eller høre på musikk. Likevel skriv Thorhauge og Lomborg (ibid., s. 79) at smarttelefonen i dei fleste tilfelle representerer ein sekundæraktivitet, som tyder at bruk av telefonen skjer saman med andre aktivitetar, som til dømes å sjå på TV saman med familie. Til sist handlar det tredje perspektivet om «data voids» som vil seie at smarttelefonen ikkje blir brukt, noko Thorhauge og Lomborg (ibid., s. 81) skriv er eit viktig perspektiv i samband med korleis smarttelefonen er integrert i kvardagslivet. Thorhauge og Lomborg fann mange data voids som representerte fokuserte interaksjonar som ikkje blir sett på som å gå i lag med smarttelefonbruk, altså til dømes å ete middag med andre eller øve på eit musikkinstrument.

### *2.3.2 Ambivalente forhold til smarttelefonen*

Studien til Thorhauge og Lomborg gir innsikt i måtar der smarttelefonen er ein integrert del av kvardagslege aktivitetar og hendingar, men som eg skreiv innleiingsvis fortalte fleire av informantane mine at dei var medviten på at dei kanskje brukar telefonen for mykje sjølv om den er viktig for å kommunisere med andre. Dette kan tyde på eit ambivalent forhold til smarttelefonen, noko både Ytre-Arne mfl. (2020) og Syvertsen (2020) peikar på i studiane sine. I Ytre-Arne mfl. sitt tilfelle handlar det om tidsmessige ambivalensar i samband med kvardagsleg bruk av smarttelefonen, medan Syvertsen skildrar fenomenet digital fråkopling der smarttelefonen står sentralt i årsaka til kvifor nokon vel å ta ein pause frå online media. I likskap med mine informantar, brukte informantane til Ytre-Arne mfl. (2020, s. 1721) smarttelefonen til ein rekke formål, men den viktigaste bruken var knytt til å sende meldingar, personleg kommunikasjon, lese nyheter, sjekke sosiale media og til praktiske formål i samband med kvardagslivet.

Ved å trekke linjer frå teoriar som flow og responsibilization, utvikla Ytre-Arne mfl. (2020, s. 1728) konseptet *temporal ambivalences* for å forklare to dimensjonar av ambivalente forhold til smarttelefonen, nemleg *conflicting flows* og *conflicting responsibilities*. Temporal ambivalences refererer til sameksisterande og motstridande kjensler knytt til korleis tid burde bli administrert, det blir plassert innanfor tidsstrukturar i kvardagslivet, og i studien til Ytre-Arne mfl. (ibid., s. 1721) blir det erfart av individuelle personar. I samband med *conflicting flows*-dimensjonen skriv Ytre-Arne mfl. (ibid., s. 1728) at det peikar på kontrastar mellom smarttelefonbruk og andre flows i kvardagen og dei legg særleg vekt på tid som blir mista i samband med å sjekke smarttelefonen. Slike «sjekke-syklusar» er assosiert med pausar og venteperiodar og er i utgangspunktet meint som å vere ein rask ting å gjere. Likevel oppmuntrar smarttelefonen brukarar til å fortsette å vere på smarttelefonen når dei først har byrja, eller å sjekke den igjen etter kort tid (ibid., s. 1723). Dermed resulterer handlinga å sjekke telefonen med intensjonen å fylle tidsrom i at det går ut over andre aktivitetar, altså at det å fylle tid endar opp med tap av tid (ibid., s. 1717).

Vidare handlar *conflicting responsibilities* om vanskar brukarar støytar på når dei skal administrere *conflicting flows*. Med dette meiner Ytre-Arne mfl. (2020, s. 1724) at ansvaret for at smarttelefonen «stel tid» blir plassert på individua sine eigne skuldrar. I eit forsøk på å administrere tida ein brukar på telefonen, vel nokon å stole på sjølvregulering gjennom viljestyrke i form av å bestemme gjentekne gonger om ikkje å bruke smarttelefonen og

deretter gjere som ein har bestemt kvar gong (ibid., s. 1725). Likevel er det ofte slik at viljestyrke ikkje er tilstrekkeleg i samband med å kontrollere digital mediebruk. Dette resulterer i tilleggsstrategiar som å administrere innstillingar, som tyder å gjere noko med smarttelefonen for å gjere den mindre forstyrrande. Ein slik tilleggsstrategi kan til dømes vere å slå av varslar på telefonen.

Fleire av informantane mine fortalte at dei ofte sletta sosiale media-appar og slo av varslar på smarttelefonen ettersom dei meinte dei brukte for mykje tid på telefonen. Det var derimot ikkje snakk om å utføre ein digital fråkopling, som vil seie at ein tar tydeleg avstand frå smarttelefonen eller sosiale media. I tillegg skildrar digital fråkopling reglar for skjermfrie periodar, livsstilendringar og gradvis redusering av bruk av digitale media (Syvertsen, 2020, s. 2). Syvertsen (ibid., s. 2) undersøker press om å vere online og tiltak for å kontrollere og avstå frå slike press. Eg brukar teori om digital fråkopling ettersom det understrekar den sentrale posisjonen til smarttelefonen i kvardagslivet vårt og det kan vere med å forstå kvifor informantane brukte smarttelefonen på den måten dei gjorde på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Syvertsen (ibid., s. 40) peikar på at samanlikna med andre typar skjermar, er smarttelefonen peikt ut som særleg invaderande i diskusjonar og undersøkingar om digital fråkopling. I eit raskt tempo har smarttelefonen blitt samanfletta med kvardagslivet i ei slik grad at det har blitt vanskeleg å sette grensar for bruken av den, i tillegg til at det har blitt vanskelegare å koncentrere seg om andre saker (ibid., s. 41). I likskap med forskinga til Ytre-Arne mfl., nemnar Syvertsen at smarttelefonen raskt blei ein del av fleire aspekt i kvardagslivet, som i heimen og på arbeid, på kollektiv transport, medan ein ser på TV, for å shoppe med, medan ein går, møter vene, under fritidsaktivitetar, kulturelle aktivitetar og offentlege arrangement.

### *2.3.3 Ambivalente erfaringar til sosiale media*

Studiane til Ytre-Arne mfl., (2020) og Syvertsen (2020) viser at ambivalente forhold til smarttelefonen er etablert empirisk og viser til at smarttelefonen forstyrrar i enkelte situasjonar, eller at den forstyrrar «her og no». Syvertsen (2020, s. 31) skriv at framveksta av sosiale media er viktig for å forklare kvifor saker som detox og fråkopling har kome fram som eit konsept. Ei oppleveling av uro knytt til sosiale media er ei av hovudårsakene til at fleire vel å utføre ei digital fråkopling eller at dei vel å trappe ned bruken av digitale media. Likevel er sosiale media grunnen til at fleire syns det er utfordrande å avstå frå å bruke det. Forskaren

Ludmila Lupinacci er ei som har forska på denne uroa sosiale media genererer i fleire av brukarane sine.

Med utgangspunkt i fenomenologien utforskar Lupinacci erfaringar som oppstår i samanheng med det ho kallar «continuous connectedness» i sosiale media frå perspektivet til folk som brukar desse teknologiane i kvardagen, altså frå eit brukarperspektiv. Continuous connectedness handlar om ei oppfatning om at det berre er ved alltid å vere tilkopla digitalt og vere aktivt engasjert at ein kan navigere og blomstre på sosiale media, som på ein målretta måte er ramma inn som noko usikkert (Lupinacci, 2021, s. 275). Når det gjeld sosiale media, peikar Lupinacci (*ibid.*, s. 276) på at det lovar oss ei kopling til verda og ei generell kjensle av fellesskap og tilhørsle, men også moglegheiter for å ha ein augeblikkeleg samtale med dei som har størst betyding for oss. Likevel har sosiale media ikkje berre som mål å forstyrre i eit augeblikk, men å få brukarane sine hekta på plattforma over lengre periodar (*ibid.*, s. 277). Dermed verkar det som at det usikre med sosiale media er at det er eit verktøy for å ha kontakt med andre, samtidig som at det får oss til å vere hekta på den sosiale plattforma ettersom det alltid *kan vere* at det er noko der som er verdt å få med seg.

Desse urolege kjenslene i møte med sosiale media handlar om at me på ein medvitne måte blir oppfordra til å alltid forvente det uventa sjølv i vanlege hendingslause situasjonar og som vidare held oss hekta på plattformar under trua om at noko som er verdt å gi merksemd til kan skje når som helst, heile tida (Lupinacci, 2021, s. 274). I artikkelen fokuserer Lupinacci (*ibid.*, s. 276) på personar sitt forhold til sosiale media i det vanlege kvardagslivet, medan i oppgåva mi plasserer eg det å reise på konsert som å gjere noko utanom det kvardagslege. Likevel kan informantane mine sine erfaringar med bruk av sosiale media i kvardagen gi innsikt i kvifor informantane brukte smarttelefonen på den måten dei gjorde på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. I artikkelen karakteriserer og utforskar Lupinacci (2021, s. 280) dei ambivalente erfaringane som blir skildra av informantane hennar i samband med «continuous connectedness» i sosiale media. Dei ambivalente erfaringane deler ho inn i fem tema, nemleg spenning, angst, tryggheit, trøttheit og ansvar.

Ein stor motivasjon for informantane til Lupinacci (2021, s. 280) for å bruke sosiale media er gleda som oppstår i moglegheita for å få tilgang til andre sine reaksjonar og erfaringar til det som skjer. Likevel kan trøgen for å vere konstant tilkopla resultere i ubehag, og hovudårsaka for ei angstkjensle i møte med uroa sosiale media produserer inkluderer oppfatninga om at

sosiale media aldri tar slutt, frykta for å gå glipp av noko (FOMO) og varslingar som krev merksemda. Vidare kan denne oppfatninga om dei endelause strøymane på sosiale media føre til «stress-scrolling» eller «doom-scrolling», og sentralt i det å scrollle ligg ofte ei forventing om at noko viktig kan skje når som helst (ibid., s. 281). Erfaringa av at sosiale media kan skape ein tryggheit handlar om at opplevinga av å «vere der» er ein sterkt vektlagd kapasitet i medieteknologiar som kan seie å framheve kjensler av tilhøyrsla og kollektivitet. I tillegg blir sosiale media brukt for å få godkjenning og ei stadfesting på at det du opplev også kan bli følt av andre (ibid., s. 282). Erfaringa med trøyttheit skildrar aspektet om at sjølv om sosiale media blir sett på som ei god kjelde for underhaldning, blir dei ofte brukt som tidsfordriv. Dette kan relaterast til at dei fleste ikkje går på sosiale media med eit klart formål, noko som gir eit bevis på kor naturalisert desse teknologiane har blitt i liva våre (ibid., s. 283). Til sist skildrar Lupinacci (ibid., s. 284) ansvarserfaringa, noko som vil seie oppfatninga av at det å vere kontinuerleg tilkopla er ei kjensle av plikt med seg sjølv og med andre som tyder noko for oss, og evna til å svare eller reagere på ting medan dei skjer.

## **2.4 Sosiale media, bruk og deling med andre**

Ettersom eg vil undersøke korleis informantane reflekterte over bruken av smarttelefonen på konsertane og korleis det kan henge saman med korleis dei brukar smarttelefonen generelt i kvardagen, brukar eg teori som seier noko om kva slags sosiale media som blir tatt i bruk og ikkje tatt i bruk og korleis sosiale media kan vere med på å pleie og halde ved like dei relasjonane me har. Frå intervjuet med informantane kom det fram at dei gjerne delte bileta og videoane frå konsertane, men då i form av å sende direkte på Snapchat på ein privat måte. Bileta og videoane blei delt med nokon få og i hovudsak med vene og familie. Bruken av smarttelefonen og sosiale media i kvardagen, meiner eg i oppgåva kan spele inn på bruken av smarttelefonen og sosiale media på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, noko som kan ha ein samanheng med erfaringane informantane har med smarttelefonen og sosiale media. Domestiseringsteorien blir sett på som vellukka når teknologien omrent blir tatt for gitt og blitt ein naturleg del av kvardagslivet, noko som også kan bli kopla til dimensjonar av medieerfaringar som Gentikow skildrar ved at når me har venna oss til ein teknologi blir den naturalisert og me tenkjer ikkje over at det er ein teknologi som me skal handtere. Dermed brukar eg domestiseringsteori i samanheng med medieerfarringsperspektivet for å prøve å gi ei forståing av kvifor informantane brukar den stundom for å ta bilete og video av delar av konsertane og dele dei.

#### *2.4.1 Domestiseringsteori*

Aalen og Iversen (2021, s. 44) skriv at domestiseringsteori er ein forskingstradisjon som fokuserer på møtet mellom teknologien og kvardagslivet, noko som inkluderer korleis me tilpassar oss ny teknologi slik at den passar inn med liva våre. Hovudpoenget innanfor forskingstradisjonen er at personar og teknologi ikkje kan bli studert kvar for seg dersom me skal forstå teknologibruk. Me må også sjå på rolla til kvardagslivet ettersom personlege preferansar, bekymringar og misnøye knytt til teknologi kjem betre fram. Tilnærminga gjer det også mogleg å sjå korleis livsfasar, livssituasjon, kultur, verdiar og normer påverkar korleis teknologi blir forstått og tatt i bruk, eller ikkje blir tatt i bruk (ibid., s. 45). I tilfellet med mine informantar brukar eg domestiseringsteorien for å forklare informantane sin bruk og ikkje-bruk av Snapchat og Instagram i samband med deling av bilete og videoar frå konsertane, noko som er dei sosiale media informantane fortalte dei brukar i kvardagen i hovudsak for å kommunisere med andre.

Domestiseringsteori legg ikkje berre vekt på om ein teknologi kan bli tatt i bruk, men også korleis den blir tatt i bruk. Teorien har vore viktig for å peike på at overgangen frå ikkje-bruk til bruk av ein teknologi ikkje er ei enkel todeling, men det er i staden ein gradvis prosess som på ein enkel måte kan bli skildra i fire typiske fasar; anskaffing, objektgjering, inkorporering og konvertering (Aalen og Iversen, 2021, s. 45), der det er særleg dei to siste fasane som er relevant for funna mine i denne oppgåva. Det er fordi dei sosiale media som informantane i hovudsak brukar for å dele bilete og videoar med andre i kvardagen og i konsertsamanheng er Snapchat og Instagram som allereie har eksistert ei god stund og som informantane har skaffa seg og gitt ei rolle i kvardagslivet sitt. Aalen og Iversen (ibid., s. 45) peikar på at ein brukar ikkje alltid fullfører alle fasane, men at domestiseringa blir sett som «vellukka» når teknologien omtrent blir tatt for gitt og blitt ein naturleg del av kvardagslivet. Snapchat og Instagram er sosiale media som har levd med oss i lang tid og dermed meiner eg det ikkje er relevant å inkludere korleis dei har tileigna seg dei, eller korleis dei gav teknologien ein synleg plass og rolle i kvardagslivet, ettersom dei allereie har gjort det. Dermed er det meir interessant å sjå på korleis informantane har inkorporert og konvertert Snapchat og Instagram då eg meiner det kan ha ein samanheng med korleis dei valde å dele bileta og videoane frå konsertane med andre.

#### *2.4.2 Inkorporering og konvertering*

Aalen og Iversen (2021, s. 47) skriv at det er i inkorporeringsfasen det sosiale mediet blir ein del av folk sitt kvardagsliv og rutinar. På bakgrunn av at det sosiale mediet må finne ein plass i kvardagslivet til folk, kan ulike sosiale medium fylle ulike roller. Ettersom ulike sosiale medium kan få ulike roller i folk sitt kvardagsliv, kan også det same sosiale mediet spele ulike roller i ulike personar sitt liv. Her kan livsfasar spele ei rolle ved at dersom ein har ein travle kvardag, til dømes som ein fulltidsarbeidande småbarnsforelder, så kan det vere grenser for kor mykje tid ein kan ha og vil bruke på sosiale medium, medan dersom ein er i tenåra kan ein i større grad vere oppteken av kva folk på same alder held på med, kva dei seier og syns om ein sjølv (ibid., s. 48). Vidare har dei som er godt vaksne ein meir fleksibel kvardag enn travle småbarnsforeldre, men i motsetnad til tenåringane har dei som regel eit meir avslappa forhold til kva andre syns om ein. Når eit sosialt medium har blitt inkorporert, kan domestiseringa bli sett på som suksessfull ettersom teknologien har blitt diskré, altså noko ein kanskje ikkje tenker så mykje over, men som alltid er der (ibid., s. 49).

Når det gjeld konvertering, skriv Aalen og Iversen (2021, s. 49) at det er ein prosess som aldri kan bli sett på som fullført ettersom det tar tid før me klarar å etablere normer for skikk og bruk når folk startar med å bruke ein ny teknologi. Oppfatningar om kva ein bestemt teknologi burde bli brukt til er i stadig endring og kan vere varierande mellom ulike grupper, og dermed kan det oppstå konfliktar om skikk og bruk, i tillegg til kva slags status teknologien skal ha. I denne fasen ser ein ikkje berre på korleis personar ser på rolla teknologien har i deira eige liv, men også kva personar signaliserer til omverda om teknologien. Til dømes blir Facebook i dag framstilt som noko som er kjedeleg og for dei vaksne, medan tenåringar kommuniserer med andre i større grad i meir lukka kommunikasjonskanalar (ibid., s. 49).

#### *2.4.3 Sosial stelling*

Eit konsept eg brukar for å knyte informantane sine motivasjonar for å dele bilete og videoar frå konsertane på i sosiale media er omgrepet *sosial stelling*. Sosialantropologen og evolusjonpsykologen, Robin Dunbar, meiner at sosial stelling er relevant for å forstå korleis menneske pleier relasjonane sine og har knytt det opp mot den måten ein sjimpanse steller pelsen til ein annan sjimpanse, noko som kan tyde at dei har eit godt forhold til kvarandre og som også blir synleg for dei andre sjimpansane i flokken (Aalen og Iversen, 2021, s. 54). Stellinga har altså ein sosial funksjon, som på engelsk blir kalla for *social grooming*, og

medan sjimpansane held på i fleire timer med stelling for å pleie relasjonane sine kan menneske bruke språket for å pleie våre relasjoner.

Å vere synleg med å vise fram relasjonane våre, styrkar den relasjonen samtidig som me blir tryggare på den, og sosiale media er godt eigna til sosial stelling. Judith Donath (2007, s. 247) skriv i *Signals in Social Supernets* at den grunnleggande gleda med sosiale media er at den kan gi ein flyt av nye menneske, ny informasjon og vita om at nokon gir deg merksemd. I følge Aalen og Iversen (2021, s. 55) deler folk på sosiale media i hovudsak oppdateringar og biletar som involverer andre menneske, mellom anna gratulasjonar, eit kompliment eller ei oppleving. Dersom folk som i utgangspunktet har nære relasjoner, er langt vekke frå kvarandre, får desse biletar som viser eit glimt av kva ein gjer på i kvardagen ein auka verdi. Det er fordi sosiale media kan bidra til å halde ved like dei relasjonane som elles kunne ha visna vekk utan sosiale media. Det kommunikasjonsmiddelet me vel å bruke for å halde kontakt med andre, heng saman med tema, kven me skal sei det til og kva slags kanalar me kjenner oss komfortabel med (ibid., s. 57).

Kommunikasjonsforskarane Duffy og Ling har gjort greie for delekulturen på sosiale media i form av å dele nyheter der det er handlinga av å dele som blir sett på som viktig i staden for innhaldet i nyheitssaka som blir delt. Duffy og Ling (2020, s. 73) skriv at dei anerkjenner at mykje av den sosiale verdien av å dele ei nyheitssak er avhengig av informasjonsnytten. Likevel, med tanke på at handlinga med å dele ei nyheitssak kan bli knytt til å vise at ein bryr seg om andre og halde ved like venskap, undersøker Duffy og Ling nyheitsdeling i eit sosialt perspektiv for å identifisere mønstre for kven som deler med kven og kvifor. I studien skildrar Duffy og Ling (ibid., s. 80) singaporske personar sine motivasjonar for å dele nyheitssakar gjennom telefonen, og dei peikar på at formålet med studien var å framheve eksisterande forhold av den sosiale agendaen bak handlinga av å dele nyheter. I hovudsak handlar det om å demonstrere at ein bryr seg om den som mottar nyheitssakar og bidra til sosialt samhald. Med tanke på kven ein deler med, skriv Duffy og Ling (ibid., s. 81) at vener blei prioritert først for å dele nyheitssakar med, medan deling med familie kom i andre rekke. Dette kan bli forstått ved at familie kan vere mindre viktig å dele med ettersom dei konstant er der, medan å pleie forholdet til vener kan krevje meir arbeid å halde ved like. I tillegg peikar Duffy og Ling (ibid., s. 81) på at det som er viktig er at nyheitssaker blir delt for å vise at den som deler tenkjer på mottakaren på ein medfølende måte.

## **3.0 Metode**

I dette kapittelet skal eg gjere greie for metodane eg brukte for å svare på problemstillinga *korleis er smarttelefonen ein del av ein medieerfaring av å reise på konsert?*. Kapittelet inneholder grunngjevingar for kvifor eg valde å bruke ein kombinasjon av observasjon og kvalitative intervju, kvifor eg valde å fordjupe meg i konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, og korleis eg gjorde utval og rekrutterte informantar. I tillegg inneholder kapittelet skildringar av planen for observasjonane og utforminga av intervjuguiden, utføringa av metodane i praksis, refleksjonar og etiske utfordringar knytt til metodane.

### **3.1 Deltakande observasjon og semistrukturerete intervju**

Metodane eg valde for å utforske korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert var deltakande observasjon av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen på USF Verftet i Bergen, etterfølgd av semistrukturerete kvalitative intervju med utvald publikum. Eg utforma to forskingsspørsmål for å kunne svare på problemstillinga, nemleg «Korleis brukte informantane smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen?» og «Korleis reflekterte informantane over eiga bruk av smarttelefonen på konsertane og generelt i kvardagen?». Dette er spørsmål som kan bli svara på ved ein kvalitativ metode slik at eg kan få informantane sine erfaringar med smarttelefonbruk på konsertane skildra på ein best mogleg måte då informantane får moglegheita til å skildre med sine eigne ord. Informantane sin smarttelefonbruk på konsertane ynskte eg å sette i samanheng med deira medieerfaringar i eit forsøk på å gi innsikt i korleis telefonen kan vere ein del av ei konsertoppleveling.

Gentikow (2005a, s. 12) skildrar tilnærmingar for å få innsikt i mediebruk som erfaring, som inkluderer eit fenomenologisk inspirert brukargrensesnittanalyse, ein fenomenologisk versjon av kvalitative empiriske studiar av mediebruk som medieerfaringar og eksperimentelle studiar av brukargrensesnitt. Her vil min studie passe inn i den andre metoden Gentikow føreslår for å få innsikt i folk sine medieerfaringar, altså ein kvalitativ empirisk studie av mediebruk som medieerfaringar. Gentikow (2005a, s. 12) skriv at den kvalitative empiriske tilnærminga ser på erfaringar til ekte brukarar og utan at målet er å finne sanninga, kan ein skape og analysere data frå feltforsking for å få innsikt i personar sine medieerfaringar. Hovudresultatet av denne type feltstudie kan bli karakterisert som den etnografiske «thick description» av eit fenomen, noko som hovudsakeleg kan bli skaffa gjennom observasjon, utforsking, opne spørsmål og

personar sine eigne ord. Valet om å gjere både observasjon og intervju var for å kunne gå i djupna på eit fenomen som ikkje har blitt forska så mykje på, altså korleis smarttelefonen er ein del av ei konsertoppleveling. Vidare ynskte eg å utforske smarttelefonbruk på konsert i samanheng med medieerfaringar, noko som er eit felt som kan vere utfordrande å utforske. Likevel skriv Gentikow (2005b, s. 69) at observasjonsdata kan vere eit godt supplement til informantane sine verbale ytringar og kan opne ein tilgang til det vanskelege feltet som er medieerfaringar. Gjennom observasjon og personar sine eigne ord ein kan oppnå «thick description» av eit fenomen (ibid., s. 12), så for å få innsikt i erfaringar informantar har med bruk av smarttelefon på konsert, vurderte eg ein kombinasjon av observasjon og kvalitativ intervju som best eigna for studien min.

### *3.1.1 Plan for observasjon og intervjuguide*

Før eg skulle observere, hadde eg utforma ein plan for observasjonane med faktorar eg ville fokusere på. Faktorar eg fokuserte på går eg inn på seinare, men planen inkluderte også nokre spørsmål eg kunne stille informantane rett etter konserten. Spørsmåla skulle ikkje bli opplevd som om at dei var i eit intervju, men heller som ein samtale om deira oppleving av konserten, kva slags forhold dei har til artisten og musikken deira og om det var noko spesielt dei tok bilet eller video av med telefonen. Her var svara frå informantane også noko eg tok utgangspunkt i då eg utforma intervjuguidane.

Ettersom eg observerte to konsertar og hadde informantar som deltok på ulike konsertar, utforma eg to intervjuguidar. Spørsmåla i begge intervjuguidane var like, men i enkelte tilfelle endra eg på spørsmål ut ifrå kva eg observerte og slik det blei tilpassa den aktuelle konserten. Til dømes var det ei hending på Daniel Kvammen-konserten der Kvammen hoppa ut blant publikum, noko eg brukte for å spørje informantane om det var noko dei brukte telefonen til for å filme. Medan til informantane som var på Kjartan Lauritzen-konserten, inkluderte eg spørsmål om kva tankar dei hadde om «Kjartanisme»-rørsla han har oppretta. Med unntak av situasjonar eg observerte var spørsmåla nokså like i karakter. I intervjeta starta eg med å spørje informantane generelt om mellom anna korleis konsertopplevelingen var og kva slags musikalsk forhold dei har til artisten. Spørsmåla i starten var meint som oppvarmingsspørsmål der informantane fekk snakke om noko kjekt dei hadde opplevd og som forhåpentlegvis opna for at dei blei komfortable i intervjustettinga og fortsette med å reflektere over eiga smarttelefonbruk på konsertane. Vidare inkluderte eg spørsmål om kvifor dei reiser på konsertar, som viste seg å vere fruktbart i samband med funnet om kvifor informantane ikkje

var opptekne av å bruke telefonen heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

Vidare stilte eg spørsmål om informantane sin generelle bruk av smarttelefonen i kvardagen, noko som også viste seg å vere til nytte i forhold til korleis informantane brukte biletar og videoar som dei tok frå konsertane. Desse generelle spørsmåla om konsertopplevelinga og smarttelefonbruk blei deretter følgt opp av spørsmål om smarttelefonen på dei aktuelle konsertane. Spørsmåla inkluderte mellom anna på kva slags måtar dei brukte telefonen på konserten, kva spesifikke deler av konserten dei tok biletar eller video av og kva dei gjorde med det. Eg inkluderte også spørsmål der informantane skulle reflektere over kva dei normalt deler av biletar og video på sosiale media, og kva slags tankar dei har om at me har moglegheit til å dele biletar og videoar med andre gjennom sosiale media. Ved å stille desse spørsmåla fekk eg innsikt i kva slags erfaringar dei har med sosiale media og korleis det kan spele inn på kva dei gjorde med biletar og videoar som dei tok på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

### **3.2 Om Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen**

Eg valde å fordjupe meg i to konsertar slik at eg fekk eit rikt materiale i samband med observasjon, men også for å få nok informantar til studien. Konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen haldt begge til på USF Verftet i Bergen. Verftet er kjend som eit kultur- og scenehus, samtidig som det er det største samlokaliseringa av kunst-, kultur- og kreative verksemder (USF Verftet, 2021). Det er fleire lokalar på Verftet, men begge konsertane var i lokalet som blir kalla for «Røkeriet», som er spesielt tilrettelagt for musikkonsertar og har plass til 1250 ståande publikum (ibid., 2021). Eg observerte konserten til Daniel Kvammen 16. oktober 2021, og Kjartan Lauritzen-konserten 18. november 2021.

Valet av konsertane var dels prega av koronasituasjonen ettersom det på hausten 2021 ikkje var mange konsertar på kalenderen i Bergen. Etter sommarferien såg det lyst ut og eg hadde peika meg ut både Gabrielle og Kjartan Lauritzen i august og september på Bergenshus festning. Likevel blei koronasituasjonen forverra på det tidspunktet og begge konsertane blei utsett til eit seinare tidspunkt. Gabrielle-konserten blei utsett eitt år fram i tid, så den måtte eg sjå vekk ifrå, men Kjartan Lauritzen-konserten blei flytta til USF Verftet og til 18. november 2021, noko som gjorde det mogleg for meg å observere konserten. Valet av den andre konserten var prega av at det enten ikkje var så mange planlagde konsertar i Bergen, at

konsertane var planlagd for seint på året med tanke på innleveringsfristen for oppgåva, eller at det var utseld for billettar. Dermed var det til stor lette at konserten til Daniel Kvammen dukka opp.

Daniel Kvammen lagar musikk som kan bli plassert innanfor popmusikksjangeren, men låtane hans ber preg av visesong og country (Tørset og Bergan, 2021). Kvammen kjem frå Geilo og syng i hovudsak om kjærleiken på han sin gjenkjennelege hallingdøldialekt. Ettersom låtane til Kvammen i hovudsak handlar om den gode og vonde kjærleiken, kan musikken hans på den eine sida vere karakterisert som festmusikk, medan på den andre sida kan musikken vere tona ned. På Spotify (2022a) har Daniel Kvammen per april 2022 141,451 månadlege lyttarar der hans mest populære låt er «Du fortunar ein som meg» med nesten 8 millionar avspelingar på Spotify. I likskap med Kvammen kjem også Kjartan Lauritzen frå bygda, men frå sognabygda Balestrand. Kjartan Lauritzen sitt eigentlege namn er Per Áki Sigurdsson Kvikne, men brukte i starten av karrieren sin karakteren «Kjartan Lauritzen» for å skjule kven han var ettersom han opplevde at det var flaut og «harry» å vere rappar og skilje seg ut då han kjem frå ei lita bygd (Flølo og Svendsen, 2021). Han starta med å rappe på bergensk, men fekk etterkvart sjølvtilletten til å rappe på sin eiga dialekt. Musikken til Kjartan Lauritzen kan bli plassert inn i rapsjangeren, men låtane ber preg av festmusikk då han ofte formidlar ei glad stemning i musikken sin (Tørset, 2022). Kjartan Lauritzen har produsert fleire populære låtar, men framleis på toppen av hans mest populære er «Fredag» med omrent 13 millionar avspelingar på Spotify (2022b), som kom ut i 2016. Artistane nokså ulike i musikkprofilen sin, men både Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen er artistar eg har kjennskap til og som er populære artistar i Noreg, og som ofte trekkjer til seg eit stort publikum på konsertane sine. Dermed vurderte eg det som gode konsertar å inkludere i studien min.

### **3.3 Utføringa av metodane**

Ettersom eg ikkje kunne kome i gang med observasjon før i oktober og november, gjennomførte eg ein pilotstudie. Gentikow (2005b, s. 81) peikar på at ein pilotstudie er viktig for forberedingsfasen i eit prosjekt og ideelt sett burde den teste informantgruppa, intervjuguiden, eller ein datainnsamlingsmetode, slik som deltagande observasjon. Dermed valde eg å reise på Vill Vill Vest-festivalen 10. september 2021. Vill Vill Vest er ein festival for nye artistar som får sitt første møte med musikkbransjen, og i fleire tilfelle er det første gong artistar står på ein scene. Til dømes har artistar som Sigrid, Boy Pablo og Kjartan Lauritzen hatt nokon av sine første møter med publikum på festivalen (Vill Vill Vest, 2022).

Festivalen har fleire scenelokalar spreidd utover i Bergen, men eg kjøpte billett som gav meg tilgang til ein scene, nemleg på Teglverket på Kvarteret. Her såg eg tre konsertar med tre ulike artistar – Paria, From Scratch og Ruben Dawson. Observasjonane av desse konsertane gav lite materiale som resulterte i at pilotstudien ikkje er inkludert i oppgåva. Pilotstudien blei i hovudsak brukt som læringsmateriale ettersom eg ikkje hadde utført deltagande observasjon før. Likevel fekk eg i tillegg til å få prøvd meg på deltagande observasjon, idear og inspirasjon til kva eg kunne sjå etter då eg skulle gå i gang med observasjonar av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

### *3.3.1 Observasjon av konsertane og sosiale media*

Observasjonane av konsertane blei nytta for å få ei oversikt over korleis smarttelefonen blir brukt av publikum på eit generelt nivå, men også som eit utgangspunkt for spørsmål i intervju med informantane. På konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen tok eg posisjonen som deltagande observatør, noko Hagen og Skorpen (2016, s. 68) skriv kan bli definert som «aktiv læringsaktivitet gjennom å delta fysisk og emosjonelt i det de andre gjør». På Daniel Kvammen-konserten var det ikkje mange i publikum, noko som gjorde at eg hadde god plass rundt meg, samtidig som eg hadde god oversikt over publikum og artisten. På konserten til Kjartan Lauritzen stod eg lengre bak i lokalet og oversikten over publikum og artisten var meir avgrensa ettersom det var ein større mengde personar i publikum. Likevel er det slik at når det står mange personar framføre og rundt ein på konsertar, må ein løfte telefonen over hovudet for å kunne ta bilete og filme det som skjer på scena, noko som gjorde at eg fekk observert smarttelefonbruken blant publikum i samband med dei faktorane eg ville sjå etter. Nokre av knepa Hagen og Skorpen (2016, s. 77-78) nemner når ein skal utføre deltagande observasjon, inkluderer å notere inntrykk og skildringar av det ein ser, høyrer og opplev og ikkje å ta ting for gitt.

Med bakgrunn i nemnde knep til Hagen og Skorpen og mini-pilotstudien, gjekk eg inn i konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen og observerte mellom anna om smarttelefonen blei brukt då konserten starta, då artisten snakka, eller då det kom ein spesiell eller populær låt. I den sistnemnde faktoren observerte eg i Daniel Kvammen sitt tilfelle om publikum brukte smarttelefonen då han framførte mellom anna «Du fortinar ein som meg», «Den tyngste turen» og «Me to er ein evighet», og på Kjartan Lauritzen var det mellom anna «Fredag», «TADA» og «Havanna». Eg prøvde også å skildre inntrykket av stemninga på konserten og korleis eg opplevde oppførselen til publikum. Det gjorde eg ettersom Daniel

Kvammen og Kjartan Lauritzen er nokså ulike artisttypar med ulik musikkprofil og som kanskje kan trekke til seg ulikt publikum, så det var interessant å sjå om stemninga på konsertane kunne spele inn på smarttelefonbruken. Då konsertane var ferdig møtte eg informantane på veg ut av Verftet for å ha ein kort samtale. Me prata laust og naturleg om korleis me syntest konsertopplevelinga var og eg spurde om det var noko dei tok bilete av eller filma på konserten. Fleire viste meg på eige initiativ det dei hadde tatt bilete og video av med telefonen sin.

Til sist var eg også inne på sosiale media som Facebook, Snapchat, Instagram og TikTok for å sjekke om det var lagt ut bilete og videoar frå konsertane. I studien til Danielsen og Kjus (2019) fann dei mellom anna at det var sosiale interaksjonar på Twitter blant publikum på Øya-festivalen, og eg ville observere om det same gjaldt for konsertar på ein mindre scene som Verftet med norske artistar. Då var det med tanke på om publikum hadde delt bilete eller videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen på dei nemnde sosiale medie-plattformene ovanfor. Eg noterte ikkje ned namna på dei som hadde lagt ut bilete eller video på sosiale media då årsaka for å sjekke sosiale media i etterkant var for å få eit innblikk i kva publikum gjorde med bileta og videoane dei tok med smarttelefonen på konsertane. Valet av sosiale media å sjekke gjorde eg på bakgrunn av at Facebook er det sosiale mediet som ligg på toppen av dagleg bruk i Noreg, etterfølgd av Snapchat og Instagram (Ipsos, 2022, s. 4). I tillegg sjekka eg TikTok ettersom det er eit sosialt medium som har hatt ei gradvis auke i talet på brukarar, og Ipsos (*ibid.*, s. 4) har inkludert den i «Spotlight» som viser dei største og mest populære media dei ser på som viktige å følgje utviklinga av. Likevel kom det fram i observasjonen at det i liten grad blei lagt ut bilete eller videoar på sosiale media for offentlegheita å sjå. I tillegg frå intervjuet med informantane fann eg at dei stort sett brukar Instagram og Snapchat for å kommunisere med andre generelt i kvardagen, og dei brukte i hovudsak Snapchat for å dele bilete og videoar frå konsertane. Dermed førte det til at eg valde å fokusere på kvarfor informantane stort sett brukar Snapchat for å dele bilete og videoar frå konsertane framføre Instagram.

### *3.3.2 Semistrukturerete kvalitative intervju*

Eg nytta semistrukturerete kvalitative intervju ettersom eg ville at informantane skulle fortelje så fritt som mogleg om sine erfaringar av smarttelefonen på konserten. Dei semistrukturerete kvalitative intervjuet med informantane var individuelle og blei utført som eit ansikt-til-ansikt-intervju. Gentikow (2005b, s. 48) skriv at i eit ansikt-til-ansikt-intervju blir møtet mellom

forskar og informant nokså direkte og nært, og noko av det viktigaste er at forskaren får informanten til å reflektere over aspekt ved fenomenet som han eller ho ikkje med medvit har tenkt på før (ibid., s. 48). Vidare peikar Østbye mfl. (2013, s. 106) på at forskarar burde tenke på omgivnadane som intervjeta skal føregå i då det ikkje er ynskjeleg å bli forstyrra under intervjuet. Det er fleire stadar det kan vere naturleg for forskaren og informanten å møtast. I nokre tilfelle kan det vere naturleg at informanten kjem til forskaren sitt kontor, medan i andre tilfelle kan det vere best å møtast på ein nøytral grunn (ibid., s. 106). I mitt tilfelle var det naturleg for meg og informantane å møtast på campus til Universitetet i Bergen ettersom alle informantane utanom éin var student ved Universitetet og var kjend med området.

I intervjeta nytta eg opptaksfunksjonen på telefonen min, men skrudde på flymodus-funksjonen slik at ingen kunne ta kontakt med meg under intervjuet og dermed forstyrre opptaket. Før me starta intervjuet formidla eg til informanten om deira rettigheter slik det står i samtykkeskjemaet. Dette skjemaet hadde eg sendt til informantane i god tid før både observasjonane av konsertane og intervjeta, men for ordens skyld repeterte eg dei viktigaste trekka for dei. Innhaldet i samtykkeskjemaet kjem eg tilbake til seinare i kapittelet. Eg prøvde å ha ein naturleg samtale med informantane om ikkje-relaterte tema før eg starta intervjuet fordi eg ville at dei skulle vere komfortabel med å snakke fritt og formulere sine eigne meningar med eigne ord. I dei fleste tilfella blei samtalen før intervjuet dratt med inn i intervjeta slik at det ofte kjendest som at me hadde ein dialog heller enn eit intervju. I slike tilfelle peikar Gentikow (2005b, s. 49) på at informanten har ei makt i kvalitativ metode ved at ho eller han får moglegheita til å formulere eigne meningar med sine eigne ord, i tillegg til at personen kan styre samtalen over i ei annan retning eller påverke gangen og innhaldet i samtalen. Vidare kan dette i beste fall utvikle forskingssamtalen til ein dialog mellom tilsynelatande likestilte partar (ibid., s. 50). Aldersforskjellen mellom meg og informantane var ikkje stor, noko som kanskje kan ha spelt inn på at eg følte informantane snakka fritt i intervjeta. I tillegg starta eg intervjuet med å spørje om konsertopplevinga, som me begge hadde delteke på, noko som også kan forklare kvifor intervjeta kjendest ut som ein dialog mellom oss der informantane reflekterte og formulerte sine eigne meningar til spørsmåla.

### **3.4 Utval og rekruttering av informantar**

Før eg skildrar korleis eg gjorde utvalet av informantar og rekrutterte dei, skal eg for orden skuld først gi ein kort presentasjon av informantane og kven som var på kva konsert. Alle informantane har fått eit fiktivt namn, men eg har inkludert den faktiske alderen deira bak det

fiktive namnet. Totalt hadde eg sju informantar der Ronny, Hermine og Gulla var på konserten til Daniel Kvammen og Luna, Hedvig, Lavendel og Petunia var på Kjartan Lauritzen-konserten. Informantane var i alderen frå 20 år til 26 år og alle utanom éin var student. Utvalet av informantar blei basert med tanke på at informantane måtte vere personar som enten skulle på konserten til Daniel Kvammen eller Kjartan Lauritzen. Dermed opererte eg ut i frå eit heterogent utval, noko som vil seie at det er ei varierande samansetting av folk som kan vise både individuelle forskjellar, samanfall eller mønstre som i beste fall kan indikere både personlege erfaringar og felles erfaringar (Gentikow, 2005b, s. 79). Det at informantane var i omrent lik aldersgruppe og at nesten alle var studentar blei tilfeldig. Likevel var eg i ettertid glad for at informantane var i omrent lik aldersgruppe ettersom eg kunne spisse det inn til å kartlegge ei aldersgruppe sine medieerfaringar i samband med bruk av smarttelefonen på konsert.

Eg nytta ulike måtar for å rekruttere informantar. Gentikow (2005b, s. 80) skriv at ein kan bruke ei blanding av teknikkar for å rekruttere informantar då det ikkje eksisterer absolutte reglar for val av utval og rekruttering av informantar, men ein må vere medviten på dei vala ein tar i dette trinnet i forskingsprosessen. Teknikkane eg nytta for å rekruttere informantar var snøballmetoden og sjølvseleksjon. Ved snøballmetoden går ein ut ifrå ein kjend kontakt, ber denne om å skaffe ein ny kontakt, som igjen set forskaren i samband med ein ny informant, medan sjølvseleksjon føregår til dømes gjennom ein avisannonse eller ein førespurnad på ein nettstad der folk blir invitert til å delta som informantar (ibid., s. 80). Det første eg gjorde var å leggje ut eit innlegg på Story på Instagram der eg informerte om at eg var på utkikk etter personar som skulle på Daniel Kvammen- og/eller Kjartan Lauritzen-konserten i Bergen. Årsaka til at eg byrja med å spørje på Instagram var at eg visste at eg hadde ein del følgjarar som tidlegare har vore på Kjartan Lauritzen-konsert opptil fleire gongar, og satsa på at nokon av dei skulle på konserten hans denne gongen også. Gjennom innlegga på Instagram fekk eg rekruttert ein informant til Kjartan Lauritzen-konserten, som også spurte to andre ho skulle reise på konserten med om dei også ville vere informantar, noko dei ville vere med på.

Det neste eg gjorde var å gå inn i grupper eg er ein del av, nemleg Studentradioen i Bergen og fotballaget mitt og spurte om dei kunne tenkt seg å vere informantar dersom dei skulle på konsertane til Daniel Kvammen og/eller Kjartan Lauritzen. Gjennom Studentradioen fekk eg informantar til både konserten til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. I tillegg var det ein

informant som skulle på Daniel Kvammen, som kjende ein person som skulle på Kjartan Lauritzen, noko som førte til at eg fekk ein informant til. Dermed hadde eg totalt ti informantar før eg skulle observere konserten til Daniel Kvammen.

### **3.5 Refleksjonar**

Ei sentral utfordring for gjennomføringa av metodane var at koronasituasjonen spelte inn for starten på datainnsamlinga og for talet på informantar. For det første blei Kjartan Lauritzen-konserten flytta frå september 2021 til november 2021, noko som gjorde at eg kom seinare i gang med datainnsamlinga enn forventa. For det andre var det fire informantar som fall vekk på grunn av koronarelatert sjukdom, noko som førte til at eg måtte forsøke på kort tid å få inn fleire informantar. I dette tilfellet spurte eg ein informant på intervjuet om ho kunne spørje venninna ho reiste på Kjartan Lauritzen-konserten med om ho kunne tenke seg å stille til eit intervju, noko som blei ein suksess. Dermed enda eg opp med sju informantar.

Koronasituasjonen spelte inn på kva slags konsertar som var tilgjengeleg for meg å observere ettersom konsertar enten ikkje blei sett opp eller at dei blei utsett til ein seinare dato.

Vidare henta eg inn skriftleg informert samtykke frå informantane før eg gjekk i gang med observasjonane av konsertane og intervjuia. I skjemaet kunne informantane huke av for om dei samtykka til å eventuelt bli observert på enten konserten til Daniel Kvammen eller Kjartan Lauritzen og om dei samtykka til å stille til intervju. Eg påpeika at informantane kunne huka av for *eventuelt* å bli observert ettersom Kjartan Lauritzen-konserten var fordelt ut over tre datoar, altså 18.,- 19.,- og 20. november. Konsertane blei fordelt på tre datoar ettersom den opphavleg skulle vere på Bergenhus Festning, men blei flytta til USF Verftet der dei ikkje har kapasitet til å ta inn alle som hadde kjøpt billett samtidig. Dermed fekk eg billett 18. november, men fleire av informantane fekk billett enten 19.- eller 20. november, noko som gjorde at eg ikkje fekk observert og snakka med alle informantane etter konserten. Sjølv om eg ikkje fekk observert alle informantane sin bruk av smarttelefonen, gjekk dette likevel fint ettersom hovudårsaka for å observere konsertane var å få eit innblikk i korleis smarttelefonen generelt blir brukt på konsertane og kva som skjer på konserten for at smarttelefonen blir tatt i bruk. I tillegg fekk eg moglegheit til å spørje informantane i etterkant korleis dei brukte smarttelefonen på konserten i intervjuia.

Observasjonsdata åleine er ikkje gode for få opplysningar om eit fenomen som medieerfaringar. Likevel skriv Gentikow (2005b, s. 69) at det kan vere gunstig å supplere

observasjonsdata med verbale ytringar til informantane ettersom det kan opne ein tilgang til det vanskelege feltet som er medieerfaringar. Dermed vurderte eg det som riktig å utforske bruken av smarttelefon på konsertar og korleis det kan ha ein samanheng med medieerfaring ved å nytte ein kombinasjon av observasjon og kvalitative intervju for å få innsikt i kvifor og korleis informantane brukar telefonen på konsert. Det må også nemnast at eg utforskar smarttelefonbruk med utgangspunkt i to konsertar, noko som vil seie at det ikkje er sikkert at mine funn representerer smarttelefonbruken på alle konsertar. Likevel er utforskinga mi av smarttelefonbruk på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen eit forsøk på å gi eit bidrag til forskinga på smarttelefonbruken til unge vaksne ved hjelp av medieerfaringar.

I rekrutteringsfasen kunne eg kanskje vore meir klar på kva slags aldersgruppe eg var ute etter, men med artistar som Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen er det uansett stor sjanse for at publikummet er relativt unge. Vidare rekrutterte eg informantar med utgangspunkt i eigne kanalar, noko som førte til at informantane naturleg var på min alder, altså frå tidleg til midten av 20-åra. På ei anna side kan det vere ein svakheit at informantane var i same aldersgruppe ettersom eg berre kan indikere smarttelefonbruk i samanheng med medieerfaringar berre for ei aldersgruppe. Til dømes kunne eg rekruttet eldre informantar i prosjektet i tillegg til informantane i 20-åra, som kunne vore interessant med tanke på å samanlikne smarttelefonbruken i samanheng med medieerfaringar. Dette kjem på bakgrunn av at eg på Daniel Kvammen-konserten observerte eldre publikum som stadig nyttta smarttelefonen og posta regelmessig oppdateringar på Instagram, og at mykje av irritasjonen i kronikkar og lesarinnlegg er retta mot eldre som brukar telefonen på konsertar.

### *3.5.1 Etiske utfordringar*

Når det gjeld etiske utfordringar knytt til deltakande observasjon av konsertane er det slik at ikkje alle i publikum visste at eg var der for å observere smarttelefonbruken deira og dermed samtykka til å bli observert. Likevel var eg nøy med berre å observere den generelle bruken av smarttelefonen blant publikum på konsertane, og sjølv om eg observerte informantar eller det store publikum på konsertane, noterte eg ikkje ned opplysningars som kunne avsløre personar. Som tidlegare skrive, observerte eg generell bruk av smarttelefon i samband med faktorar som om den var i bruk då det kom ein populær song, om det skjedde noko spesielt på scena eller om telefonane var framme då konserten starta. Hagen og Skorpen (2016, s. 180) skriv at dei ikkje tilrår særleg studentar å gjere prosjekt der datainnsamlinga blir skjult med vilje og overlegg, men likevel at det finst fleire gråsoner som til dømes om ein skal fortelje at

ein observerer på eit stort folkemøte eller ein fest med fleire hundre deltagarar. I mitt tilfelle vil eg ikkje sei at eg har skjult datainnsamlinga med vilje ettersom informantane som er inkludert i studien min visste på førehand kva prosjektet mitt gjekk ut på – både gjennom samtykkeskjemaet, men også ved at eg allereie i rekrutteringsfasen fortalte kva prosjektet mitt gjekk ut på, kva eg skulle bruke datainnsamlinga til og kva slags rettar dei som informantar har. I tillegg inkluderer eg ikkje detaljerte skildringar av personar eg har observert eller av informantane mine, då hovudmålet med observasjonen var å observere generell smarttelefonbruk på dei aktuelle konsertane.

## **4.0 Smarttelefon i kvardagen, livemusikk og stemning på konsert**

I dette kapittelet skal eg gi ei oversikt over den generelle bruken av smarttelefonen i kvardagen til informantane mine, erfaringar informantar har med tidlegare live musikkopplevelingar, kva som er ei god stemning på konsertar og kva slags stemning det var på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Kapittelet fungerer som eit bakgrunnskapittel for analysen som kjem i dei to neste kapitla der eg svarar på forskingsspørsmåla. Poenget er å bruke informantane sine generelle skildringar av bruk av smarttelefonen og live musikkopplevelingar, og kvifor informantane reiser på konsertar for å kople det saman med deira smarttelefonbruk på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Vidare blir dette brukt for å prøve å gi ein innsikt i kvifor informantane brukte telefonen på den måten dei gjorde på konsertane og kva slags samanheng dette kan ha med deira medieerfaringar.

### **4.1 Smarttelefonbruk i kvardagen**

Fleire av informantane fortalte dei brukte mykje tid på smarttelefonen i kvardagen og dei fleste nemnde å halde kontakt med folk og vere på sosiale media på spørsmålet om kva dei brukar telefonen til i kvardagen. Mine informantar var mellom 20 og 26 år og det er ikkje overraskande at dei fleste innanfor denne aldersgruppa brukar mykje av tida si på telefonen og sosiale media. Likevel passar det med tal frå Statistisk Sentralbyrå der dei i publikasjonen *Norsk mediebarometer 2020* fann at 74 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år brukte telefonen til å vere på sosiale media i 2020, og den høgaste delen som er pålogga sosiale media på telefonen er unge kvinner i aldersgruppa 16-24 år med ein brukardel på 97 prosent (Statistisk sentralbyrå, 2021, s. 87).

Informantane brukar smarttelefonen til mellom anna å søke på middagsoppskrifter, lese nyheter, som alarmklokke, skrive ned påminningar, kjøpe billettar til kollektiv transport og til å høre på musikk og podcast. Slik informantane brukar smarttelefonen i kvardagen illustrerer det Thorhauge og Lomborg (2016, s. 71) peikar på i samband med kor integrert smarttelefonen er i aktivitetar og hendingar i kvardagslivet vårt. For Thorhauge og Lomborg (*ibid.*, s. 77) såg dei på tre perspektiv der smarttelefonen er integrert i kvardagspraksisar, og slik informantane mine skildrar smarttelefonbruken sin, kan bli kjend igjen i to av aspekta, altså at smarttelefonbruk er ein aktivitet mellom aktivitetar og blir enten brukt som ein først- eller sekundæraktivitet. Når det er sagt så er det i hovudsak kommunikasjon med vener og

familie, då helst gjennom sosiale media som Snapchat og Instagram, informantane trekkjer fram som det dei brukar smarttelefonen til i kvardagen. Som her illustrert med Ronny:

«Då er det automatisk sosiale media at eg har ei venegruppe på Snapchat som eg chattar jamt med, eg har masse folk eg er i kontakt med på Messenger eller som vil ha kontakt med meg». (Ronny, 24 år)

Sosiale media lovar oss ei kopling til verda og ei generell kjensle av fellesskap og tilhørsle, men også moglegheiter til å ha ein augeblikkeleg samtale med dei som har størst betyding for oss (Lupinacci, 2021, s. 276). Det at me i dag kan sende bilete og videoar på Snapchat har stor betyding for fleire av informantane. Gulla trakk fram at det er lettare å sette folk inn i situasjonen ho har vore i då «eit bilet seier meir enn tusen ord», medan Petunia meiner at det kan vere «koseleg at du kan halde ein kontakt» med familiemedlemma som ho ikkje ser kvar dag, noko som også er viktig for Hedvig:

«Bestemora mi har Snapchat og me har ein gruppechat med familien. Ho får bilet av barnebarn og oldebarn og kva folk gjer på heile tida.» (Hedvig, 25 år)

Då me fekk våre første mobiltelefonar brukte me den stort sett til å sende SMS for å halde kontakt med vene og familie, men med smarttelefonen og sosiale media som Snapchat er det enklare i dag å sende bilete og videoar. Dette kan me kanskje sjå på som ei vidareføring av det å halde kontakt med andre gjennom å ringe og sende tekstmeldingar. Med andre ord kan det vere ei anna måte å kommunisere på, noko Hedvig illustrerer: «Ein blir kjend med kvarandre på ein litt anna måte enn før tenker eg». Relatert til å bruke smarttelefonen til å halde kontakt med vene og familie, kan vere å skape ei kjensle av nærliek og intimitet med personar som fysisk er ein anna plass. Når det gjeld informantane mine, er nesten alle studentar som har flytta ut frå heimen og dei fleste har flytta fleire timer frå heimstaden sin.

I artikkelen *Text-messaging Cultures of College Girls in Hong Kong* presenterer Angel Lin og Avin Tong (2007, s. 308) pilotstudien om SMS-praksisar mellom studentar på høgare utdanning i Hong Kong der dei mellom anna fann at SMS blei sett på som eit godt verktøy for å halde på nære og intime forhold med deira gamle vene som dei ikkje ser så ofte. På same måte som at tekstmeldingar gjorde det mogleg for unge personar i Hong Kong til å oppretthalde og styrke eksisterande forhold (ibid., s. 308), kan det å sende bilet og video

gjennom Snapchat oppretthalde og styrke forhold til familie og vener, og føre til ei kjensle av at ein inkluderar personar som ein ikkje ser så ofte inn i sitt eiga liv, slik som me såg ovanfor med Hedvig og Petunia.

Fleire av informantane er på sosiale media for å halde kontakt med vener og familie, og Luna forklarar at hennar største motivasjon for å bruke Instagram er kommunikasjon og halde kontakt med folk. Luna opplev ofte ein spenning rundt responsen ho får frå følgjarane sine ettersom ho kan få ein heilt anna respons enn det ho hadde tenkt då ho la ut eit bilet:

«Du veit aldri kva slags respons du får. Ofte er det ting eg ikkje har forventa som blir veldig morosamt. Det var ein post eg posta for nokre veker sidan og då fekk eg kanskje 40 DM-ar. Då var eg sånn åh det var gøy». (Luna, 23 år)

Her kan me sjå entusiasmen Luna har med moglegheitene Instagram tilbyr, noko som kan vise til erfaringa med spenning i møte med sosiale media då det spelar på ei oppfatning om at ein alltid må forvente det uventa (Lupinacci, 2021, s. 275). Her kan også uroa sosiale media genererer i brukarane spele ei rolle ettersom det kan bli erfart som ei spenning med glede som oppstår i moglegheita for å få tilgang til andre sine reaksjonar og erfaringar til det som skjer. Samtidig er ein kontinuerleg tilkopla for å få med seg det som skjer ettersom det kan vere usikkert kva slags reaksjonar ein kan få frå andre.

I tillegg til at eit sosialt medium som Instagram held ved like forestillinga om at ein alltid må vere tilkopla og aktivt engasjert for å navigere seg i eit miljø som med hensikt blir framstilt som at ein må forvente det uventa (Lupinacci, 2021, s. 275), kan det også verke som at det for Luna handlar om å få underhaldning når ho brukar Instagram for å få respons eller kommunikasjon frå følgjarane sine. Underhalding er det mest openbare formålet med å bruke sosiale media og mykje av motivasjonen for å bruke sosiale media ligg i moglegheita til å få tilgang til andre folk sine reaksjonar og opplevelingar til kva enn som skjer (ibid., s. 280). Her kjem me inn på eit anna aspekt ved informantane sin bruk av sosiale media, altså ved at ein vil vere oppdatert og ein del av det som skjer– noko Hedvig peikar på:

«Eg brukar det for å vere ein del av det som skjer. Mykje av liva våre er på sosiale media. Det er berre ein vane å vere oppdatert». (Hedvig, 25 år)

Enten det handlar om å sjå kva slags respons du får på eit bilet du la ut på Instagram eller å bruke sosiale media for å vere ein del av det som skjer og å halde seg oppdatert på liva til vener og familie, så handlar det om at me forventar det uventa. Sosiale media oppmodar med hensikt til alltid å forvente det uventa, sjølv i vanlege situasjonar der det ikkje hender noko spesielt, som vidare held oss hekta til spesifikke plattformar i trua om at noko som er verdt å merkja seg kan skje når som helst, heile tida (Lupinacci, 2021, s. 274). Oppfatning av uroa med sosiale media stammar frå at sosiale media lovar oss ei kopling til verda og ei generell kjensle av fellesskap og tilhøyrsla (ibid., s. 276), noko som ikkje gjer det overraskande at informantane brukar Instagram og Snapchat for å halde kontakt og kommunisere med vener og familie. Samtidig har sosiale media ikkje berre eit mål om å forstyrre i eit augeblikk, men å få brukarane hekta på plattforma over lengre periodar (ibid., s. 277). Dette kan relaterast til ambivalente forhold til smarttelefonen, noko fleire av informantane uttrykkja då dei reflekterte over smarttelefonbruken sin. Vidare kan dette spele inn på korleis informantane brukte smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, noko eg kjem tilbake til seinare i oppgåva.

#### *4.1.1 Ambivalent forhold til smarttelefonen*

Informantane brukar mykje tid på telefonen sin, men samtidig uttrykka fleire at dei meiner dei brukar for mykje tid på telefonen. Det er likevel ikkje snakk om å ta avstand frå smarttelefonen eller å utføre ein digital fråkopling. I staden er det er som Luna påpeika at det er «ein slags kognitiv dissonans», som kan bli definert som ein ubehageleg tilstand som kan oppstå som følge av kognitiv konflikt (Svartdal, 2020), altså at i tilfella der tankar, kunnskap, innstillingar eller handlingar ikkje stemmer overeins, kan det oppstå konflikt som fører til ubehageleg aktivering. Til dømes kan ein som røykar vite at det medfører helsefare å røyke, eller som Luna seier: «Eg sit på mobilen og inni meg tenker eg det ikkje er bra, men eg gjer det likevel». Dette ambivalente forholdet til smarttelefonen kan knytast til det Syvertsen (2020, s. 41) skriv om at smarttelefonen har i eit raskt tempo blitt vevd saman med kvardagslivet slik at det har blitt vanskeleg å sette grenser for bruken av den og vanskelegare å konsentrere seg om andre ting, som til dømes i Luna sitt tilfelle som nesten alltid «begynner å scrolle medan eg sit i forelesing».

Nesten alle informantane forklarte at dei ikkje er aktive på sosiale media, då med tanke på å dele biletar og videoar på til dømes Instagram, men ordet «scrolling» blei hyppig brukt av informantane som noko dei gjer med smarttelefonen. Hovudårsakene til ei angstkjensle i møte

med uroa sosiale media produserer, inkluderer oppfatninga om at sosiale media ikkje har ein ende, FOMO og varslingar som krev merksemda og dette fører ofte til «stress-scrolling» eller «doom-scrolling» der det sentrale er at det ofte ligg ei forventning om at noko viktig kan skje når som helst (Lupinacci, 2021, s. 281), og informanten som kanskje kjende mest på den stressande sida ved sosiale media var Luna. Ho sletta både Instagram og ein nokså ny app kalla BeReal ettersom det forstyrra eksamenslesinga hennar, i tillegg til at BeReal skapte ei uro i ho og ei FOMO-oppleving:

«Eg var heime og BeReal kom opp. Så ser eg at venene mine sit på skulen og et lunsj saman og det orka eg ikkje å forholda meg til. Eg kunne vere heime ein fredagskveld og tenke i dag skal eg kvile, men så ser eg at alle er på fest og då tenker eg søren, eg burde vere på fest eg også. Eg får sånn FOMO.» (Luna, 23 år).

Utanom Luna verka det som at dei fleste informantane hadde eit avslappa forhold til scrolling. I ein generell gjennomgang av korleis informantane brukar smarttelefonen til i kvardagen, blei utsegn som «eg berre scroller», «eg scroller ein del på TikTok kvar dag» og «berre sånn hovudlaus scrolling» slengt ut blant andre funksjonar ved telefonen som informantane brukar i kvardagen. Likevel, i likskap med informantane til Lupinacci (2021, s. 281), var det nokon som ikkje kjende seg påverka av presset om alltid å vere på sosiale media, men i enkelte tilfelle kunne dei kjenne på ein avhengigheit av smarttelefonen og dei endelause strøymane som sosiale media produserer, men ikkje på ein medviten måte:

«Eg er veldig vane med at den alltid er der. Av og til sit eg å scrollar utan at eg tenker meg om.» (Hedvig, 25 år)

Dømet ovanfor kan også illustrere naturaliseringa av smarttelefonen i liva våre, i tillegg til kor integrert den er ettersom me ikkje tenker over bruken av den, eller som Hedvig peikar på, at ein scrollar på telefonen utan mål og meining. Erfaringa av at smarttelefonen er blitt så naturalisert at me ikkje tenkjer over bruken av den, kan også vere med på å forklare kvifor fleire informantar har eit ambivalent forhold til den. På den eine sida er smarttelefonen, og sosiale media som Snapchat og Instagram, viktige for informantane for å halde kontakt med andre, men på den andre sida er det ei erfaring ved at ein brukar for mykje tid på den i den grad at det kan bli opplevd som om den stel tid (Ytre-Arne mfl., 2020, s. 1717). Her kan me også sjå tendensar til det Ytre-Arne mfl. kallar for *conflicting flows* og *conflicting*

*responsibilities* ved at Luna slettar appar som Instagram og BeReal ettersom det går utover eksamenslesinga og Petunia som slår av varslar på Snapchat for ikkje å «bli oppteken av å sjå på telefonen heile tida».

#### **4.2 Informantar sine erfaringar og opplevingar med livemusikk**

Musikk kan bli oppfatta som at den er kopla til identiteten vår på ein intens og emosjonell måte, i tillegg til at musikk ofte er grunnlaget for ei kollektiv og offentleg oppleving og representerer eit møtepunkt mellom intime og sosiale områder ettersom det gir eit grunnlag for personleg og kollektiv identitet (Hesmondhalgh, 2013, s. 2). Intervjua med informantane viste at dei tidlegare har hatt erfaringar med smarttelefonbruk på konsertar. Det kom særleg fram gjennom informantar som fortalte om ein periode i livet der dei var på konsert til ein artist dei var stor fan av og ynskte å filme for å hugse augeblikket. Til dømes var rap-duoen Karpe viktig for Luna i ein periode i livet hennar. Luna forklarte at sjølv om ho er norsk og alltid har budd i Noreg, har ho alltid følt seg litt rar ettersom foreldra «ikkje var så veldig norske» då faren hennar kjem frå Canada og mora hennar vaks opp i Etiopia. I heimen snakka Luna engelsk med foreldra, som for øvrig ikkje alltid forstod dei «norske tilstandane» ved at til dømes foreldra til vener av Luna blei vene gjennom FAU og fotballag. Musikken til Karpe, og særleg musikktekstane deira, var dermed viktig for Luna ettersom det passa inn i hennar historie om å leve mellom to kulturar og det er noko ho deler med Magdi og Chirag frå Karpe:

«Eg kjende meg veldig igjen i at dei snakka om å vere midt imellom to kulturar og eg kjende meg også kanskje litt i klinsj mellom dei kulturane»  
(Luna, 23 år)

Med tanke på at Luna var stor fan av Karpe ettersom musikken deira kunne bli knytt til Luna på ein personleg måte, var det viktig for ho å filme mykje under konsertane deira. Dette handla om at ho «ville hugse det og sjå på det i ettertid fordi det er eit viktig augeblikk». I likskap med Luna, hadde Hedvig også ein periode då ho var yngre der ho var stor fan av ein artist – den kanadiske artisten Justin Bieber. Hedvig fortalte at ho i denne perioden identifiserte seg som ein *Belieber* og gav ein illustrasjon på korleis eit liv som ein Belieber kunne vere:

«Eg trur eg var forelska. Det må ha vore typisk teenage heart rob. Eg synes musikken var veldig fin og så var det sikkert litt med historia. Folk rundt han var ein stor del av livet hans. Eg følgde alle i livet hans i dei sosiale kanalane, enten om det var Instagram eller Twitter. Eg fekk ein relasjon til dei på eit eller anna vis. Eg kunne alle detaljar om han.» (Hedvig, 25 år)

Sjølv om perioden med å vere fan av Karpe og Justin Bieber har roa seg ned for Luna og Hedvig, kan døma ovanfor vise til ein måte der musikk kan vere knytt til identiteten deira på ein intens og emosjonell måte. Det kan vere med på å forklare kvifor det var viktig for til dømes Luna å filme store deler av konsertane til Karpe ettersom ho ville hugse augeblikket om at ho opplevde artisten som ho elles i kvardagen brukte mykje tid på å snakke om og høre på musikken til. I tillegg fortalte Hedvig at på Justin Bieber-konsertar var det «masse mobil» som også kan bli forstått på same måte, ved at ho ville filme augeblikket der ho endeleg fekk sjå sin «teenage heart rob» som ho elles i kvardagen følgde mykje med på.

#### *4.2.1 Stemning på konsert og korleis det spelar inn på smarttelefonbruken*

Ein god konsert har som regel ei god stemning, men det er ikkje enkelt å definere kva det vil seie at det er god stemning på ein konsert. Likevel kan me kanskje sjå det i samanheng med kvifor informantane mine likar å reise på konsertar, noko som i stor grad handlar om at ei live musikkoppleveling genererer ei forventning av å oppleve noko utanom det vanlege eller noko ekstraordinært (Kjus og Danielsen, 2014, s. 676). Nokon av informantane samanlikna liveopplevelinga og å lytte til musikk på strøymetnester med at live musikk «blir ei anna stemning enn når eg hører det på Spotify», medan andre synes det er kjekt å reise på konsert ettersom «det blir ei stemning og høg musikk som eg kjenner ekstra inn i hjarterota» og at det er ei spesiell kjensle å reise på konsertar der ein kjenner «den stemninga der alle syng med og hoppar og dansar». Ei god stemning på ein konsert kan også for informantane vere bestemt rundt at dei reiser saman med ein venegjeng som dei kan ha felles minner med. Det sosiale aspektet ved å reise på konsertar handlar om at ei live musikkoppleveling og dei minna som kjem med ofte er delt med andre då grunnlaget for konsertar er at det er eit sosialt arrangement både mellom publikum og artisten, og mellom sjølve publikummet (ibid., s. 662). For informantane er det å reise på konsert mykje kjekkare når ein opplev det saman med andre fordi det kan bli opplevd som ein «bonding» å reise med andre ettersom «ein hører musikken, ein kan synge med, ein opplev det saman», det «er noko anna enn det ein kanskje

vanlegvis gjer og så skapar ein minner» og «det er ein sosial ting og ei oppleving som er kjekk å ha med andre».

I tillegg handlar det å reise på konsert for nokre av informantane om å kople av og vere fokusert på det som skjer på konserten akkurat der og då. Ofte er det dei gode konsertane ein set pris på og som ein hugsar i lang tid etterpå. Forventningar til ein konsert påverkar ikkje berre liveopplevinga når den skjer, men også kor mykje ein sat pris på konserten i etterkant der liveopplevingar som overgår forventningane ofte er spesielt gledelege (Kjus og Danielsen, 2014, s. 662). For Hedvig handlar ei konsertoppleving om at tankane ikkje er andre plassar og det er noko ekstra spesielt med kjensla ein får av å reise på konsert i forhold til å høre på musikk heime fordi «du får liksom stemning og det er ei oppleving». I likskap med Hedvig handlar det for Luna å fokusere på det som skjer på konserten ettersom ho kjenner at ho koplar av ved å sjå nokon opptre live, noko som fører til at ho gløymer dei därlege tankane ho kjenner på:

«Eg føler eg koplar av og det å få sjå nokon gjere noko live, det er helt sjukt. Det er som ein flow, det er sånn psykologisk ting. Ein er såpass aktivert at ein gløymer alt anna, men det er ikkje anstrengande, ein blir ikkje sliten.» (Luna, 23 år)

Dette kan demonstrere, som Kjus og Danielsen (2014, s. 662) skriv, at musikk kan skape sterke, motstandsdyktige minner som forbind personar med tidlegare mentale tilstandar og situasjonar dei har kjent på. Vidare blir musikk også skildra som ein ressurs for å forme kjensler, moderere stemningar, motivere og hjelpe oss med å handtere vanskar i livet (Baym, 2018, s. 40), som er ei skildring som spesielt kan bli kjend igjen hjå Luna som har angst og opplevde eit angstansfall på Kjartan Lauritzen-konserten, men som brukar musikk og konsertar for å kunne gløyme därlege tankar.

#### **4.3 Stemninga på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen**

Når informantane reiser på konsertar er det altså for å oppleve noko utanom det vanlege og for å oppleve den stemninga konsertar gir. Det inkluderer at det er ei anna oppleving enn å høre på musikk heime, den høge musikken gir ei god kjensle i kroppen, og ved at dei bevegar seg til musikken ved å hoppe, danse og synge. Vidare blir den gode stemninga på konserten styrka ved at dei reiser saman med vene og skapar felles minner, i tillegg til at dei reiser på konsertar for å kunne omtrent overlate seg sjølv til konsertomgivnaden og gløyme

andre delar ved livet. Ifrå observasjonen av Daniel Kvammen- og Kjartan Lauritzen-konserten registrerte eg at konsertane var ulike når det gjaldt korleis publikum oppførte seg og ut ifrå kva slags stemning det var. Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen er artistar som produserer musikk innanfor ulike sjangrar og gjerne har låtar som appellerer til ulike aldersgrupper, men trass i ulik stemningsnivå på konsertane forklarte alle informantane at det var ei bra og fin konsertoppleving.

På spørsmålet om kva dei syntest om stemninga på konsertane, vurderte informantane som deltok på Daniel Kvammen-konserten at det var ein roleg konsert og som blei opplevd som ein intimkonsert ettersom det var nokså få publikummarar i lokalet. Nokon informantar peika på at den typen musikksjanger Kvammen held på med kunne spele inn på tenningsnivået på konserten ved at «han har jo ikkje sånn kjempemøykje dansesongar, så det var mindre dansing». Ei liveoppleving som overgår forventningane er ofte ei god kjensle, men ein kan også bli skuffa dersom opplevelingen ikkje møter forventningane (Kjus og Danielsen, 2014, s. 662), men informantane meinte ikkje at Daniel Kvammen-konserten var dårlig. Hermine opplevde at sjølv om det var ein rolegare konsert med rolegare songar som kanskje ikkje byr opp til hopping og dansing i takt med musikken, meinte ho at «folk følgde med og klappa, så det var god stemning, berre litt rolegare». Det kan altså verke som om det var ei annan stemning på konserten enn det informantane kanskje er vane med når dei reiser på konsertar på Verftet:

«Eg tenker at stemninga var veldig fin med eit fint tenningsnivå for ein sånn type konsert, sjølv om eg absolutt har vore på konsertar på same lokalet som har tatt mykje meir av. Det er ein av dei rolegare eg har opplevd på Verftet, men det kjendest veldig dekkande og reflekterande for musikken til Daniel Kvammen og han som artist, konsertartist og formidlar.» (Ronny, 24 år)

Under observasjonen av Kjartan Lauritzen-konserten, merka eg med ein gong eg kom inn døra på Verftet at det var ei annan stemning i lokalet. Samanlikna med Daniel Kvammen-konserten der publikummet hadde ein roleg framtoning, opplevde eg at stemninga på Kjartan Lauritzen-konserten bar preg av at promillenivået til publikum var stigande. Mi oppleveling av korleis stemninga var, blir også bekrefta av Luna som kjende at det var «veldig rølpete stemning, sånn at folk kom rett frå vors». Ordet «rølpete» blir av Språkrådet og Universitetet i Bergen definert som «uvorden», «udanna», «grov» og «smaklaus» (Språkrådet og

Universitetet i Bergen, 2022), som kan bli oppfatta som relativt negative ord. Likevel har me dei siste åra sett ein aukande popularitet i festmusikk, som også blir kalla for «rølpemusikk» med artistar som Staysman, Freddy Kalas, Katastrofe og Tix i spissen. Lydprofilen til rølpemusikk blir skildra som lyden av vorspiel, russetid og afterski og er særleg ein populær musikksjanger for personar i alderen 18-35 år (Sandvik og Chavez, 2021).

Festmusikk, eller rølpemusikk, blir altså assosiert med alkohol og fyll, så å skildre stemninga på konserten til Kjartan Lauritzen som «rølpete» malar eit bilet av korleis stemninga var på konserten. Trass i «rølpete» stemning, skildra informantane konserten som at det var «ei god stemning i heile lokalet, folk var glad og naut livet», og sjølv om det kunne bli opplevd som at det var kaotiske tilstandar i publikum, kjende informantar på at «det var kaos fordi det var god stemning heile tida». Tenningsnivået på Kjartan Lauritzen-konserten blei også godt forklart av Petunia som fortalte at Kjartan «stoppa fleire gongar og sa at han ikkje ville bli Noregs Travis Scott». For kontekst er Travis Scott ein amerikansk rappar som i 2021 halde ein konsert der åtte personar døydde på grunn av ekstrem trengsel i publikum (Kaupang, 2021). Frå observasjonen kunne eg også registrere at publikum i stor grad var oppteken av å synge med, hoppe i takt med musikken og ha henda i våret, då gjerne med eit ølglas i handa som i ny og ne også blei kasta rundt blant publikum.

#### **4.4 Oppsummering kapittel 4**

Dette kapittelet hadde som formål å gi bakgrunnsinformasjon om korleis informantane brukar smarttelefonen i kvar dagen og kva slags tidlegare erfaringar nokon har hatt med live musikkopplevelingar, kvifor informantane reiser på konsertar og kva slags stemning det var på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Funna i dette kapittelet vil bli brukt i dei to neste analysekapitla som kan vere med på å gi innsikt i korleis informantane brukte smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. I sin heileheit kan det gi eit innblikk i korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert.

## 5.0 Smarttelefonen som ein del av flowen

I dei to neste kapitla skal eg presentere funn som svarar på problemstillinga mi, nemleg *korleis er smarttelefonbruken ein del av ein medieerfaring av å reise på konsert?*. Som eg nemnde innleiingsvis delte eg problemstillinga inn i to forskingsspørsmål, og i dette kapittelet skal eg svare på det første forskingsspørsmålet, nemleg «Korleis brukte informantane smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen?» Spørsmålet tar utgangspunkt i kva informantane fortalte i intervjuet om på kva slags måte dei brukte smarttelefonen for å dokumentere konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, kva informantane tok bilete og video av og korleis smarttelefonen kan vere ein del av konsertopplevelingen til deira og ein del av ein medieerfaring av å reise på konsert.

Problemstillinga spring ut ifrå frustrasjon både frå artistar og publikum over bruken av smarttelefonen på konsertar. Artistar uttrykkjer mellom anna at dei kan bli irriterte når heile første rada står med telefonen, dei opplev det som uhøfleg dersom publikum ser heile konserten gjennom telefonen og at konserten kan bli opplevd som sabotert av at publikum er oppteken med telefonen (Eriksen og Ingebrethsen, 2015). På same linje skriv irriterte konsertdeltakarar kronikkar og lesarinnlegg, og kan mellom anna melde om at telefonlyset er frykteleg irriterande (Husby, 2018) og at konsertopplevelingen blir øydelagt når nokon tar opp telefonen og filmar kvar einaste song (Bruland, 2022). Funn frå analysen viser at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida for å ta bilete og videoar av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Dette funnet knyt eg til Csikszentmihalyi sitt flow-omgrep, i tillegg til Hesmondhalgh og Turino sine skildringar av flow i samband med musikalske opplevelingar, der eg peikar på at ei årsak til at smarttelefonen ikkje blei brukt heile tida av informantane kan ha ein samanheng med at den kan forstyrre flowen informantane opplevde på konsertane. Vidare peikar eg også på at informantane sine ambivalente forhold til smarttelefonen kan spele inn på kvifor informantane ikkje var oppteken av å bruke telefonen heile tida gjennom konsertane, noko eg knyt saman med Lupinacci og Ytre-Arne mfl. sine studiar om ambivalente forhold til sosiale media og telefonen.

Likevel brukte informantane smarttelefonen for å ta nokre bilete og videoar i løpet av konsertane, noko eg vil argumentere for heng saman med at smarttelefonen er så integrert i kvardagslivet som gjer at det er naturleg for informantane å ta bilete og videoar på konsertane.

Dette kan tyde på at informantane ikkje tenkjer over at dei brukar smarttelefonen – altså er den ein del av konsertopplevelingen som kan tyde på at smarttelefonen kan vere ein del av flowen informantane opplevde på konsertane. Analysen startar med ei skildring av observasjonane mine av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen før eg går inn på funna som kan kaste lys på korleis smarttelefonen er ein del av ein medieerfaring av å reise på konsert.

### **5.1 Observasjon av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen**

Noko av nøkkelen til feltarbeidet ligg i at det er dei andre som styrer kva som skjer (Hagen og Skorpen, 2016, s. 69), og etter å observert konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kjende eg at oppførselen til publikummet stort sett sat standarden for korleis eg oppførte meg på konsertane. Publikummet på Daniel Kvammen- og Kjartan Lauritzen-konsertane oppførte seg ganske ulikt i forhold til kvarandre, noko eg vil seie gjorde at konsertane blei opplevd på ulike måtar. Til dømes på Daniel Kvammen, opplevde eg ei rolegare stemning blant publikum enn det eg har vore med på tidlegare då eg har vore på konsertar på Verftet. Det var nokså få i publikum på konserten og heile lokalet blei ikkje brukt, men samtidig opplevde eg at den rolegare oppførselen til publikum var passande for konserten. Eg observerte at publikum song med på dei låtane dei kunne og gav respons i form av latter då Daniel Kvammen prata mellom låtane (han fortal mange anekdotar frå livet sitt og hadde humoristisk timing på høgde med dei beste stand up-komikarane – etter mi mening). Informantane peika på i intervjuet at dei også opplevde konserten som «litt sånn intimkonsertoppleveling», «god stemning, berre litt sånn rolegare» og «det er ein av dei rolegare eg har opplevd på Verftet».

Kontrasten verkar stor når eg samanliknar med Kjartan Lauritzen-konserten då eg allereie ved inngangsdøra kunne kjenne på lukta og atmosfæren i rommet at promillenivået blant publikum var mange hakk høgare enn på Daniel Kvammen. I motsetning til Daniel Kvammen-konserten blei heile lokalet brukt på Kjartan Lauritzen og det var nærmast fullt opp av personar i publikum. Vidare merka eg at det var eit høgare lydnivå på publikum og det var fleire samla rundt baren før konserten starta. Opplevinga mi om at promillenivået på konserten var generelt høgt stemmer overeins med informantane sine opplevingar, til dømes ved Luna som fortalte i intervjuet at «folk var utruleg fulle» og «eg var på do før konserten og då var det ein do som var spydd ned». Andre informantar peika på at det var kaotiske tilstandar, men det var kaotisk ettersom det var god stemning. Det var trongare rundt meg enn

på Daniel Kvammen-konserten, men eg fekk med meg kva som føregjekk framføre meg. Mellom anna observerte eg at publikum hoppa i takt med rytmen på låtar som blei framført og song med på låtar dei kunne, samtidig som det stundom flydde plastglas med øl rundt om i publikumsmengda.

Eg kasta ikkje ølglas, men på låtar som «Nyte D» og «Fredag» måtte eg la smarttelefonen eg skreiv notat på bli liggjande i lomma ettersom det vart endå trongare rundt meg, noko eg tok som eit teikn på at eg burde bli med på hoppinga i takt med musikken – og synginga for den saks skuld. Som Hagen og Skorpen (2016, s. 71) peikar på, handlar deltaking om å vere menneske blant menneske. Trass i ulike opplevingar av konsertstemningane, sat eg igjen med ei kjensle etter observasjonen av Kjartan Lauritzen-konserten der eg ikkje opplevde store skilnadar i samband med den generelle bruken av smarttelefonen mellom publikum på dei ulike konsertane. Dermed vil eg i neste avsnitt gå inn på dette poenget og skildre det eg observerte av smarttelefonbruk på dei to konsertane.

#### *5.1.1 Skildring av observasjonar av smarttelefonbruken på konsertane*

Hagen og Skorpen (2016, s. 68) nemner at prosessen med involvering og avstand, deltaking og observasjon er prega av intens refleksjon og mentalt nærvær som ofte skjer i landskap der ein er ukjend med kodane og det er få ting ein tar for gitt. Likevel er eg kjend med landskapet eg observerte ettersom eg er ein ihuga fan av å reise på konsertar, men eg tar bruken av smarttelefonen på konsertar for gitt. Som mange andre, er også smarttelefonen integrert i livet mitt til det punktet at eg ikkje tenkjer over bruken, og heller ikkje andre sin bruk. Dermed var eg medviten då eg observerte at eg skulle sjå om det var noko spesielt som skjedde på konsertane som gjorde at publikum tok fram smarttelefonen for å dokumentere. Det at publikumsmengda på dei to konsertane var nokså ulike, gjorde at det var enklare å sjå generell smarttelefonbruk på Kjartan Lauritzen i forhold til på Daniel Kvammen. Likevel merka eg då eg reflekterte over observasjonane i etterkant at publikum stort sett tok fram telefonen på dei same måtane.

For det første observerte eg at publikum tok fram smarttelefonen då konsertane starta. På Daniel Kvammen kom fleire telefonar fram då lyskastarane lyste opp artisten i det han entra scena, medan på Kjartan Lauritzen kan eg best skildre det som eit hav at telefonar i lufta då introen til låta «Million» starta å spele over høgtalarane, som framleis var framme eit par sekund etter at Kjartan Lauritzen med side-kicken, Primadonna, entra scena. For det andre

observerte eg at publikum tok fram smarttelefonen då artistane framførte dei mest populære låtane sine. Til dømes framførte Daniel Kvammen «Du fortinar ein som meg», som han for øvrig hadde endra litt melodisk på for konserten, men som framleis var ein låt nokon i publikum ville filme med telefonen sin. Undervegs då Kvammen framførte nemnde låt, hoppa han på eit tidspunkt ut i publikum og blei dermed ein del av oss. Det blei danna ein slags ring rundt Kvammen og eg observerte at fleire tok fram smarttelefonen då denne hendinga skjedde. På Kjartan Lauritzen observerte eg at publikum tok fram telefonen då han framførte låtane «Havanna» og ikkje minst «Fredag». På sistnemnde låt observerte eg at fleire i publikum hadde telefonen framme samtidig som dei hoppa i takt med låta og song med på teksten.

I tillegg observerte eg at det var enkelte låtar som hadde eit raskare tempo i melodien, komplementert med eit lysshow, som gjorde at publikum tok fram telefonen. På Daniel Kvammen var det ein periode der han framførte fleire låtar med eit roleg tempo før han annonserte at han skulle spele ein låt som skulle ta opp festen igjen, nemleg låta «kamikaze». Låta har eit raskare tempo i melodien, og etter perioden med rolege låtar med eit enkelt lys som lyste opp Kvammen, blei lyskastarane meir «ville» og lyste opp heile scena. I likskap då Kjartan Lauritzen framførte «Ta på meg», observerte eg fleire telefonar i vêret. Under denne låta lyste lyskastarane grønt i tillegg til at lysstrålar peika ut mot publikum som kunne minne om laserstrålar. Sjølv om eg observerte på eit generelt grunnlag, såg eg enkelte i publikummet som tok fram telefonen på vilkårlege tidspunkt, enten for å ta biletet saman med gjengen dei var på konsert med eller for å sjekke noko på telefonen. Når det gjeld konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen er likevel inntrykket frå observasjonane at publikum brukte smarttelefonen særleg då konsertane starta, då artistane framførte populære låtar eller låtar med eit raskare tempo og då det skjedde noko spesielt under konserten.

Samtalen med informantane i etterkant av konsertane omhandla i hovudsak kva me syntest om konsertopplevinga. Informantane på Daniel Kvammen var einige om at det var ein god konsert og at dei koste seg. Informantane eg fekk prate med etter Kjartan Lauritzen-konserten opplevde også ein god konsert med «god stemning». Informantane på Daniel Kvammen fortalte også i korte trekk at dei brukte telefonen for å ta biletet der to fortalte dei delte biletet i Story på Instagram, eine på sin private profil medan den andre delte innlegg på Instagram i jobbsamanheng. Informantane på Kjartan Lauritzen-konserten reflekterte heller over den

generelle telefonbruken mellom publikum og observerte mykje av det same som meg, nemleg at smarttelefonen kom fram «helst på dei mest populære songane».

### *5.1.2 Observasjon av sosiale media etter konsertane*

Dagen etter konsertane var eg på sosiale media for å sjekke kva som hadde blitt lagt ut av bilete og videoar frå konsertane. Eg sjekka Facebook, Instagram og TikTok, men etter å ha saumfara sosiale media for bilete og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, fann eg berre nokre få på Instagram. Instagram har ein funksjon der ein kan søke på stadar for å kunne sjå bilete og videoar som har blitt tagga med stadnamn, noko som gjer at bileta og videoane blir tilgjengeleg for alle som søker på stadnamnet, så lenge brukaren har open profil. For å få opp bilete og videoar som hadde blitt lagt ut av personar som hadde deltatt på Daniel Kvammen- og Kjartan Lauritzen-konsertane, sökte eg på «USF Verftet» og trykka på «nyeste», som er ein funksjon som gjer at me får opp bilete og videoar som for kort sidan har blitt publisert. Frå begge konsertane var det få bilete og videoar som hadde blitt publisert.

I dei neste delkapitla vil eg presentere funna frå analysen som kan vise at informantane ikkje var opptekne med å bruke smarttelefonen heile tida under konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, då den kunne forstyrre flowen. Samtidig kan naturaliseringa av smarttelefonen i kvar dagslivet til informantane gjere det mogleg å indikere at smarttelefonen kan vere ein del av flowen då tilvenninga av teknologien fører til at den blir ein naturleg del av livet og noko som kan tyde at informantane ikkje tenkte over bruken av den.

## **5.2 Ikkje opptekne av å bruke smarttelefonen**

Mykje av irritasjonen i kronikkane eg har presentert i oppgåva handlar om at publikum er på telefonen heile tida gjennom konsertar, men når det gjeld konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen argumenterer eg for at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane. Dette kan bli forklart ved at smarttelefonen kunne forstyrre flowen informantane opplevde på konsertane, i tillegg kan ambivalente erfaringar informantane har med smarttelefonbruken i kvar dagen spele ei rolle. Likevel tok informantane nokre bilete og videoar som eg indikerer kan ha ein samanheng med integreringa og naturaliseringa av smarttelefonen i kvar dagslivet til informantane, noko som

kan gjere smarttelefonen til ein naturleg del av konsertopplevelingen og ein del av flowen informantane opplevde på konsertane.

### *5.2.1 Vil oppleve ein tilstand av flow*

For å forstå kvifor informantane ikkje brukte smarttelefonen heile tida for ta biletar og videoar av konsertane, vil eg først skildre kvifor informantane reiser på konsertar. Eg nemnde i kapittel 4 at informantane reiser på konsertar i hovudsak for opplevelingen si skuld, i tillegg til at det er ein stad der dei kan kople av og vere fokusert på det som skjer der og då. Vidare handlar det også om å kjenne den høge musikken på kroppen og at det er ei oppleveling som er kjekkast når ein opplev det saman med andre. Kjenslene som informantane opplev når dei reiser på konsert kan bli forstått som at dei opplev ein tilstand av *flow* som dei vanlegvis ikkje opplev til vanleg i kvardagen. Til dømes peika Ronny på at han kan reise på konsertar utan å bruke smarttelefonen fordi han blir så «fortrylla at det ikkje er behov» og vil berre vere der og oppleve musikken. Informanten Luna peika på at når ho reiser på konsert opplev ho ein flow som gjer at ho er såpass aktivert at ho gløymer alt anna, men det er ikkje ein tilstand som gjer ho sliten:

«Det er ei slags kjensle av eufori, eg føler at eg kan ikkje få nok. Det er jo hovudgrunnen til at eg blir glad av det, eg syns det er spanande, eg synes det er gøy.»  
(Luna, 23 år)

Hedvig nemnde også flow-liknande faktorar som speler inn på kvifor ho stadig reiser på konsertar:

«Eg synes musikk er veldig fint og kjekt, og det er veldig engasjerande. Eg synes det er kjekt å vere på konsert fordi når du er med på det så er du berre der. Tankane dine er ikkje andre plassar. Du er berre fokusert på det som skjer akkurat der og då.»  
(Hedvig, 25 år)

I likskap fortalte Hermine om verdien av å oppleve live musikk på kroppen og stemninga den bringar fram:

«Det er alltid gøy å reise på konsert kor det blir ei stemning og høg musikk. Eg kjenner det ekstra inni hjarterota.» (Hermine, 26 år)

Utsegna frå informantane kan tyde på at flow er ei medieerfaring av å reise på konsert ettersom måten informantane skildrar kvifor dei reiser på konsertar, først og fremst handlar om korleis dei opplev det frå sitt perspektiv. I samband med dette legg informantane vekt på kroppslege erfaringar av musikk som er gode og behagelege, noko dei hugsar att og som gjer at dei vil returnere til denne kjensla fleire gonger. I kapittel 4 peika eg på at ein god konsert ofte har ei god stemning, men å definere kva det vil seie at ein konsert har ei god stemning er ikkje ei enkel sak. Ein måte å forstå at ein konsert har ei god stemning kan vere flowen informantane opplev når dei reiser på konsert. På Daniel Kvammen peika Ronny på at stemninga «kjendest veldig dekkande og veldig reflekterande for musikken til Daniel Kvammen» og andre informantar la vekt på at låtane til Daniel Kvammen ikkje alltid legg til rette for hopping og dansing i takt med musikken, men at publikum «følgde med då dei gjerne stod å gynga litt og song med på dei songane dei kunne».

På ei anna side blei stemninga på Kjartan Lauritzen-konserten skildra som ein feststemning som kunne bli opplevd som kaotisk, men at det «var kaos fordi det var god stemning heile tida». Informantane sine opplevingar av stemninga på konsertane samsvarar også med observasjonane mine. Tidlegare skildra eg opplevinga av stemningane på konsertane der eg nemnde at trass i at eg opplevde to ulike stemningar, verka det som om publikum på begge konsertane var «med» og fokusert på det som skjedde og bidrog til at stemningane blei opplevd som god. På Daniel Kvammen-konserten observerte eg at publikum song med på låtar og gav respons i form av latter på artisten sine mange anekdotar, og på Kjartan Lauritzen-konserten hoppa publikum i takt med rytmien på låtane som blei spelt, song med på låtar og kasta ølglas rundt om seg.

Basert på observasjonane kjendest det ut som at publikum som var til stades på begge konsertane var i ein tilstand av flow. Sjølv om publikum generelt tok fram smarttelefonen då konserten starta, då det kom ein populær låt, då det kom ein låt med raskt tempo eller då det skjedde noko spesielt på scena, fekk eg inntrykket av at publikum var i ein flow – dei hadde fokus på det som skjedde på scena, song med på låtar dei kunne og gav respons til artistane. Sjølv eg lét meg riva med då «Nyte D» runga over høgtalarane og då Daniel Kvammen song ein coverversjon av «Den finaste eg veit». At fleire informantar skildra stemninga på konsertane som god, kan også gi ein indikasjon på at dei opplevde ein tilstand av flow. Stemningane som informantane skildra kan bli forstått som noko ein blir glad av og noko som er kjekt å oppleve, og ettersom ein tilstand som flow er ei god og behageleg oppleving har me

ein tendens til å kome tilbake til dei aktivitetane som produserer denne tilstanden (Turino, 2008, s. 31).

Stemninga informantane opplevde på konsertane kan tyde på ein tilstand av flow som mellom anna viser til ein konsentrasjon som er så intens at ein ikkje tenkjer over irrelevante saker eller bekymrar seg over problem, og ein er så oppteken av den aktuelle aktiviteten at alle forstyrringar forsvinn og ein er fullstendig til stades i noet (Csikszentmihalyi, 1990, s. 71). Den gode stemninga på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kan vere eit resultat av at kollektivet var «in the groove» med kvarandre som kan bli kopla til ein tilstand av flow (Turino, 2008, s. 31), men samtidig kan desse stemningane vere kroppslege erfaringar som blir opplevd personleg, slik som Luna nemna at det er ei kjensle ho ikkje kan få nok av og som gjer at ho gløymer alt anna, eller Hermine som kjenner den høge musikken i hjarterota, Hedvig som er fokusert på det som skjer der og då og Ronny som kan bli heilt fortrylla.

På eit personleg nivå kan det tyde på at informantane lev i si eiga verd når stemninga på konsertane var god, og ettersom erfaringar først og fremst blir samla opp gjennom sansane våre, kan det i dette tilfellet tyde på at flow er ein del av medieerfaringa til informantane av å reise på konsert. I tillegg til at erfaringar er noko me samlar kognitivt, noko me lærer av og som resulterer i ferdigheter, kunnskapar og verdiar (Gentikow, 2005a, s. 2), kan flow som medieerfaring i konsertsamanheng vere ein indikasjon på kvifor informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Det er fordi erfaringane dei har med smarttelefonen i kvardagen kan tyde på at dei veit at den kan forstyrre merksemda deira – noko eg kjem tilbake til seinare i delkapittelet.

Den gode stemninga informantane skildra på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kan bli forstått som å ha ein innverknad på korleis dei opplevde konsertane og kva slags kjensler dei hadde på konsertane – noko som kan indikere at flow-tilstanden kan vere ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. I tillegg kan informantane sine kroppslege erfaringar i samband med å reise på konsertar bli kopla til musikalsk affekt. Det inkluderer å ta omsyn til korleis me kan verdsetje musikken sitt bidrag til dei affektive dimensjonane i livet til menneska, altså til deira humør og kjensler (Hesmondhalgh, 2013, s. 14). For informantane kan det verke som at det har ein verdi å reise på konsert og oppleve livemusikk fordi det er ein stad der dei kan få ein pause frå kvardagen og oppleve ein tilstand av flow,

noko som kan vere med å peike på at informantane ikkje var opptekne av å bruke telefonen heile tida for å ta bilete og videoar av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Samtidig som at det å reise på konsert er ei personleg oppleving for informantane der musikken kan generere ei individuell kjensle av flow, er det også ei sosial oppleving me deler med andre som kan vere med på å bidra til opplevinga av flow. Dermed vil eg vidare skildre den sosiale kjensla informantane kjenner på når dei reiser på konsertar.

### *5.2.2 Den sosiale opplevinga kan styrke flowen*

Frå kapittel 4 såg me at ei god stemning på konsertar kan vere bestemt rundt at dei reiser saman med vener som dei kan ha felles minner med. Denne sosiale kjensla ved å reise på konsert er, som Hesmondhalgh (2013, s. 87) argumenterer for, ei verdifull og viktig oppleving av kollektivitet og fellesskap gjennom musikk fordi det involverer deltaking og ei delt oppleving av ein konsert. I tillegg er det ein aktivitet som kan generere ei flow-oppleving som er behageleg og gjer at folk vender tilbake til det fordi ein kan få ei kjensle av å vere «in the groove» med aktiviteten og andre som er involvert (Turino, 2008, s. 31). Samtidig er konsertar grunnlagt rundt at det er eit sosialt arrangement mellom publikum og artisten, og mellom sjølve publikummet, som kan føre til delte minner med andre (Kjus og Danielsen, 2014, s. 662), og frå intervjuet med informantane kom det tydeleg fram at det har ein stor verdi å reise på konsert saman med andre. For nokre informantar er det nok at dei deler konsertopplevinga med ein liten venegjeng, medan andre legg vekt på at konserten er kjekkare dersom ein reiser med ein stor gjeng. Viktigheita med å reise på konsert saman med andre kom tydeleg fram i intervjuet med Hedvig og Lavendel:

«Det er noko kjekt å gjere i lag, det er noko anna enn det ein vanlegvis gjer og ein skaper minner. Ein kan tenke tilbake på åh så gøy det var på den konserten. Me veit aldri korleis det blir og plutselig blir det veldig gøy. Eg har aldri vore på ein konsert åleine, så det er mest for å gjere det med nokon. Det er sosialt og ei oppleving som er kjekk å ha med andre.» (Hedvig, 25 år)

I likskap med Hedvig ligg verdien i ei konsertoppleving for Lavendel at «det berre er eit eller anna med stemninga der alle syng, hoppar og dansar». Denne opplevinga nemnde også Luna som verdset den delte opplevinga med andre av å reise på konsert:

«Eg følar det er ein bonding. Eg synes det er kjekkare å vere på konsert med andre fordi ein høyrer musikken, ein syng med og opplev det saman. Eg synes det er veldig digg hengings fordi viss ein er på fest må ein snakke heile tida, men ein skal berre stå der og høyre på.» (Luna, 23 år)

Den sosiale opplevinga kom ofte fram då informantane fortalte om kvifor dei reiser på konsertar. Utsegna til informantane kan illustrere at ei konsertoppleveling har ein verdi både fordi dei deltek i ei felles oppleving saman med andre deltakarar på konserten, samtidig som det er ei sosial oppleving saman med vener. Denne oppfatninga kan bli sett i samanheng med det Turino (2008, s. 29) kallar for *participatory performance* som vektlegg deltakinga av alle som er til stades på ei liveoppleveling og der det ikkje er eit skilje mellom artisten og publikummet, og det Hesmondhalgh (2013, s. 102) peikar på i forhold til kjensla av sosialt samvær og fellesskap musikk kan generere som kan bli oppfatta som ei hyggeleg, behageleg, rørande og gledeleg kjensle. Desse sosiale aspekta ved å reise på konsert kan også bli kopla til at flow er ei medieerfaring ettersom erfaringar er noko me samlar individuelt, men også kollektivt fordi eit kvart samfunn innehavar ei «levd» erfaring i form av kunnskap som står til rådighet for alle medlemmene av eit kulturelt fellesskap (Gentikow, 2005b, s. 11). Tidlegare peika eg på at informantane reiser på konsert for å oppleve ein tilstand av flow på eit personleg nivå, noko som kan ha å gjøre med at konsertar har ei god stemning. Likevel kan ei god stemning på konsertar oppstå gjennom eit kollektivt arbeid der fleirtalet av dei som deltek på konsertane bidreg til at stemninga blir god.

Med tanke på at det ikkje er noko skilje mellom artist og publikum i participatory performance, handlar om at alle som er til stades på arrangementet kan, og burde, delta i lyden og rørsla i arrangementet. Slike arrangement blir sett på som interaktive sosiale hendingar fordi dei som deltek veit på førehand at musikk og dansing vil vere sentrale aktivitetar der det blir forventa at dei blir med dersom dei deltek (Turino, 2008, s. 29). Her kan det vere verdt å nemne at Turino (2008, s. 31) brukar participatory performance basert på etnografisk feltarbeid i Peru, USA og Zimbabwe, og koplar omgrepene mellom anna med Shona-seremoniar der dei som deltek må tilpasse seg kvarandre i form av danserørsler og klapping til melodien som stadig blir endra av deltakarar som improviserer. Utfordringane i participatory performance må vere i riktig balanse slik at alle som er involvert kan delta og vere «in the groove» med aktiviteten og andre som er involvert, noko Turino (ibid., s. 43) skriv kan føre til auka potensiale for flow.

Slik Turino skildrar participatory performance i Shona-seremoniar er ikkje heilt likt som å delta på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. For det første var det eit skilje mellom artist og publikum ettersom Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen står på scena og framfører, medan publikum er plassert bak gjerder og følgjer med på det som skjer på scena. Gjennom observasjonane mine fekk eg likevel inntrykk av at publikum var «med» på konsertane, altså at dei song med på låtar dei kunne, hoppa i takt med musikken, hadde det kjekt og var altså «in the groove» med artisten. Vidare observerte eg at publikum responderte på det artistane sa undervegs på konsertane, og med dei andre publikummarane – eller som Hedvig kommenterte: «Folk var glad. Naut livet». Dette vil eg argumentere for kan tyde på at det var ein felles flow på konsertane, noko Ronny og Hedvig peika på og gav noko av honnøren til artistane som framførte:

«Det er snakk om dette med interaksjon med publikum, ikkje berre i forhold til korleis han kommuniserer med publikum eller på songane, men også til korleis han blir personen som dirigerer orkesteret på enkelte songar og fortel oss kva me skal gjere, korleis me skal henga med og vere med på songane hans.» (Ronny, 24 år – om Daniel Kvammen)

I tillegg til å nemne at Kjartan Lauritzen var med på å skape ei god sosial oppleveling med alle som var til stades på konserten, samanlikna Hedvig med ein annan konsert ho hadde vore på som ikkje genererte den same graden av flow:

«Eg synes han var veldig engasjerande, snakka masse med publikum og var veldig flink til å få publikum til å føle at dei var spesielle for at dei var der, og at det dei var med på var noko stort. Han var veldig flink til å vise at han hadde det gøy som er veldig engasjerande for folk, i alle fall når det er den stemninga som det er. Det tenkte eg på i etterkant at eg har vore på konsertar der artisten så vidt ense publikum og det er ganske kjedeleg fordi du skjønar ikkje kvifor du er der.» (Hedvig, 25 år)

Refleksjonane til både Ronny og Hedvig kan tyde på at det var ein felles flow på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen som kan bli forstått ut ifrå det Turino (2008, s. 31) skriv om riktig balanse av utfordringar i *participatory performance*. Det handlar om at den riktige balansen aukar konsentrasjonen og ei kjensle av å «*being in the groove*», altså at ein er i eitt med aktiviteten og dei andre som er involvert i same aktivitet. Mykje av grunnen til at

informantane vel å reise på konsertar er for å oppleve den gode stemninga som er eit resultat av dei til stades deltek på det som skjer og skapar ei stemning. Det er altså eit kollektivt arbeid musikk kan generere gjennom sosialt samvær og fellesskap og det kan skape gode og behagelege kjensler (Hesmondhalgh, 2014, s. 102), og ettersom flow-opplevingar er behagelege, vendar folk tilbake til aktivitetane (Turino, 2008, s. 31). Som eg så langt har argumentert for, kan det tyde på at informantane reiser på konsertar for å oppleve ein tilstand av flow og dette er noko som kan bli opplevd både individuelt på kroppen, men også gjennom at konsertopplevelingen er delt med andre. Medieerfaringar er noko som først og fremst går gjennom sansane våre ved at me ser, lyttar og fysisk tar på dei, men ulike opplevingar av media kan føre til ulike erfaringar (Gentikow, 2005, s. 13). Til dømes er det perceptuelt ulike erfaringar å oppleve musikk live i forhold til å høre musikk på telefonen eller radio i heimen, noko Gulla nemnar då ho fortel kvifor ho reiser på konsertar:

«Det er den liveoppelinga. Det blir ei heilt anna stemning enn når du hører det på for eksempel Spotify.» (Gulla, 24 år)

Dømet kan tyde på at ei live musikkoppleveling appellerer til stemningane konsertar kan generere. Det kan også inkludere det eg har peika på tidlegare om kroppslege erfaringar, eller som eg indikerer her, altså fellesskapet med andre i publikum og ei sosial oppleveling med vene – noko som kan skape ein tilstand av flow. Det handlar ikkje berre om det som skjer på konsertane, men også kjenslene som kan oppstå i samband med å reise på ei live musikkoppleveling. Csikszentmihalyi (1990, s. 110) nemnar at flow mest sannsynleg vil oppstå på konsertar i motsetning til å høre på innspelt musikk fordi vilkåra for å høre livemusikk hjelper oss med å fokusere merksemda til musikken. I tillegg kan kjensla av å vere i riktig balanse i participatory performane føre til ei behageleg flow-oppeling (Turino, 2008, s. 31), som sjeldan kan bli opplevd elles i kvardagen. Det gjer at folk søker tilbake til aktiviteten som genererer slike kjensler.

Kjensler av flow kan oppstå gjennom mellom anna musikk si sterke fellesrolle til å oppmuntre folk til å bevege seg til dei same lydane samtidig og synge saman (Hesmondhalgh, 2013, s. 105), noko eg observerte skapte eit fellesskap då publikum (og eg) song med då Daniel Kvammen framførte ein cover-versjon av «Den finaste eg veit» og då Kjartan Lauritzen framførte «Fredag». Erfaringane av stemningane informantane opplev individuelt og kollektivt på konsertar generelt, og på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen,

kan dermed gi ein indikasjon på kvifor informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida undervegs på konsertane. Vidare kan dette bli knytt til erfaringane informantane har med smarttelefonen i kvarldagen. Informantane fortalte om ambivalente erfaringar med smarttelefonen, noko som kan tyde på at dei er medvitne på at smarttelefonen kan forstyrre flowen dei har på konsertar dersom dei blir opptekne av å ta biletar og videoar og dermed spele inn på kvifor dei ikkje var opptekne av å bruke den heile tida, noko eg vil gjere greie for vidare.

### *5.2.3 Smarttelefonen kan forstyrre flowen*

På bakgrunn av at informantane ikkje brukte smarttelefonen heile tida under konsertane, argumenterer eg for at det har med at den potensielt kunne forstyrre den individuelle og sosiale flowen informantane opplevde på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Fram til no har eg argumentert for at viktige faktorar for informantane når dei reiser på konsertar inkluderer at det er ein stad der dei kan fokusere på det som skjer der og då, gløyme alt anna og oppleve å vere i ein tilstand av flow. Ein tilstand av flow som ein kan få på konsertar er behageleg, noko det verkar som at informantane vender tilbake til gong på gong ettersom det er ei god kjensle. I tillegg argumenterer eg for at den kollektive deltakinga på konsert og den sosiale kjensla informantane kjenner på når dei reiser på konsert med vene, spelar inn på at dei kjenner på ein tilstand av flow på konsertar. Dette kan også vere med på å styrke argumentet om at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen på konsertane då den kunne forstyrre flowen.

Eit funn som kastar lys på at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida under konsertane er at nokon fortalte om prinsipp dei har om bruk av telefonen når dei reiser på konsertar. Til dømes fortalte Luna om at ho har eit prinsipp om å ikkje vere så mykje på telefonen på konsertar ettersom ho tidlegare var stor fan av rap-duoen Karpe og filma mykje på konsertane deira fordi ho ynskja å hugse konserten. Denne tidlegare erfaringa med smarttelefonen til Luna i ein konsertsamanheng har gjort at ho har innsett at den kan forstyrre flowen ho opplev på konsertar og som har ført til eit prinsipp om ikkje å vere så mykje på telefonen:

«Etter kvart var eg sånn, eg vil heller nyte for det blir litt stress. Plutseleg blir du litt oppteken av det, du nyt det ikkje heilt og er ein heilt annan stad. Eg har vore ganske nøye på ikkje å bruke mobilen på konsert.» (Luna, 23 år)

I likskap med Luna er Hedvig også medviten på ikkje å vere så mykje på smarttelefonen på konsertar. Ho forklarte at det kan bli kjend som kleint å ta fram telefonen og at ho «får litt vondt i sjela» når ho tek fram telefonen. Hedvig forklarte på same måte som Luna at ho tok bilet og videoar med telefonen mykje meir før, særleg i hennar periode som stor fan av den kanadiske artisten Justin Bieber. Etter kvart som ho blei eldre har det ein større verdi for ho å vere til stades i augeblikket. Eit døme på at ein ikkje vil la telefonen forstyrre konserten er frå då Luna filma ein del av låta «Ta på meg» på Kjartan Lauritzen-konserten som ho skulle sende til broren, både fordi han likte låta godt og fordi dei hadde ein intern familiehistorie om den låta. Luna filma med kamerafunksjonen på telefonen fordi ho «gidd ikkje å styre med å sende medan eg er der».

Sjølv om Luna brukte telefonen for å filme ein del av konserten, som kan bli forstått som at ho forstyrra flowen på konserten, var ho medviten på å bruke kamerafunksjonen på smarttelefonen fordi det verkar som at det er ein funksjon som kan krevje minst merksemd frå ho. Det å sende bilet og videoar som blir tatt med smarttelefonen kan bli sett på som noko som forstyrrar fokuset, og dermed flowen på konserten, og då kan det verke som at Luna ikkje brukte tid på det då ho var på Kjartan Lauritzen. Hermine brukte også kamerafunksjonen for å ta nokre bilet under konserten til Daniel Kvammen, men då for å ha bilet av kjekke ting ho gjer og ikkje for å sende til nokon. Denne medvita både Luna og Hermine har om ikkje å bruke sosiale media under konsertar kan bli sett i samanheng med det Ludmila Lupinacci (2021, s. 277) skriv om at sosiale media ikkje har som formål å forstyrre berre i eit augeblikk, men å få brukarane sine hekta på plattforma over lengre periodar. Dette kan tyde på at informantane som ikkje brukte sosiale media for å dokumentere konserten er klar over at sosiale media kan ta merksemda deira og dermed kan forstyrre flowen på konserten, noko som kan forklare at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane.

Erfaringane informantane har med ambivalente forhold til smarttelefonen i kvardagen, kan også spele inn på at dei ikkje var opptekne med å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane. På spørsmålet om kva informantane brukar smarttelefonen til i kvardagen, nemnde alle informantane ordet «scrolling» på eit eller anna tidspunkt, men måten dei snakka om det verka det som om det var noko som var heilt naturleg å gjere for dei. Mellom anna fortalte Hermine at «eg scollar ein del på TikTok kvar dag, som regel før eg legg meg», og Luna nemna at ho alltid er på telefonen og brukar det som tidsfordriv ved at «det er å sjekke

Instagram, sjekke Snapchat, sjekke Facebook, sjekke mail, sjekke her og der». Fleire fortal også at dei scrolla ofte på smarttelefonen medan dei gjorde noko anna, til dømes medan dei ser på TV, når dei er i forelesing eller når dei reiser med kollektiv transport. Dette kan tyde på ein integrering av smarttelefonen i kvardagsliva til informantane ved at dei brukar telefonen mellom aktivitetar og ofte som ein sekundæraktivitet (Thorhauge og Lomborg, 2016, s. 79-84), men samtidig representerer smarttelefonen ein primæraktivitet der den har fleire bruksområde retta mot ein spesifikk aktivitet, som til dømes å kjøpe billett til kollektiv transport, Vippse pengar ein skuldar til andre og som eit medium for å høre på musikk og podcast. Likevel peika eg på i kapittel 4 at fleire informantar var medvitne på at smarttelefonen er så naturalisert i livet deira at dei ikkje tenkjer over at dei brukar den, men også at dei meiner dei kanskje brukar den *for mykje*. Petunia og Luna er dei einaste som har gjort tiltak for å minske bruken av smarttelefonen ved å skru av varslar eller slette appar som dei brukar mykje tid på:

«Eg skrudde av varslar på Snapchat så eg ikkje får det opp på telefonen for at eg ikkje skal sjå det heile tida. Eg pleier å slette TikTok fordi eg føler det blir litt for mykje. Det går så mange timer.» (Petunia, 20 år)

Luna kalla det for «kognitiv dissonans» og at «det alltid er ein krig» då ho ofte er på telefonen samtidig som ho meiner ho er for mykje på den, men som me såg i kapittel 4 sletta ho appen BeReal fordi det gjekk ut over andre aktivitetar som krev merksemda. Saman med Gulla sine erfaringar med smarttelefonen som ofte fører til «hovudlaus scrolling på sosiale media» og Hedvig som «berre sit og scroller utan at eg tenkjer meg om», kan utsegna til informantane tyde på eit ambivalent forhold til smarttelefonen generelt i kvardagen, noko eg vil argumentere for har ein samanheng med korleis dei brukte smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

I tillegg kan det styrke argumentet om at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane ettersom erfaringane informantane har med smarttelefonen gjer at dei er medvitne på at den kan stele tid og merksemda deira, og dermed forstyrre flowen på konsertane. For informantane var sosiale media som Instagram og Snapchat viktige for å kommunisere med andre, men som me ser frå utsegna ovanfor kan det tyde på at informantane er i ein *conflicting flow* (Ytre-Arne mfl., 2020, s. 1717) og *conflicting responsibilities* (ibid., s. 1725), fordi dei er medvitne på at smarttelefonen kan stele tid som

kan gå ut over andre aktivitetar. Til dømes med Luna som sletta BeReal ettersom det gjekk ut over eksamenslesinga og Petunia som skrudde av varslar på Snapchat og sletta TikTok då «det går så mange timer». Tilvenninga av media fører til at dei blir naturalisert og ved å skape ei kjensle av nærvær og å vere konstant tilgjengeleg, kan det verke som ein naturleg del av livet (Gentikow, 2005a, s. 5), men samtidig kan det verke som at fleire informantar har erfaringar ved at den til tider kan verke for nær. Det kan resultere i at dei innfører tiltak for å minske bruken av den – til dømes ved å ha prinsipp om ikkje å vere oppteken med å bruke den heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

Sjølv om informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen kontinuerleg på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, fortalte alle informantane at dei brukte smarttelefonen på eit eller anna tidspunkt for å ta bilete eller filme ein video på konsertane. Dermed vil eg i neste delkapittel argumentere for at informantane sin bruk av smarttelefonen både kan bli forstått som at den forstyrra flowen deira på konserten, men at det også kan tyde på at smarttelefonen var ein del av flowen på grunn av den sin naturlege plass i liva til informantane.

### **5.3 Smarttelefonen kan vere ein del av flowen og ei medieerfaring**

Trass i at det verka som at informantane ikkje var opptekne med å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen ettersom det kunne forstyrre flowen dei opplevde på konsertane, viser funn frå analysen at det var situasjonar på konsertane som på den eine sida kan bli sett på som at smarttelefonen forstyrra flowen på konserten, men på den andre sida kan det også tyde på at smarttelefonen var ein del av flowen og ei medieerfaring. I kapittel 4 peika eg på at når informantane reiser på konsert er det for å oppleve noko utanom det vanlege i kvardagen. På spørsmål om kva dei tok bilete og videoar av frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, handla det for informantane å prøve å fange essensen av å vere på konsert, som kan vere ein indikasjon på at dei ville ta bilete og videoar som viste at dei opplevde noko utanom det vanlege. Me forventar me skal få oppleve noko ekstraordinært når me reiser på eit live musikkarrangement (Kjus og Danielsen, 2014, s. 676), og då det gjaldt konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kan det verke som at fleire informantar meinte dei opplevde noko ekstraordinært, eller i det minste noko utanom det vanlege. For fleire informantar verka det som om dette var noko dei prøvde å fange i biletta eller videoane sine. Frå observasjonane observerte eg at publikum generelt hadde telefonen framme på spesifikke tidspunkt, altså då konserten starta, då artistane

framførte populære låtar, eller låtar som hadde eit raskt tempo i melodien og då det skjedde noko spesielt på scena. På bakgrunn av observasjonane og utsegna frå informantane, vil eg påstå at smarttelefonbruken til fleire av informantane var målretta – dei var medvitne på kva dei ville ta bilete og videoar av på konsertane.

Hermine, Gulla og Ronny tok bilete og videoar i løpet av konserten og la vekt på å få med aspekt som viste at dei var på konsert og opplevde noko som skil seg frå kvardagen. Hermine forklarte at ho synest det er «hyggeleg å ha bilete av ting ein gjer» og at biletet frå konsertar blir ekstra fine fordi «det er mykje lys og greier som gjer det kult». Gulla delte Hermine sine tankar om bileta og videoane sine frå Daniel Kvammen-konserten der ho forklarte at ho brukte smarttelefonen for å ta eit biletet av at ho var på konsert, og at lyset frå scenen var sentralt å få med seg i biletet då «det skil seg ut frå kvardagen og det er veldig tydeleg at du er på konsert». I likskap med Hermine og Gulla, tok Ronny bilete og videoar for å vise at han var på konsert der han forklarte at han ville dyrke litt «sunn narsissisme» ved å vise at han kosa seg på konsert. Det var også viktig for Ronny å få med lyset i bileta og videoane ettersom det var med på å illustrere konseptet «konsert»:

«Eg filma parti der artisten var synleg og der eg fekk med publikum. Då illustrerer eg konseptet konsert, altså med artist og publikum. I tillegg med eit godt lysshow og ein god vinkel med gode rammer, kan det bli eit veldig fint biletet som er freistande for auga.» (Ronny, 24 år)

Det var også ein tendens mellom informantane som deltok på konserten til Kjartan Lauritzen om å fange essensen av å vere på konsert. I likskap med Hermine, Gulla og Ronny ville Hedvig og Petunia filme heilheita av Kjartan Lauritzen-konserten. For både Hedvig og Petunia handla det ikkje berre om å sjå artisten i biletet eller videoen. Til dømes var det viktig for Petunia å ta bilete og video av «heile settinga» og for Hedvig handla det om at ho hadde det kjekt gjennom heile konserten, men at det var nokre augeblikk som gjorde at ho ville dokumentere det som skjedde:

«Ein konsert for meg er ei oppleving. Det er ikkje berre å sjå artisten. Det er alt frå artisten til publikum og stemning, dansing og synging. Eg synes det er gøy å sjå filmar som dekker alt av det så ser du korleis opplevinga er i ein video.» (Hedvig, 25 år).

Døma frå informantane overfor kan ved første augekast kanskje bli forstått som at dei blei opptekne av smarttelefonen og ikkje var fokusert på det som skjedde der og då, men på den andre sida fortalte informantane om kva dei tok bilete og video av på ein naturleg måte utan å vise teikn til at det forstyrra flowen deira på konserten. Dette kan ha ein samanheng med at smarttelefonen er integrert i kvardagen til informantane i sin representasjon som ein sekundæraktivitet, altså at bruken av telefonen skjer saman med andre aktivitetar (Thorhauge og Lomborg, 2016, s. 79), men det treng ikkje nødvendigvis å tyde at informantane mistar fokus på den andre aktiviteten. Til dømes fortalte Hermine om bruken hennar av smarttelefonen i samband med å sjå på TV, som ikkje er noko som går ut over merksemda hennar med å følgje med på det som skjer på TV-en:

«Eg har ein tendens til at eg ofte må sitte å fikle med noko. Då har eg eit spel som heiter 20/48 på telefonen som eg berre sit å spelar på medan eg ser på TV eller noko, berre fordi eg må ha eit eller anna å fikle med.» (Hermine, 26 år)

Dømet kan visa til eit tilfelle der Hermine er god på multitasking, men samtidig nemnde ho at ho ikkje vil sei ho brukar smarttelefonen når ho spelar spelet medan ho ser på TV, men at ho må ha noko å «fikle med» medan ho gjer noko anna. Fiklinga med smarttelefonen gjer ikkje at ho mistar merksemda til det som skjer på TV-en, noko som kan gi eit bilet på kor naturalisert smarttelefonen har blitt ettersom handlingar me utfører med den er så automatisert at ein ikkje tenkjer over bruken av den lengre (Gentikow, 2005a, s. 3). I tillegg kan fiklinga til Hermine vere ein illustrasjon på eit aspekt ved smarttelefonen om at me mange gonger i løpet av ein dag rører, trykker og held på med fingerarbeid som er ferdigheiter me har lært oss og automatisert og som me ikkje tenkjer over lengre (ibid., s. 6). Som Ronny peika på kan telefonen bli opplevd som «ein forlenga kroppsdel, ein kan føle seg ikkje heil utan den». Då eg observerte konsertane opplevde eg ikkje at publikum hadde ansikta sine trykt inn i smarttelefonane etter dei hadde filma til dømes starten av konserten. Stort sett observerte eg at smarttelefonane var framme på eit tidspunkt og blei tatt ned igjen, utan at publikum mista fokuset på det som skjedde på scena. I tillegg skreiv eg tidlegare at informantane snakka naturleg om å ta bilete og filma videoar som fanga essensen av å vere på konsert, utan at eg opplevde at informantane meinte det forstyrra merksemda deira til det som skjedde på konsertane.

Hedvig sine utsegn om hennar forhold til smarttelefonen kan gi ein illustrasjon på kor integrert smarttelefonen er i livet hennar og vidare kanskje gi ein indikasjon på kvifor flowen til fleire av informantane ikkje blei forstyrra av telefonen på konsertane, men heller er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert:

«For eksempel viss eg skal lade mobilen min så kan eg plutseleg gripe etter telefonen min for eg tenker at den ligg ved sida av meg, men den ligg å ladar på andre sida av rommet.» (Hedvig, 25 år)

Utsegna til informantane overfor kan vise til ei medieerfaring ved at smarttelefonen er så naturalisert i liva deira at dei ikkje tenkjer over at dei brukar den lengre (Gentikow, 2005a, s. 5), noko som kan bli vidareført til ein konsertsamanheng ved at informantane ikkje tenkjer over at dei brukar den for å ta bilete eller video som fangar essensen av å vere på konsert. Vidare kan det dermed tyde på at smarttelefonen er ein del av flowen og ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. I tillegg nemnde eg tidlegare at publikum generelt hadde smarttelefonen framme på spesifikke tidspunkt på konsertane som kan gi ein indikasjon på at det var sosialt akseptert at publikum kunne bruke smarttelefonen på konsertane, og at telefonen er ein del av flowen og ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert ettersom fleire i publikum brukte telefonen.

Samtidig finst det dømer frå intervjuat informantane kan representera fleire moglege medieerfaringar av å vere på konsert. Til dømes deltok Ronny på konserten til Daniel Kvammen først og fremst i jobbsamanheng då han tok bilete og videoar frå konserten som han skulle legge ut på Instagramkontoen til Studentorganisasjonen. Eg skreiv tidlegare at eg ikkje fekk inntrykk av at publikum stod med smarttelefonen trykt opp i ansiktet og var oppteken med det, men eg observerte unntak, deriblant Ronny. I intervjuet fortalte Ronny at han gjerne kunne tenkt seg å filme då Daniel Kvammen hoppa ut blant publikum, men fekk ikkje gjort det då han var oppteken med å sjå på det han hadde filma tidlegare på smarttelefonen – noko som kan illustrere eit tilfelle der smarttelefonen forstyrra flowen til Ronny. På den andre sida kan Ronny sin bruk av smarttelefonen illustrere ei medieerfaring av å reise på konsert som handlar om å bruke telefonen for kommunikasjon. Sosiale media opnar for nye former for kommunikasjon ved å tilby forum til brukardeltaking (ibid., s. 10), og sjølv om det kanskje ikkje er så nytt lenger, brukte Ronny smarttelefonen for å dele videoar på

Story-funksjonen på Instagram noko Ronny fortalte etter konserten gav reaksjonar i form av emojis.

#### **5.4 Oppsummering kapittel 5**

I dette kapittelet har eg skildra observasjonane mine og presentert funn om korleis informantane brukte smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Ved å nytte Csikszentmihalyi (1990) sitt flow-omgrep, i tillegg til Turino (2008) sin bruk av flow i samband med participatory performance og Hesmondhalgh (2013) si forsking om musikk si betyding for personlege og kollektive opplevelingar, har eg i dette kapittelet argumentert for at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen *heile tida* på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen fordi den potensielt kan forstyrre flowen deira. I tillegg kopla eg Gentikow (2005a, 2005b) sine dimensjonar for medieerfaringar til flow-tilstandar ettersom når informantane reiser på konsert så er det i hovudsak for å kjenne den høge musikken på kroppen og oppleve konsertstemninga som perzeptuelt blir erfart ulikt frå å høyre dei same låtane på Spotify. Likevel brukte alle informantane smarttelefonen på eit eller anna tidspunkt på konsertane, noko eg argumenterte for har å gjere med naturaliseringa av smarttelefonen i kvardagslivet til informantane. Sjølv om smarttelefonen kunne forstyrre flowen til informantane på konsertane, vil eg påstå at smarttelefonen kan vere ein del av flowen til informantane og dermed ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert ettersom smarttelefonen er så naturalisert at informantane ikkje tenkjer over bruken.

Det at smarttelefonen er naturalisert i liva til informantane og gjer at den kan vere ein del av konsertopplevelingen utan at den nødvendigvis forstyrra flowen til informantane på konsertane, kan også gjere det naturleg for informantane å dele bileta og videoane frå konsertane når dei opplev noko utanom det vanlege. Fleire av informantane delte bileta og videoane, men med nokon få andre og i hovudsak med personar i nær relasjon. Vidare blei bileta og videoane stort sett delt på Snapchat direkte frå konserten i staden for å dele på Instagram. Dette er eit interessant funn då informantane fortalte at dei i hovudsak brukar både Instagram og Snapchat i kvardagen for å kommunisere med andre, men i konsertsamanheng verkar det å handle om å kommunisere i ein lukka kommunikasjonskanal. Dermed vil eg i neste kapittel greie ut om og argumentere for at det handlar mellom anna om å pleie relasjonar til dei som informantane ikkje ser så ofte.

## **6.0 Deling av bilete og videoar kan ha ei viktig betyding**

I dette kapittelet skal eg svare på det andre forskingsspørsmålet mitt, altså «Korleis reflekterte informantane over eiga bruk av smarttelefonen på konsertane og generelt i kvardagen?».

Spørsmålet handlar om kva informantane gjorde med biletene og videoane dei tok med smarttelefonen på konsertane og om korleis informantane generelt reflekterte over bruken av den for å kommunisere med i kvardagen, noko som vil bli kopla saman med deira smarttelefonbruk på konsertane og deira medieerfaringar. Fram til no har eg argumentert for at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen ettersom den kunne forstyrre ein tilstand av flow. Samtidig kan informantane sine medieerfaringar spele ei rolle då dei tok biletene og videoar på konsertane som i hovudsak skulle illustrere essensen av å vere på konsert og vise at dei gjorde noko utanom det vanlege i kvardagen, utan at det nødvendigvis forstyrra flowen deira ettersom smarttelefonen verkar å vere så integrert i liva deira at dei ikkje alltid tenkjer over bruken. I dette kapittelet vil eg presentere funn som kan vise korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert ved å fokusere på måtene informantane delte biletene og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen.

Ved å nytte domestiseringsteori og prosessane inkorporering og konvertering, og omgrep som sosial stelling, saman med dimensjonar for medieerfaringar, vil eg argumentere for at informantane delte biletene og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen for å halde kontakten med nære relasjonar dei ikkje ser så ofte og vere ein måte for å pleie desse relasjonane. Frå kapittel 4 såg me at informantane brukar Instagram og Snapchat generelt i kvardagen i hovudsak for kommunikasjon med andre. Både Instagram og Snapchat er bilet- og videodelingstenester, men i samband med å reise på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kom det fram at det var Snapchat som hovudsakeleg blei brukt for å dele biletene og videoar frå konsertane. Dermed vil det først bli gjort greie for kvifor informantane i hovudsak brukar Snapchat over Instagram for å dele biletene og videoar med andre frå konsertane, som blir etterfølgt av funn som kan vise motivasjonar informantane har for å dele konsertbilete og -videoar, noko som vidare kan gi ein indikasjon på korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert.

## **6.1 Deler bilete og videoar på Snapchat i staden for på Instagram**

På konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen viste det seg at informantane i hovudsak brukte Snapchat for å dele bilete og videoar frå konsertane med personar i nære relasjonar. Ronny, Gulla, Hedvig, Petunia og Lavendel brukte Snapchat for å sende bilete og videoar til vene og familie undervegs på konsertane. Ronny forklarte at han sendte til vene han snakkar mest med på Snapchat ettersom for han blir det ei kommunikasjonsform i samband med at han kanskje kunne møte vene etter konserten. Gulla brukte også Snapchat for å sende bilete og videoar under konserten og sendte både til kjærasten og ein ven «fordi Daniel Kvammen hadde same dialekt som han». I likskap sendte Hedvig og Lavendel bilete og videoar på Snapchat til nære relasjonar, då til kjærast og foreldre. Petunia brukte også Snapchat for å sende bilete og videoar til foreldra, men ho har også ei privat story-gruppe på Snapchat der det berre er medlem av gruppa som får sjå kva ho legg ut av bilete og videoar. Den private storyen brukte Petunia for å dele bilete og videoar frå konserten fordi «då kan eg legge ut der i staden for å sende 17 hundre fellessnappar heile tida».

### *6.1.1 Deler ikkje for mange å sjå*

På bakgrunn av at Instagram ikkje blei brukt for å dele bilete og videoar frå konserten kan bli forklart gjennom observasjonen eg gjorde på Instagram i etterkant av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen. Då eg observerte delte innlegg frå konsertane på Instagram, nytta eg «geotag»-funksjonen som gjer det mogleg å søke på ein stad og dermed få opp bilete og videoar som har blitt tagga med den staden eg søkte på. Frå begge konsertane observerte eg få bilete og videoar som hadde blitt delt som eit innlegg på Instagram, noko som kan tyde på at bileta og videoane frå konsertane ikkje blei delt for at mange skulle sjå. Denne observasjonen kan stå i kontrast til det Danielsen og Kjus (2019) og Bennett (2012) fann i sine studiar om bruk av Twitter i samband med festivalar og konsert der Danielsen og Kjus (2019, s. 719) fann at publikum brukte emneknaggar for å vurdere konsertane som nådde ut til mange, og Bennett (2012, s. 545) som fann at Twitter blei brukt for å kommunisere med andre fans som ikkje var til stades på konsertane til U2 og Tori Amos.

Funna mine frå observasjonen av Instagram etter konserten og frå intervjuet med informantane kan indikere at dei ikkje var opptekne av å verken dele bilete og videoar på Instagram eller bruke emneknaggar som er relatert til konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen for å dele med mange. I kontrast var informantane meir opptekne av å dele på Snapchat undervegs på konserten eller ved å vise fram bileta og videoane på smarttelefonen i etterkant

på ein meir privat måte og til få personar. Skilnaden mellom funna til Bennett, Kjus og Danielsen i forhold til mine funn kan bli forklart ved at dei forska på smarttelefonbruk i eit større omfang enn det studien min har gjort. Då eg har tatt utgangspunkt i to konsertar som føregjekk på ein liten scene, studerte Bennett, Kjus og Danielsen smarttelefonbruk på ein større scene. Det at Kjus og Danielsen studerte bruken av Twitter i samband med ein festival kan spele ei rolle for at aktiviteten på sosiale media var i eit større omfang enn på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen ettersom det er fleire publikummarar samla på ein stad og det er eit stort arrangement med fleire artistar, både lokale og internasjonale. I nærlasjon studerte Bennett bruken av Twitter til fans av U2 og Tori Amos som er artistar med ein stor fanbase over heile verda, noko som også kan generere større engasjement på sosiale media enn når det er snakk om ein konsert på ein liten stad som på Verftet i Bergen.

Funna frå analysen min tyder på at informantane haldt deling av biletar og videoar privat og i lukka kommunikasjonskanalar, noko som stemmer overeins med korleis tenåringar brukar sosiale media for kommunikasjon (Aalen og Iversen, 2021, s. 49), men som i dette tilfellet også verkar å gjelde for unge vaksne mellom 20 og 26 år. I inkorporeringsfasen må det sosiale mediet finne ein plass i kvardagslivet til folk (ibid., s. 47), og for informantane verkar det som om Instagram og Snapchat har blitt inkorporert som eit kommunikasjonsmiddel der dei kan snakke med vene og familie. Samtidig ser det ut til at Instagram og Snapchat blir brukt for forskjellig type kommunikasjon der Instagram blir brukt for å nå ut til eit større publikum og med ein intensjon om å få reaksjonar, medan Snapchat blir brukt for meir direkte kommunikasjon for å halde kontakt med dei som informantane ikkje ser så ofte, noko eg kjem tilbake til seinare i kapittelet. Livsfasar kan spele ei rolle i samband med kva plass eit sosialt medium får i liva våre (ibid., s. 48), og når det gjeld informantane mine var alle utanom éin student, men alle hadde flytta frå heimstaden noko som kan gi ei forklaring på kor viktig Snapchat er for å dele biletar og videoar som ein måte for å halde kontakten med dei som informantane ikkje ser så ofte.

### *6.1.2 Skil seg frå det typiske på Instagram*

Då informantane snakka om bruken av Instagram og Snapchat for å halde kontakt med andre, fekk eg ei oppfatning av at dei snakka naturleg om bruken og tok det for gitt at det er mogleg å kommunisere gjennom smarttelefonen på sosiale media. Dette kan tyde på ein vellukka domestisering av smarttelefonen, saman med Instagram og Snapchat, ettersom teknologien er ein naturleg del av kvardagslivet. Domestiseringsteorien tar ikkje berre høgde for *om* ein

teknologi blir brukt, men også *korleis* den blir tatt i bruk (Aalen og Iversen, 2021, s. 45). I inkorporeringsfasen blir det sosiale mediet ein del av folk sitt kvardagsliv og rutinar, den har blitt diskré, noko ein kanskje ikkje tenkjer over og som alltid er der, men ulike sosiale media kan fylle ulike roller ettersom det må finne sin plass i kvardagslivet til personar (ibid., s. 47). Instagram og Snapchat er sosiale medium som informantane brukar dagleg, men det er forskjell mellom korleis informantane brukar dei nemnde sosiale media og kva slags rolle og status dei har i livet deira. I tillegg til kva rolle teknologien har i sitt eige liv, legg konverteringsfasen også vekt på kva personar signaliserer til omverda om teknologien (ibid., s. 49). Ronny var ein av dei få informantane som brukte Instagram for å dele bilete og videoar frå konserten til Daniel Kvammen, men han fortalte at det var i jobbsamanheng, noko eg tidlegare peika på kan vere ein av fleire moglege medieerfaringar av å reise på konsert. På konserten til Daniel Kvammen la han ut innlegg på Instagram i Story-funksjonen på Instagramkontoen til Studentorganisasjonen, og Ronny brukar ofte Instagram i kvardagen på ulike måtar for mellom anna å promotere programmet han er med i, men særleg i konsertsamanhangar:

«Terskelen er lågare for å kunne tagge artisten for at dei kan svara på det, for at folk skal vite kven det er, eller at folk ser oss og tenker eg er fan av denne artisten, kanskje eg kan bli fan av dette programmet, eller følgje litt med på kva som skjer der om dei har noko meir interessant.» (Ronny, 24 år)

Dømet med Ronny kan vise til éi rolle Instagram har i liva til informantane og dei erfaringane dei har med å bruke teknologien for å vise fram noko. Konverteringsfasen viser til at oppfatninga om kva ein teknologi bør bli brukt til er i stadig endring og kan variere mellom ulike grupper (Aalen og Iversen, 2021, s. 49). Instagram og Snapchat speler ei rolle i informantane sine liv og det kan verke som at det er for kommunikasjon, men informantane brukar Instagram for å kommunisere på ulike måtar. For Ronny kan det verke som at Instagram speler ei rolle i kvardagslivet for å bli brukt i jobbsamanheng og postar jamleg på kontoen. Ettersom Ronny er medlem i ein Studentorganisasjon og brukar Instagram for å dele bilete relatert til musikk, er det forståeleg at han deler bilete frå konserten til Daniel Kvammen på Instagram. Samtidig kan det også verke som at Ronny har inkorporert og konvertert bruken av Instagram til å handle om kommunikasjon og formidling av musikk. Andre informantar legg vekt på å legge ut bilete der dei prøver å skilje seg ut ifrå det typiske og når det gjeld fleire av informantane, prøver dei å ha eit humoristisk perspektiv på biletta.

Det er forskjellar mellom informantane om dei legg ut bilete og videoar på Instagram til vanleg, der nokon er aktive og andre postar sjeldan. Gulla skildra kontoen sin på Instagram som «altså det er jo litt humor i alle fall» og reflekterte over kvifor ho har innslag av humor i innlegga sine:

«For å gjere det litt mindre høgtideleg, skilje seg litt ut frå det typiske. Viss det er ein selfie, må det i alle fall vere noko morosamt for elles er det berre ein selfie og då kjendes det litt for mykje ut.» (Gulla, 24 år).

Ettersom oppfatninga om korleis ein bestemt teknologi burde bli brukt til er i stadig endring, kan det oppstå konfliktar for skikk og bruk og kva slags status teknologien skal ha (Aalen og Iversen, 2021, s. 49), og der det kan verke som at Ronny brukar Instagram for å dele musikkrelaterte bilete, kan det i Gulla sitt tilfelle verke som at ho vil gå imot det som typisk blir delt på Instagram. Frå dømet handlar det om selfies, men det kan også gi ein indikasjon på kvifor ho ikkje delte bilete frå konserten til Daniel Kvammen på Instagram for mange å sjå ettersom det kan vere ei oppfatning om at mange vel å legge ut lange seriar av filmar frå konsertar i Story som ein må trykke seg gjennom – noko som kan bli opplevd som irriterande. Luna deler Gulla sitt perspektiv med at ho prøver å ha humor i innlegga sine på Instagram og vidarefører det Gulla peika på med å fortelje at ein selfie kjennes for mykje ut dersom den ikkje er morosam ettersom «det er nesten sånn at det har blitt litt flaut å poste noko som ikkje er morosamt».

I tillegg reflekterte Luna over hennar deling av bilete på Instagram ved at det er låg terskel for å dele «mykje kvardagsleg og sånn livet er akkurat no». Dette kan i Luna sitt tilfelle gi ei forklaring på kvifor ho ikkje delte bilete og videoar på Instagram frå konserten til Kjartan Lauritzen ettersom det å reise på konsert er noko som skjer utanom det vanlege og som kanskje ikkje passar inn i hennar måte å dele bilete på plattforma. Vidare reflekterte Petunia over si bruk av Instagram ved at ho prøver å vise at ho ikkje tar seg sjølv høgtideleg og i likskap med Gulla prøvar ho å skilje seg ut frå det typiske: «Eg føler alle er sånn, eg er på fjellet i dag, men eg er sånn at det er for kjekt og løye liksom». I likskap med Gulla, Luna, Lavendel og Petunia peikar også Hedvig på at ho er medviten på korleis innlegga burde sjå ut før ho postar det på Instagram og nemnde at det ofte må vere humor i bileta for at ho skal poste det:

«Eg vil at det skal vere god kvalitet på biletet og at eg synes det er eit fint biletet eller at eg synes det er morosamt». (Hedvig, 25 år).

Når informantane legg ut biletet på Instagram fortalde fleire at det gjerne kan vere morosamt slik at dei skil seg frå det typiske. Det motsette frå å skilje seg frå det typiske, er noko som blir karakterisert som typisk. Det kan vere fleire måtar å tolke det å skilje seg frå det typiske på, som til dømes ved selfies-komentaren til Gulla, men som Aalen og Iversen (2021, s. 67) peikar på, kan ein ikkje delta i sosiale media utan å ta eit val om korleis ein skal framstå. Ettersom fleire informantar poengterer å ha humor i innlegga sine på Instagram, kan det vere ein måte å framstå eller vere synleg på sosiale media. Dersom me derimot tar omsyn til irritasjonen blant enkelte konsertdeltakarar over andre sin smarttelefonbruk på konsertar, kan det å skilje seg frå det typiske bli forstått som ikkje å framstå som å vere den som deler ein heil konsert på sosiale media. Sidan det å ta biletet har blitt enklare og billigare har terskelen for å ta biletet blitt lågare, sosiale media oppmuntrar oss til å dele endå meir og det som blir delt er meir kvardagsleg enn tidlegare (*ibid.*, s. 65), og i samband med deling av biletet på Instagram kan det verke som at fleire av informantane brukar Instagram for å dele kvardagslege hendingar i staden for å dele at dei opplev noko utanom det vanlege i kvardagen.

#### *6.1.3 Deler kvardagslege hendingar på Instagram*

Det verkar som at informantane brukar meir tid, arbeid og tanke bak behandlinga av biletet eller videoar som skal bli delt på Instagram, i motsetnad til deling av biletet og videoar på Snapchat som kan bli oppfatta som ein meir enkel og direkte kommunikasjon. Det at biletet som blir delt på Instagram ofte krev meir arbeid, kan me sjå i Ronny sitt tilfelle som brukte smarttelefonen for å dele konsertbiletet frå Daniel Kvammen på Instagram i jobbsamanheng. Den medieerfaringa Ronny har med å dele biletet og videoar på Instagram kan bli sett i samanheng med korleis han har lært seg å mestre sosiale media. For å mestre eit medium treng me ikkje å vite nøyaktig korleis det fungerer, men me må lære oss korleis me kan få det til å fungere på ein hensiktsmessig måte (Gentikow, 2005a, s. 8), og Ronny har lært gjennom Studentorganisasjonen korleis han kan gjere grep på Instagram for å få mest mogleg reaksjonar og likes på innlegga han deler:

«Det er å halde teksten til biletet kort, men det er også å dra nytte av dei ulike funksjonane til det sosiale mediet, at ein kan legge ut innlegg i form av biletet og i form

av video, og ikkje berre av videoar som ein har spelt inn, men produserte videoar som ein har redigert. I tillegg til å bruke høgdepunkt-funksjonen for å samle opp ting».  
(Ronny, 24 år)

I tillegg fortalte Ronny at han deler bilete på plattforma på vekedagar ettersom han opplev at «det er på vekedagane folk er mest i kontakt med sosiale media generelt kanskje». Tidlegare peika eg på at det kunne verke som at Ronny har gitt Instagram ei rolle der han stort sett brukar den til å oppdatere kontoen til programmet han er med i for å dele musikkrelaterte bilete for å mellom anna promotere programmet han er med i. Ved å ta i bruk dei kunnskapane han har lært ved å få Instagram til å fungere på sin hensiktsmessige måte, altså for å få reaksjonar og likes, var han medviten på å legge ut bilete frå konserten til Daniel Kvammen som eit innlegg først på måndagen då han har erfart at det oftast gir mest respons frå følgjarar. Deling av bilete på Instagram generelt i kvardagen er ikkje tilfeldig for Hedvig heller som også er medviten på det ho legg ut på plattforma:

«Eg vil ikkje sei det er tilfeldig. Eg kunne ikkje plutsle seg tatt eit oransje filter på eit av bileta mine og lagt det ut liksom. Då hadde eg fått noia i sjela mi». (Hedvig, 25 år)

Refleksjonane til Ronny og Hedvig om det å dele på Instagram generelt i kvardagen, kan vere ein måte å forstå kvifor fleire informantar ikkje deler bilete frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen på plattforma. Fleire informantar gjorde eit poeng ut av at det dei deler på Instagram bør ha eit humoristisk preg over seg, noko som kan vere vanskeleg å få til med materiale frå ein konsert då informantane i hovudsak tok bilete frå konsertane som skulle fange essensen av å vere på konsert. Dette kan kanskje bli kopla til korleis informantane har konvertert bruken av Instagram, som er fasen der folk ser på kva slags rolle teknologien har i deira eiga liv, men også kva folk signaliserer til omverda om den teknologien (Aalen og Iversen, 2021, s. 49). Som Luna peika på kan ho nå ut til eit bredt publikum på Instagram der ho kan dele «kvardagslege ting». Det å reise på konsert kan bli oppfatta som noko som skjer utanom det vanlege og ettersom fleire informantar deler kvardagslege hendingar på Instagram, kan det kanskje forklare kvifor Instagram ikkje er plattforma informantane brukar for å dele bilete og videoar frå konsertane ettersom konsertar kan vere noko ekstraordinært og som ikkje skjer ofte i kvardagen.

## **6.2 Deler på Snapchat for å pleie nære relasjonar**

Måten informantane har inkorporert og konvertert bruken av Instagram og Snapchat kan sjåast i samanheng med omgrepet *sosial stelling*. Refleksjonane til informantane over bruken av smarttelefonen generelt i kvardagen kan tyde på at Instagram og Snapchat gjer det mogleg for informantane å dele biletar på ein slik måte som har ein verdi for dei, nemleg å halde kontakt med nære relasjonar som vener og familie. Duffy og Ling (2020, s. 73) skreiv at mykje av den sosiale verdien av å dele ei nyheitssak er avhengig av informasjonsnytten. Overført til deling av biletar og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kan funna indikere at det ikkje handlar om informasjonsnytten i biletar eller videoane, men heller om å vise fram kva dei held på med til personar dei er i nær relasjon med. Tidlegare skreiv eg at det er ein tendens mellom informantane for å ta biletar og videoar frå konsertane som viser essensen av å vere på konsert og eg argumenterte for at informantane var *målretta* med bruken av smarttelefonen der dei var medvitne på å få med artist, publikum og konsertscena i eit bilet. Ved å sjå på dette i eit anna perspektiv kan den målretta bruken av smarttelefonen ha eit formål som handlar om at dei deler med personar som dei er i nær relasjon med og personar informantane ikkje ser så ofte – nemleg vener og familie som bur ein annan stad.

I kapittel 4 skildra eg utsegna til informantane rundt deira bruk av smarttelefonen i kvardagen og mykje av motivasjonen for å bruke telefonen og sosiale media som Instagram og Snapchat er for å halde kontakt med folk. Utsegna til informantane kan tyde på at Instagram og Snapchat har blitt inkorporert av informantane til å vere teknologiar som blir brukt for å kommunisere med andre på ein naturleg måte. Det vil seie at det kan tyde på at informantane har vent seg til teknologien som har ført til at den har blitt naturalisert og noko dei ikkje tenkjer over at dei gjer (Gentikow, 2005s, s. 5). Medan fleire av informantane brukar Instagram for hovudsakeleg å dele kvardagslege hendingar, ofte med eit humoristisk preg og til ei større mengde personar, blir Snapchat brukt for meir direkte kommunikasjon med nokre få, noko Luna og Hedvig reflekterte over:

«På Snapchat pleier eg som regel å sende til folk direkte og ikkje legge ut story. Då er det ein måte å kommunisere på, medan Instagram er litt meir sånn å vise noko.»  
(Hedvig, 25 år)

«Snapchat blir meir direkte tiltale, medan på Instagram kan du gå bredt ut og sjå kva slags respons du får». (Luna, 23 år)

Konseptet med sosial stelling kan vere med på å forstå kvifor informantane brukar smarttelefonen for å ta bilete og videoar av konsertane og kva dei gjer med bileta i etterkant. Det folk i hovudsak deler på sosiale media er oppdateringar og bilete som involverer andre menneske eller opplevingar, og bileta som viser eit glimt av kva ein gjer på i kvar dagen kan få ein auka verdi ettersom sosiale media kan bidra med å halde ved like nære relasjonar som er langt vekke frå deg (Aalen og Iversen, 2021, s. 55). I tillegg er det ein samanheng mellom kommunikasjonsmiddelet me vel å bruke for å halda kontakt med andre og temaet og kven me vil sei det til (ibid., s. 57), og i samband med konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen delte informantane stort sett bileta som viser ei oppleving på Snapchat til folk som står dei i nær relasjon. Valet av Snapchat for å dele bilete og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kan ha ein samanheng med at ein konsert er noko som skjer «her og no», og dermed gjer det enkelt å dele eit biletet der og då for å ta opp kontakten og vise kva ein held på med og vere ein måte for å pleie nære relasjonane ved å fortelje på ein rask og enkel måte om «kva som skjer».

#### *6.2.1 Naturleg å dele på Snapchat*

Samanlikna med informantane sin generelle bruk av smarttelefonen og sosiale media i kvar dagen, kan det tyde på at ein stor motivasjon for å dele materiale frå konsertane på Snapchat er at den gjer det mogleg å ta opp kontakten med dei som betyr noko for informantane. Det er også ein måte som ikkje krev mykje arbeid bak for å dele samanlikna med deling på Instagram. I kapittel 4 peika eg på at fleire av informantane er studentar som har flytta frå heimstaden sin og dei reflekterte over bruken av Snapchat som viktig for å kunne halde kontakten med dei som dei ikkje ser kvar dag. Som Lupinacci (2021, s. 276) skriv, lovar sosiale media oss ei kopling til verda og moglegheiter for å ha ein augeblikkeleg samtale med dei som har størst betyding for oss, og frå kapittel 4 såg me at Hedvig, Petunia og Gulla trekkjer fram betydinga av å nå familiemedlem som bur langt vekke. Gulla peika på at ho brukar Snapchat som ein enkel måte for å forklare kva ho har gjort ettersom «eit biletet seier meir enn tusen ord». Hedvig poengterte at familiegruppa på Snapchat var viktig for å kunne halde kontakten med besteforeldra sine då bestemora har skaffa seg plattforma:

«Så ho får eit heilt anna innblikk i folk sine liv enn det ho ville hatt når me ringes av og til.» (Hedvig, 25 år)

Petunia deler Hedvig sine refleksjonar av viktigheita med at Snapchat gjer det mogleg å enkelt kunne dele kvardagslege hendingar for å halde kontakten med familien som bur langt vekke, noko som gjer at Snapchat kan skape ei kjensle av nærvær med dei som tyder noko for Petunia og at Snapchat gjer det mogleg for ho å vere oppdatert på det som skjer heime:

«Eg har jo ingen familie her så det er jo greitt at eg kan sende sånn eg var på squash i dag, eg var på fotball i dag, då bakte eg bollar, og at søstera mi kan sende bilet av tanteungen min. Det er koseleg at du kan halde ein kontakt.» (Petunia, 20 år)

Domestiseringa av ein teknologi blir sett på som vellukka når teknologien blir tatt for gitt og har blitt ein naturleg del av kvardagslivet (Aalen og Iversen, 2021, s. 45), noko Gentikow (2005a, s. 5) nemnar er ei erfaring me har med media som teknologiar ettersom me venner oss til den som gjer den naturalisert og noko me ikkje tenkjer over bruken av lengre. I kapittel 4 nemnde eg at det å sende tekstmeldingar tilbydde ei kjensle av nærliek og intimitet og ein måte for å oppretthalde og styrke eksisterande forhold (Lin og Tong, 2007, s. 308), medan i dag kan biletar og videoar gjennom Snapchat potensielt generere dei same kjenslene som tekstmeldingar gjorde. For Petunia og Hedvig verkar det som at Snapchat har ein stor verdi for å kunne inkludere nære relasjonar som bur langt vekke og samtidig halde kontakten ved å sende biletar til dei om kva dei held på med. Dette kan også bli overført til korleis Petunia og Hedvig delte biletar frå konserten til Kjartan Lauritzen då begge delte på Snapchat med vene og familie ettersom det kan verke som at det er naturleg for dei å dele på Snapchat om kva dei held på med i kvardagen, noko som kan gjere det naturleg å dele biletar når dei opplev noko utanom det vanlege – som å reise på konsert.

### *6.2.2 Snapchat viktig for personleg kommunikasjon*

Ettersom det kan verke som om det er naturleg å dele biletar og videoar frå konsertane på Snapchat på grunn av tilvenninga av teknologien, kan også deira regelmessige bruk av den spele inn på at dei har lært å bruke den på ein hensiktsmessig måte (Gentikow, 2005a, s. 8), noko eg tidlegare har peika på handlar om å kommunisere med andre, men på eit djupare nivå kan det handle om å bruke Snapchat for å halde ved like og pleie nære relasjonar. Duffy og Ling (2020, s. 81) viste mellom anna at motivasjonen for å dele nyheitssaker var for å

demonstrere at ein bryr seg for mottakaren der vener blei prioritert før familie. Tidlegare nemnde eg kulturforskjellen mellom Singapore og Noreg ved at familien til norske studentar ofte ikkje er konstant fysisk til stades, medan det i Singapore kan vere meir vanleg at ein bur saman med familiemedlem. På ei anna sida kan det med at familien konstant er til stades bli forstått som at det ikkje er noko som treng å bli haldt ved like ettersom alltid er der. Som Dominic Toretto stadig påpeikar i Fast and Furious: «There's nothing stronger than family». Likevel kan funna tyde på at den moglegheita informantane har til å dele opplevingar i form av biletar og videoar med familien som ikkje er i nær avstand, ha ei viktig betyding i form av at informantane kan gi mottakaren innblikk i kva ein held på med, slik me såg med Hedvig og Petunia i samband med å dele biletar med familie som bur lengre vekke.

Det at Snapchat blir eit viktig sosialt medium for å pleie nære relasjonar kan vise til ein måte informantane har inkorporert bruken av Snapchat. Informantane har alle flytta frå heimstaden og fleire er i ein livsfase der det er viktig å halde ved like venskap då dei kan vere opptekne med studiar og arbeid, noko som kan tyde at Snapchat spelar ei rolle for å vise fram biletar som held nære relasjonar oppdatert på kva som skjer. Til dømes legg Hedvig og Petunia vekt på å ha kontakt med dei som dei ikkje ser ofte, men tidlegare såg me også at Gulla såg verdien med kunne vise til biletar for å forklare kva ho har drive på med ettersom biletet seier meir enn tusen ord. Vidare kan det verke som at Snapchat har ein plass i livet til informantane for å halde ved like eksisterande forhold til vene, noko til dømes Ronny illustrerte då han var på Daniel Kvammen-konserten og vurderte moglegheitene for å møte vene etter konserten:

«Noko sendte eg vidare til vene og då blir mobilen ei kommunikasjonsform med vene. Nokon svarar, nokon er ute på byen eller på vors. Då kan eg gjerne halde kontakt, kanskje me skal møtast etterpå.» (Ronny, 24 år)

Dømet med Ronny viser at Snapchat kan spele ei rolle i liva til informantane, ikkje berre for å pleie relasjonen til dei som informantane ikkje ser så ofte, men også til vene som dei omgås med. Ein motivasjon for å dele biletar og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, og ein måte å forstå korleis og kvifor informantane brukar smarttelefonen på konsertane, kan altså vere i samband med at dei pleier nære relasjonar og held ved like eksisterande veneforhold. Dette kan også bli relatert til dei kommunikative erfaringane til informantane for å dele biletar og videoar frå konsertane. Gentikow (2005a, s. 10) peikar på at ulike typar kommunikative erfaringar me får i mediert kommunikasjon burde få meir

merksemd. Det kommunikative engasjementet med Snapchat blir i denne samanhengen kopla opp med bruken av smarttelefonen i ein konsertsamanheng. Duffy og Ling (2020, s. 81) peikar på at kjensla ved å vise at ein bryr seg ved å dele nyheitssaker på sosiale media blir delt for å vise at den som deler tenkjer på mottakaren på ein medfølande måte, og i samband med bruken av Snapchat for dele bilete og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, vil eg argumentere for at det handlar om å kommunisere til nære relasjonar for å halde relasjonen ved like. Vidare kan delinga av bilete og videoar tyde på at informantane tenkjer på mottakaren og blir ein form for å vise at ein bryr seg om personen.

Noko av den grunnleggande gleda med sosiale media er at det kan gi informasjon og vita om at noko gir deg merksemd (Donath, 2007, s. 247), noko som kan gi ein indikasjon på kvifor informantane delte bilete og videoar av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen med vene og familie ettersom det opnar for at dei kan halde ved like eksisterande forhold, men også pleie forholdet til nære relasjonar som dei ikkje ser så ofte. Argumentet om at informantane brukte Snapchat for å dele med andre for ein personleg kommunikasjon kan bli styrka av observasjonane eg gjorde av bilete og videoar som blei lagt ut på sosiale media etter konsertane. Tidlegare peika eg på at eg i kontrast til den tidlegare forskinga ikkje fann mykje bilete som hadde blitt delt for mange å sjå. Med unntak av Ronny, var det ingen av informantane som delte på Instagram for offentlegheita å sjå, noko som kan vere med å styrke argumentasjonen om at informantane brukte lukka kommunikasjonskanalar for å dele bilete og videoar frå konsertane som kan tyde har med å gjere at dei vil pleie nære relasjonar.

Sjølv om informantane i hovudsak delte bilete og videoar frå konsertane med enkelpersonar på Snapchat framføre venegrupper på plattforma, kan denne kommunikative erfaringa også vere kopla til omgrepet sosial stelling og vere med på å styrke relasjonar, samtidig som me blir tryggare på at den relasjonen blir holdt ved like (Aalen og Iversen, 2021, s. 55). Aspekta rundt korleis informantane brukar Snapchat for å halde ved like eksisterande forhold og pleie nære relasjonar kan gi ein indikasjon på korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert ettersom dei kan oppdatere nære relasjonar om at dei opplev noko utanom det vanlege i kvardagen og bruke det som ein måte for å pleie relasjonen.

### **6.3 Naturleg å dele opplevelingar utanom det vanlege**

Eit anna funn som viser korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert og som kan vere med på å forstå kvifor informantane brukte telefonen for å ta bilete

og videoar og dele med andre, er deira oppleving av kor naturleg det er å bruke telefonen for å dokumentere og dele det ein opplev. I samband med å reise på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen kan det verke som at funna indikerer at smarttelefonen til informantane er ein del av ei konsertoppleving ved at informantane på ein naturleg måte og utan å tenkje over det, brukar smarttelefonen for å ta bilete og video av konsertane medan dei er i ein tilstand av flow. I tillegg kan det verke som at dei brukar mediekunnskapen sin for å dele materialet på ein måte som kan halde ved like eksisterande forhold og pleie nære relasjonar for å vise at dei tenkjer på mottakaren og vil halda kontakten.

Måten fleire av informantane reflekterte over bruken av smarttelefonen for å dokumentere konserten og dele det med andre, opplev eg som at dei ser på det som naturleg å gjere og som blir tatt for gitt. Ifølge erfaringa *media som teknologi* fører tilvenninga av ein teknologi til at den blir naturalisert (Gentikow, 2005, s. 5), og ettersom informantane har vent seg til bruken av Snapchat for å dele bilete og videoar i kvardagen, kan bruken av Snapchat bli overført til korleis informantane brukte telefonen på konsertane. Ein medieteknologi som Snapchat gjer det mogleg for informantane å dele bilete og videoar på ein enkel og direkte måte, og når informantane reflekterte over bruken av smarttelefonen på konsert, er det ein tendens til at dei opplev det som naturleg å dele med andre når ein opplev noko. Relatert til å dokumentere at ein gjer noko utanom det vanlege i kvardagen når ein reiser på konsert, som eg i kapittel 5 argumenterte for kan vere ein motivasjon for å bruke telefonen under konsertane, kan det å dokumentere noko utanom det vanlege kanskje også tolkast som ein motivasjon for å dele bileta og videoane med andre. I samband med informantane sine refleksjonar rundt at enkelte meiner det er irriterande at telefonen blir brukt for å filme konsertar, har Ronny forståing for at det kan vere irriterande dersom «folk brukar blits for å ta bilete», men samtidig peikar han på det naturlege ved å dele noko me opplev:

«Eg tenker det fell mange folk naturleg å dele at ein er på konsert og at ein har det kjekt og at det er noko ein har lyst å dele. Mobilien kan bli opplevd som ein forlenga kroppsdel, at ein kan føle seg litt sånn ikkje heil utan den. Det kjem kanskje til syne når folk filmar på konsert at det er ein naturleg reaksjon i vår tid, at viss me opplev noko, så film det, del det.» (Ronny, 24 år)

Det at Ronny koplar det å dele noko han opplev med smarttelefonen sin som noko så naturleg at han ser på det som ei forlenging av ein kroppsdel og at han ikkje kjenner seg heil utan

telefonen, kan vere ein indikator på at smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. Refleksjonen til Ronny kan sjåast i samanheng med det Gentikow (2005a, s. 2) skriv om at erfaringar oppstår gjennom kroppane og sansane våre, dei blir behandla kognitivt samtidig som me lærer av dei. Fenomenologien kan vere nyttig for å utforske bruken vår av media ettersom desse handlingane er så automatiserte at me omtrent ikkje reflekterer over dei lengre. Me tenkjer til dømes ikkje over kva me gjer når me ringjer eller ser på TV, noko som med utgangspunkt i Ronny sine refleksjonar om telefonen som ein forlenga kroppsdel, også kan gjelde for smarttelefonen og det naturlege ved å dokumentere og dele ei oppleving. I tillegg peikar Hermine på naturaliseringa av smarttelefonar på konsert når ho reflekterte over same tema:

«Ein ser veldig mykje mobil på konsert uansett. Det er nesten sånn at ein blir vane med det.» (Hermine, 26, år)

Saman med Ronny sine refleksjonar over smarttelefonen som ein forlenga kroppsdel, kan refleksjonane til Hermine over smarttelefonbruken til publikum under konsertar vere knytt til erfaringa med media som teknologiar som tilseier at når me har vent oss til eit media så blir det naturalisert. Frå kapittel 4 såg me at informantane har inkorporert smarttelefonen på ein slik måte at den har sin plass i kvardagslivet deira, mellom anna ved at dei brukar den som eit praktisk verktøy i kvardagen. Petunia seier ho brukar telefonen til «alt», men trekk særleg fram for å søke etter middagsoppskrifter, medan ein gjennomgåande tendens blant alle informantar er at dei brukar telefonen som alarmklokke, skrive ned påminningar, kjøpe billettar til kollektiv transport og til å høre på musikk og podcast. Dette kjem i tillegg til korleis dei i hovudsak brukar Instagram og Snapchat for å kommunisere og halde kontakt med andre.

Thorhauge og Lomborg (2016, s. 71) peikar på i studien av bruken av smarttelefonen og korleis den er ein integrert del av kvardagslivet, at smarttelefonen har blitt verdsett som eit allsidig verktøy for å samle data om kvardagslege aktivitetar takka vere integreringa av smarttelefonen i desse aktivitetane. Vidare blir smarttelefonen brukt for å dokumentere ekstraordinære og vanlege hendingar i liva våre, til dømes ved bruk av kameraet og videofunksjonar (*ibid.*, s. 71). Med tanke på at smarttelefonen er så integrert i kvardagen, og at informantane brukar telefonen på dei same måtene som Thorhauge og Lomborg skildrar, kan det vere ein måte å forstå den erfaringa informantane har med eit medium som teknologi

som gjer det naturleg for informantane å bruke telefonen for å dele biletet og videoar frå konsertane. Slik som eg argumenterte for i kapittel 5 om at naturaliseringa av smarttelefonen kan gjere det naturleg å ta biletet og videoar under konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen utan at det nødvendigvis forstyrrar flowen, kan også det gjelde å dele biletet og videoane undervegs på konsertane på Snapchat på grunn av at dei er så vane med å dele biletet og videoar i kvardagen.

### *6.3.1 Naturleg og ynskjeleg å dele noko som er spesielt*

Med tanke på at informantane i hovudsak reiser på konsertar for å oppleve ein tilstand av flow og for å dele opplevinga saman med andre, kan vise at det å reise på konsert er noko spesielt og som informantane vil dele med nære relasjonar. Ronny peika på at det er naturleg å dokumentere og dele når ein opplev noko, og når det gjeld konsertopplevinga på Daniel Kvammen ville Ronny demonstrere til venene sine at han opplevde noko spesielt og noko utanom det vanlege:

«Eg tenkte at eg hadde lyst å dyrke litt sunn narsissisme, vise at eg kosar meg på konsert og det trur eg er noko me alle gjer og noko som er hundre prosent innanfor så lenge det ikkje bikkar over.» (Ronny, 24 år)

Ei live musikkoppleving kan generere ei forventning av å oppleve noko utanom det vanlege eller noko ekstraordinært (Kjus og Danielsen, 2014, s. 676), og dømet med Ronny kan vise at det er naturleg å dele når ein opplev noko utanom det vanlege og at han opplev noko spesielt som han ynskjer å vise til venene sine. Sjølv om nokre informantar ikkje brukte smarttelefonen så mykje under konsertane, som kan knytast til ambivalente forhold til den, var det likevel ynskjeleg å dele nokre biletet med nære relasjonar for å vise at dei hadde det kjekt eller som var relatert til ein intern historie. Til dømes ynskte Luna å filme ein del av låta «Ta på meg» for å vise til broren sin etter konserten ettersom ho hadde ei morosam oppleving med nemnde låt, sjølv om ho har eit prinsipp om å ikkje vere på telefonen så mykje på konsertar:

«Då eg var heime sist, fortalte han at han hadde hørt på den songen i dusjen og så har eg ein annan bror som er 8 år og han hadde stått utanfor og hørt den songen. Så broren min på 8 år går rundt og syng «Ta på meg» og mamma hatar det, ho er dritsur

på oss. Derfor måtte eg filme det og vise det til han etterpå og eg var sånn haha, ikkje vis til mamma.» (Luna 23 år)

I likskap med Luna brukte heller ikkje Hedvig smarttelefonen mykje under konserten til Kjartan Lauritzen, men likevel ynskte ho å dele eit bilet på Snapchat av eit augeblikk som var spesielt for ho og kjærasten:

«Eg tok ein Snap, men det var eigentleg berre ein intern vits. Eg kjøpte ein genser av Kjartan Lauritzen på Slottsfjell og så har kjærasten min gått med den genseren heile tida. Så eg filma Kjartan Lauritzen og skreiv eg kjøpte ei T-skjorta til han.» (Hedvig, 25 år)

Saman med Petunia som ville filme og dele låta «Nyte D» med venene sine på Snapchat ettersom det «er min song», kan utsegna frå informantane gi ein indikasjon på at informantane ynskte å dele frå konsertane ettersom det var noko som var spesielt. I tillegg kan det vise at å dele ei spesiell oppleving er naturleg ettersom smarttelefonen er integrert i kvardagslivet til informantane i den grad at dei ikkje tenker over bruken, noko som kan gjere at dei ikkje tenkte over bruken på konsertane. Bilete som blir delt med nære relasjonar og som viser kva ein held på med i kvardagslivet får ein auka verdi, særleg når nære relasjonar bur ein anna stad (Aalen og Iversen, 2021, s. 55), og sjølv om fleire informantar ikkje brukte smarttelefonen mykje under konsertane, kan det verke som at det var ynskjeleg for informantane å dele bilet frå konsertane for å vise nære relasjonar at dei har det kjekt. Samtidig kan det tyde på at det var ein måte for å halde kontakten med eksisterande forhold, i tillegg til å pleie relasjonen med dei som informantane ikkje ser så ofte.

#### **6.4 Oppsummering kapittel 6**

I dette kapittelet har eg presentert funn om korleis informantane reflekterte over smarttelefonbruken på konsertane og generelt i kvardagen der eg har illustrert korleis informantane delte bilet og videoar som dei tok på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, og kva motivasjonar som kan verke å ligge bak delinga. Eg har nytta dimensjonar for medieerfaringar og kopla det til domestiseringsteori med fokus på måtane informantane har inkorporert og konvertert bruken av Instagram og Snapchat for å gi ein indikasjon på kvarfor fleire informantar delte bilet og videoar på Snapchat i staden for på Instagram. Funna frå analysen kan tyde på at Snapchat har ein plass i livet til informantane for

å halde ved like eksisterande veneforhold og pleie relasjonen til dei personane som står i nær relasjon til informantane, men som dei ikkje ser så ofte ettersom informantane har flytta frå heimstaden. Dette funnet har eg knytt til omgrepene sosial stelling som kan vise at bileta informantane delte frå konsertane får ein auka verdi ettersom sosiale media kan bidra til å halde ved like nære relasjoner. I kapittel 5 argumenterte eg for at smarttelefonen er naturalisert i liva til informantane at dei ofte ikkje tenkjer over bruken av den, noko som kan forklare at dei tok bilete og videoar utan at det nødvendigvis forstyrra flowen. I dette kapittelet argumenterte eg for at måten informantane har inkorporert Snapchat i kvardagen, har naturalisert bruken i den grad at Snapchat blir tatt for gitt og noko dei ikkje tenkjer over bruken av. Funna frå analysen viser også at for fleire av informantar er det ynskjeleg og naturleg å dele bilete og videoar frå konsertane som viser at dei har det kjekt og at det dei opplev er noko spesielt. Samla sett kan informantane sine motivasjonar for å dele bilete og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen gi ein indikasjon på korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert.

## **7.0 Oppsummering**

Problemstillinga mi for denne oppgåva har vore korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. I dette avsluttande kapittelet vil eg oppsummere hovudfunna og aspekta som svarar på problemstillinga, og kome med eit forslag til vidare forsking på smarttelefonbruk på konsertar. Problemstillinga delte eg inn i to forskingsspørsmål, altså «Korleis brukte informantane smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen?» og «Korleis reflekterte informantane over eiga bruk av smarttelefonen på konsertane og generelt i kvardagen?». Funna eg har presentert for å svare på forskingsspørsmåla vil gi eit heilskapleg bilete på korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert. Når det gjeld funna frå analysen, konkluderer eg ut ifrå dei informantane eg har snakka med ettersom mine funn ikkje nødvendigvis gjeld for alle publikummarar som reiser på konsert, eller at funna gjeld for alle typar konsertar. Likevel kan funna frå analysen gi eit innblikk i korleis smarttelefonen er ein del av ei konsertoppleveling i eit medieerfaringsperspektiv. For å svare på problemstillinga om korleis smarttelefonen er ein del av ei medieerfaring av å reise på konsert utførte eg to observasjonar av konsertar til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen på USF Verftet i Bergen, i tillegg til semistrukturerte kvalitative intervju av utvald publikum i etterkant av konsertane.

### **7.1 Smarttelefonen som ein integrert del av ei medieerfaring av å reise på konsert**

Hovudpoenget mitt for oppgåva er at smarttelefonen kunne forstyrre flowen til informantane på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, men samtidig ser det ut til at smarttelefonen er så naturalisert i kvardagslivet til informantane at den også kan vere ein del av flowen då det kan tyde på at dei ikkje tenkjer over at dei brukar smarttelefonen til å ta bilete og videoar av konsertane og deler med nokon få. Vidare poengterer eg at sjølv om informantane ikkje var opptekne med å bruke smarttelefonen heile tida, viste observasjonane mine at smarttelefonen var generelt framme på spesifikke tidspunkt. På Daniel Kvammen-konserten observerte eg mellom anna at smarttelefonen var framme då han framførte sin mest populære låt «Du fortinar ein som meg» og då han framførte «kamikaze» som har eit raskare tempo i melodien. Medan på Kjartan Lauritzen-konserten var det særleg då han framførte den første låta «Million», sin mest populære låt «Fredag» og då han framførte «Ta på meg» at eg observerte at publikum ville filme. Med tanke på at smarttelefonen verkar å vere integrert i kvardagslivet til informantane, vil eg på bakgrunn av funna om korleis informantane brukte

smarttelefonen på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, argumentere for at smarttelefonen er ein *integrert* del av ein medieerfaring av å reise på konsert.

Når det gjeld funnet om at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane, kan det for nokon av informantane handle om at dei har tidlegare erfaringar med bruken av smarttelefonen på konsertar med artistar dei er stor fan av og som gjorde at dei ville hugse det i ettertid. Denne erfaringa har ført til at særleg Luna og Hedvig er prinsippfast på ikkje å bruke smarttelefonen mykje på konsertar ettersom dei heller vil nyte augeblikket og vere i noet. I tillegg til Ronny som kan bli «fortrylla» at han ikkje treng å bruke telefonen, og Gulla og Hermine som legg vekt på stemninga og den høge musikken som kan bli kjend i «hjarterota», kopla eg det med flow-omgrepet (Csikszentmihalyi, 1990; Turino, 2008; Hesmondhalgh, 2013) som ein indikator på at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida. For informantane kan flowen bli kjend individuelt på kroppen der konsertstemninga kan spele ei rolle, men samtidig kan flowen bli styrka ved at eit konsertarrangement er ei sosial oppleving som ein kan oppleve saman med andre. Frå observasjonane av konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen fekk eg inntrykk av at publikum var i ein flow ettersom dei var med å song med på låtar dei kunne, gav respons til det artisten sa når han snakka, hoppa i takt med musikken og via merksemda si til det som skjedde på scena.

På bakgrunn av at ein tilstand av flow verka å vere ein sentral faktor for at informantane reiser på konsertar, argumenterte eg for at dei ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane ettersom fleire av informantane har erfaringar frå kvardagen der smarttelefonen kan forstyrre merksemda deira til andre aktivitetar som krev merksemda. For informantane ser smarttelefonen ut til å vere naturalisert på ein slik måte at dei ikkje tenkjer over bruken av den lengre, den er integrert i kvardagslivet deira ved at den representerer ein sekundæraktivitet, ein aktivitet mellom aktivitetar og ein viktig teknologi for å kommunisere med andre. Likevel kan informantane oppleve conflicting flows og conflicting responsibilities (Ytre-Arne, mfl., 2020) med smarttelefonen i samband med at den kan ha ein intensjon om å fylle tid, men som endar opp med tap av tid ein skulle brukta på andre aktivitetar. Dette er noko fleire av informantane prøver å administrere ved å slette appar eller slå av varslar for å prøve å ha kontroll over tida dei brukar på den. Saman med ei erfaring om at sosiale media ikkje har som formål å berre forstyrre i eit augeblikk, men å få brukarane sine hekta på plattforma over lengre periodar (Lupinacci, 2021, s. 277), kan informantane sine erfaringar

med ambivalente forhold til smarttelefonen gi ein indikasjon på kvifor informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen då den kunne forstyrre flowen.

Trass i at informantane ikkje var opptekne av å bruke smarttelefonen heile tida på konsertane, brukte alle informantane smarttelefonen på eit eller anna tidspunkt for å ta biletar eller video av deler av konsertane. Funn frå analysen viser at det er ein tendens blant informantane om å ta biletar eller videoar som fangar essensen av at dei er på konsert for å vise at dei opplev noko utanom det vanlege i kvarldagen. Dette funnet kalla eg for målretta bruk av smarttelefonen ettersom det verka som at informantane var opptekne med å fange essensen av å vere på ein konsert. Den målretta bruken til informantane såg eg tendensar til frå observasjonane av konsertane då eg observerte at publikum generelt tok fram smarttelefonen på spesifikke tidspunkt – då konserten starta, då det kom ein populær låt, ein låt med eit raskt tempo eller då det skjedde noko spesielt på scena.

Sjølv om det kan bli forstått som at smarttelefonen forstyrra flowen informantane hadde på konserten ettersom dei tok fram smarttelefonen for å ta biletar eller video, så vil eg likevel argumentere for at smarttelefonen var ein del av flowen til informantane. Dette ser eg i samanheng med erfaringa informantane har med media som teknologiar (Gentikow, 2005a) ved at tilvenninga av ein medieteknologi fører til at den blir naturalisert og ikkje er ein teknologi me tenkjer over at me skal handtere lengre. Til dømes fortalte Hedvig at ho kunne strekke seg etter smarttelefonen sjølv om den var på lading ein anna stad og at ho kan vere på smarttelefonen å scrolla utan at ho tenkjer over at ho gjer det. Frå intervjuet med informantane blei også «scrolling» ofte nemnd på spørsmålet om kva dei brukar smarttelefonen til i kvarldagen, og då informantane nemnde det fekk eg inntrykket av at det var naturleg å gjere utan at det nødvendigvis blei ordlagt som noko negativt. På bakgrunn av at smarttelefonen ser ut til å vere naturalisert i kvardagslivet til informantane i den grad at dei ikkje tenkjer over bruken av den, kan det gi ein indikasjon på at det også kan gjelde på konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen, og dermed vere eit aspekt for korleis smarttelefonen er ein integrert del av ein medieerfaring av å reise på konsert.

Samtidig kan Ronny vise til at det finst fleire moglege medieerfaringar av å reise på konsert. Ronny var den einaste informanten eg observerte som var oppteken med smarttelefonen under konserten til Daniel Kvammen, og då han hoppa ut i publikum fekk ikkje Ronny det med seg

då han haldt på med å sjå på ein video han nettopp hadde filma før situasjonen skjedde. På den eine sida kan Ronny representere eit spesifikt døme på at smarttelefonen forstyrra flowen hans på konserten, men på den andre sida fortalte Ronny at han brukte smarttelefonen for å dokumentere konserten i jobbsamanheng og skaffe materiale i form av bilete og videoar som han kunne bruke for å legge ut på Instagramkontoen til Studentorganisasjonen. Dette kan tyde at for Ronny var smarttelefonen ein integrert del av ei medieerfaring av å reise på konsert ved å kommunisere med følgjarane til kontoen og med eit formål for å promotere Studentorganisasjonen.

Naturaliseringa av smarttelefonen i kvardagen, kan ha ein samanheng med korleis informantane brukte smarttelefonen på konsertane og kan dermed vere ein indikasjon på at informantane ikkje tenkte over at dei brukte telefonen for å ta bilete og videoar av deler av konserten. Vidare kan det også gjelde for at informantane delte bileta eller videoane frå konsertane med nokon få. Slik informantane har inkorporert bruken av Instagram og Snapchat i kvardagslivet deira verkar å vere som eit kommunikasjonsverktøy. På konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen tyder funna på at informantane i hovudsak delte i private og lukka kommunikasjonskanalar, då stort sett på Snapchat direkte frå konserten. Når det gjeld Ronny kan det verke som at han har inkorporert Instagram til å spele ei rolle for å dele musikkrelaterte innlegg på Instagramkontoen til Studentorganisasjonen, medan for andre informantar kan det sjå ut som at det handlar om å skilje seg frå det typiske og ikkje dele det «alle andre» gjer, som til dømes å fylle Story-funksjonen med konsertvideoar. Argumentet om at informantane brukte smarttelefonen for å dele på ein personleg kommunikativ måte kan bli styrka ut ifrå observasjonane mine av delte bilete og videoar frå konsertane på sosiale media då eg berre observerte få bilete som hadde blitt delt på Instagram, noko som kan tyde på at bilete og videoar frå konsertane ikkje blei delt for mange å sjå.

Når det gjeld kven informantane delte bilete og videoar med frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen på Snapchat, tyder funna på at det er med vener og familie. Delinga på Snapchat med vener og familie verka å vere viktig for informantane ettersom det kan tyde på ein sosial stelling der den målretta smarttelefonbruken med å fange essensen av ein konsert kan opne opp for å halde ved like eksisterande forhold og å pleie relasjonen til dei som informantane ikkje ser så ofte. Informantane har flytta frå heimstaden sin og er i ein livsfase der dei enten er student eller nettopp har starta arbeidslivet. Dermed kan domestiseringa av Snapchat i kvardagslivet til informantane gjere det naturleg for

informantane å dele bilete og videoar frå konsertane som viser at dei opplev noko spesielt og noko utanom det vanlege, som kan demonstrere at dei bryr seg om personen dei sender til. Domestiseringa av ein teknologi blir sett som vellukka når teknologien blir tatt for gitt og ein naturleg del av kvardagslivet (Aalen og Iversen, 2021, s. 45), noko som ligg nært relatert til erfaringa me har med media som teknologiar som peikar på at når me har vent oss til ein teknologi, fører det til at den blir naturalisert og noko me ikkje tenkjer over bruken av lengre (Gentikow, 2005a, s. 5). Med tanke på at Snapchat verkar å ha ei naturleg rolle for fleire av informantane i liva deira for å halde ved like eksisterande forhold og å pleie nære relasjonar i kvardagen, kan det vere naturleg for informantane å bruke bilete og videoar frå konsertane til Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen for å dele direkte på Snapchat som viser at dei gjer noko utanom det vanlege som dermed kan vere ein annan måte å forstå korleis smarttelefonen er ein integrert del av ei medieerfaring av å reise på konsert.

Som me ser kan smarttelefonen vere ein integrert del av ei medieerfaring av å reise på konsert på fleire måtar. Smarttelefonen ser ut til å vere ein naturleg del i kvardagslivet til informantane, noko eg vil seie at den er ein naturleg del av ei konsertoppleveling. Informantane i denne studien var ikkje opptekne med å bruke smarttelefonen heile tida under konsertane ettersom den kunne forstyrre flowen, men likevel kan smarttelefonen vere ein del av ein flow informantane kjende på, i tillegg til at den kan vere viktig for å vise fram kva informantane held på med i kvardagen til dei personane som har ei betyding for dei. Med denne studien kjem eg neppe til å endre meiningsane til dei sterke stemmene som irriterer seg over smarttelefonbruken til andre på konsertar. Likevel kan studien gi ei forståing for kvifor smarttelefonen blir brukt på konsertar og kva betyding smarttelefonen har i ein konsertsamanhang.

## 7.2 Vidare forsking

Denne oppgåva blei avgrensa til å omhandle smarttelefonbruken til unge vaksne i alderen 20 til 26 år og deira medieerfaringar med smarttelefonen. Med utgangspunkt i observasjonar eg gjorde på konserten til Daniel Kvammen, der eg observerte vaksne på omtrent 40-50 år som oppdaterte jamleg Storyen på Instagram, og i at noko av irritasjonen i kronikkane eg har inkludert er retta mot eldre, kunne det vore interessant å utføre ein liknande studie, men med fokus på eldre vaksne sin smarttelefonbruk og deira medieerfaringar. Det blir forska mykje på unge vaksne sin mediebruk i dag, inkludert smarttelefonen, men generelt er det lite forsking

på korleis eldre tar i bruk smarttelefon og sosiale media. Dermed ville det vere interessant å utforske eldre vaksne sine motivasjonar for å bruke smarttelefonen på konsertar.

Avslutningsvis vil eg gi ein oppklaring dersom du lurar. Ja, det er eg som tok biletet frå konserten til Elton John som du ser på framsida til denne oppgåva. Eg ville ha ei fin framside, så motivasjonen min for å ta biletet var reint akademisk.

## 8.0 Litteraturliste

- Aalen, I. og Iversen, M. H. (2021) *Sosiale medier*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Baym, N. (2018) *Playing to the crowd: Musicians, audiences, and the intimate work of connection*. New York: New York University Press. ProQuest Ebook Central. (Lest 9. februar 2022).
- Bennett, L. (2012) Patterns of listening through social media: online fan engagement with the live music experience, *Social Semiotics*, 22(5), s. 545-557.
- Bruland, A. (2022) Scrolle på mobilen kan du gjøre hjemme, *Bergens Tidende*, 11. mars.  
Tilgjengeleg frå: <<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/8Qo0gE/scrolle-paa-mobilen-kan-du-gjoere-hjemme>> (Henta: 13. mars 2022)
- Carman, T. (2016) *Phenomenology*. Oxford: Oxford University Press. Henta frå: <<https://www.oxfordhandbooks.com/view/10.1093/oxfordhb/9780199668779.001.0001/oxfordhb-9780199668779-e-31?print=pdf>> (Lest 21. april 2022).
- Csikszentmihalyi, M. (1990) *Flow: the psychology of optimal experience*. New York: Harper & Row.
- Danielsen, A. og Kjus, Y. (2019) The mediated festival: Live music as trigger of streaming and social media engagement, *Convergence: The International Journal of Research into New Media Technologies*, 25(4), s. 714-734.
- Donath, J. (2007) Signals in Social Supernets, *Journal of Computer-Mediated Communication*, 13(1), s. 231-251.
- Duffy, A. og Ling, R. (2020) The Gift of News: Phatic News Sharing on Social Media for Social Cohesion, *Journalism Studies*, 21(1), s. 72-87.
- Eriksen, D. og Ingebrethsen, C. (2015) -*Hvis det blir et problem, så tar vi telefonen*.  
Tilgjengeleg frå: <[https://www.nrk.no/kultur/\\_hvis-det-blir-et-problem\\_sa-tar-vi-telefonen-1.12498005](https://www.nrk.no/kultur/_hvis-det-blir-et-problem_sa-tar-vi-telefonen-1.12498005)> (Henta: 13. mars 2022)
- Flølo, J. og Svendsen, R. H. (2021) *Kjartan var redd for å skilje seg ut – no riv han av seg kleda framfor tusenvis av folk*. Tilgjengeleg frå: <[https://www.nrk.no/vestland/kjartan-var-redd-for-a-skilje-seg-ut\\_no-riv-han-av-seg-kleda-framfor-tusenvis-av-folk-1.15688136](https://www.nrk.no/vestland/kjartan-var-redd-for-a-skilje-seg-ut_no-riv-han-av-seg-kleda-framfor-tusenvis-av-folk-1.15688136)> (Henta: 24. april 2022).
- Gentikow, B. (2005a) *Exploring media experiences. A new approach to reception theory and empirical studies*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Gentikow, B. (2005b) *Hvordan utforsker man medieerfaringer? Kvalitativ metode*. Kristiansand: IJ-forlaget AS

Hagen, A. L. og Skorpen, G. S. (2016) *Hjelp, jeg skal på felter arbeid!* Oslo: Cappelen Damm AS.

Hesmondhalgh, D. (2013) *Why Music Matters*. Chichester: John Wiley & Sons.

Husby, K. (2018) Nylig var jeg i Olavshallen på konsert. Men herre min hatt, for en oppførsel!, *Adresseavisen*, 15. mai. Tilgjengeleg frå:

<[https://www.midtnorskdebatt.no/meninger/ordetfritt/2018/05/15/Jeg-s%C3%A5-rett-  
inn-i-skjermer-fra-sju-mobiltelefoner-16703039.ece](https://www.midtnorskdebatt.no/meninger/ordetfritt/2018/05/15/Jeg-s%C3%A5-rett-inn-i-skjermer-fra-sju-mobiltelefoner-16703039.ece)> (Henta 13. mars 2022).

Ipsos (2022) *Sosiale medier tracker Q1'22*. Januar – mars 2022. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.ipsos.com/sites/default/files/ct/publication/documents/2022-04/Ipsos%20SoMe-tracker%20Q1%202022.pdf>> (Henta: 26. april 2022).

Kaupang, M. M. (2021) *Travis Scott etter tragedien – Jeg er helt knust*. Tilgjengeleg frå:

<[https://www.nrk.no/norge/travis-scott-etter-festivaltragedien\\_-\\_-jeg-er-helt-knust-1.15720153](https://www.nrk.no/norge/travis-scott-etter-festivaltragedien_-_-jeg-er-helt-knust-1.15720153)> (Henta: 10. februar 2022).

Kjus, Y. og Danielsen, A. (2014) Live Islands in the Seas of Recordings: The Music Experience of Visitors at the Øya Festival, *Popular Music and Society*, 37(5), s. 660-679.

Lin, A. og Tong, A. (2007) Text-messaging Cultures of College Girls in Hong Kong: SMS as Resources for Achieving Intimacy and Gift-exchange with Multiple Functions, *Continuum: Journal of Media & Cultural Studies*, 21(2), s. 303-315.

Lupinacci, L. (2021) Absentmindedly scrolling through nothing: liveness and compulsory continuous connectedness in social media, *Media, Culture & Society*, 43(2), s. 273-290.

«rølpete». I: *Nynorskordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen.

<<https://xn--ordbkene-84a.no/nn/105993/r%C3%B8lpete>> (Henta: 10. februar 2022).

Sandvik, R. L. og Chavez, J. E. A. (2021) *Rølpeguttas gullalder*. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.nrk.no/kultur/xl/norsk-rolpemusikk-opplever-en-gullalder---uten-kvinnelige-artister-1.15470729>> (Henta: 10. februar 2022).

Spotify (2022a) *Daniel Kvammen*. Tilgjengeleg frå:

<<https://open.spotify.com/artist/1c9LVBvYq58ViD8qdLml7A>> (Henta: 24. april 2022).

Spotify (2022b) *Kjartan Lauritzen*. Tilgjengeleg frå:

<[https://open.spotify.com/artist/0TW5M8RYADmgeCP1q523hf?play=true&utm\\_source=Mr+Hyde&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=7369056\\_MH+160728+THURS](https://open.spotify.com/artist/0TW5M8RYADmgeCP1q523hf?play=true&utm_source=Mr+Hyde&utm_medium=email&utm_campaign=7369056_MH+160728+THURS)>

[&utm\\_acquisition3=Adwords&dm\\_t=0%2C0%2C0%2C0%2C0>](#) (Henta: 24. april 2022).

Statistisk sentralbyrå (2021) *Norsk mediebarometer 2020*. Statistiske analyser 166. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Svartdal, F. (2020) *Kognitiv dissonans*. Tilgjengeleg frå: <[https://snl.no/kognitiv\\_dissonans](https://snl.no/kognitiv_dissonans)> (Henta: 21. januar 2022).

Syvertsen, T. (2020) *Digital Detox: The Politics of Disconnecting*. Bingley: Emerald Publishing Limited. ProQuest Ebook Central (Lest 23. januar 2022).

Thorhauge, A. M. og Lomborg, S. (2016) Cross-media communication in context: A multi-method approach, *Mediekultur: Journal of media and communication research*, 60, s. 70-86.

Turino, T. (2008) *Music as Social Life: The Politics of Participation*. Chicago: The University of Chicago Press.

Tørset, E. (2022) *Kjartan Lauritzen*. Tilgjengeleg frå:

<[https://snl.no/Kjartan\\_Lauritzen\\_-\\_Per\\_%C3%81ki\\_Sigurdsson\\_Kvikne](https://snl.no/Kjartan_Lauritzen_-_Per_%C3%81ki_Sigurdsson_Kvikne)> (Henta 24. april 2022).

Tørset, E. og Bergan, J. V. (2021) *Daniel Kvammen*. Tilgjengeleg frå: <[https://snl.no/Daniel\\_Kvammen](https://snl.no/Daniel_Kvammen)> (Henta: 24. april 2022).

USF (2021) *Røkeriet USF*. Tilgjengeleg frå: <<https://usf.no/lokaler/rokeriet-usf/>> (Henta: 19. oktober 2021)

Vill Vill Vest (2022) *Om Vill Vill Vest*. Tilgjengeleg frå:  
<<https://villvillvest.no/om-vill-vill-vest>> (Henta: 24. april 2022).

Ytre-Arne, B., Syvertsen, T., Moe, H. og Karlsen, F. (2020) Temporal ambivalences in smartphone use: Conflicting flows, conflicting responsibilities, *New media & society*, 22(9), s. 1715-1732.

Østbye, H., Helland, K., Knapskog, K., Larsen, L. O. og Moe, H. (2013) *Metodebok for mediefag*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

## **9.0 Vedlegg**

### **9.1 Samtykkeskriv**

#### **Vil du delta i forskingsprosjektet**

#### ***Mobilbruk på konsert?***

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å finne ut korleis publikum brukar mobiltelefonen sin under ein konsert. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

#### **Føremål**

Prosjektet er ei masteroppgåve som skal føregå over eitt år der føremålet med oppgåva er å undersøke korleis publikum brukar smarttelefonen på ein konsert og på kva slags måtar det kan bli knytt til deira medieerfaringar. Me brukar smarttelefonen for å dokumentere store deler av ulike opplevingar me gjer i løpet av livet, og denne masteroppgåva vil prøve å finne ut ein liten del av kvifor me gjer det.

#### **Kva eg vil finne ut av**

Ved å utføre feltobservasjonar av to konsertar i Bergen, høvesvis av konserten til Daniel Kvammen i oktober og Kjartan Lauritzen i november, i tillegg til å halde kvalitative intervju av utvalde publikummarar som deltar på konsertane, vil eg i masteroppgåva mi utforske kva det er som gjer at publikum vil filme og ta bilete av store delar av ein konsert. Kva gjer du med biletar og videoar som du tar med smarttelefonen på ein konsert? Kva er det du tar biletar av og kva er det du filmar? Blir dei lagra i biletgalleriet ditt og aldri sett på igjen? Blir det vist til vene? Blir det posta på sosiale media? Eg vil utforske kva som skjer med biletene og videoane under og etter konserten, og kva slags tankar publikum har rundt si eiga bruk av smarttelefonen under konsertar. Kvifor brukar publikum smarttelefonen sin på den måten dei gjer?

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Institutt for informasjons- og medievitskap er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvífor får du spørsmål om å delta?**

Utalet av informantar er basert på kven som skal på dei aktuelle konsertane. Du får spørsmål om å delta i prosjektet fordi du enten skal på konsert med Daniel Kvammen 16. oktober og/eller Kjartan Lauritzen 18. november – 20. november.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du kan bli observert og stiller opp til intervju. Intervjuet vil vare i ca. 1 time. Intervjuet inneheld mellom anna spørsmål om korleis konsertopplevinga var for deg, forholdet ditt til artisten du var på konsert med og på kva slags måtar du brukte smarttelefonen på konserten og eventuelt om du kan vise fram innhaldet frå biletgalleriet på smarttelefonen frå konserten. Dersom det er aktuelt kan du også bli spurde om å vise fram innhaldet på sosiale media dersom du delte biletar eller videoar frå konserten. Dette er frivillig. Andre viktige spørsmål omhandlar din generelle bruk av smarttelefonen i kvarldagen.

Eg vil òg be NAMN om å gje nokre opplysningar om seg sjølv i eit intervju. Det vil vere opplysningar om kjønn, alder, kontaktopplysningar og om andre personar som du var på konsert saman med. Eg tar lydopptak og notat frå intervjuet.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er eg, Ingrid (masterstudent), som vil ha tilgang på opplysningane dine. Prosjektansvarleg og rettleiar for oppgåva, John Magnus, skal ikkje få opplysningar om namnet ditt og kontaktopplysningane dine, men vil få innsyn i mine notat og utsegn frå deg som kjem fram i intervjuet. Namnet ditt og kontaktopplysningane dine vil bli lagra på ei namneliste som er skild frå resten av dataa, og den lista vil bli låst med eit passord som berre eg (Ingrid) har tilgang til.

Du vil ikkje bli kjend att i publikasjonen då namnet ditt vil bli erstatta med eit fiktivt namn. Opplysningar som vil bli publisert er eventuelt berre kjønn og alder.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymisert når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 01.06.2022.

Ved prosjektslutt vil personopplysingane dine bli sletta.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Institutt for informasjons- og medievitskap har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Institutt for informasjons- og medievitskap – Ingrid Haugsvær Årmot (masterstudent), på telefon: +47 90 21 56 13 eller på e-post: [iaa020@uib.no](mailto:iaa020@uib.no)

- Institutt for informasjons- og medievitskap – John Magnus Ragnhildsson Dahl (rettleiar), på telefon: +47 93 08 80 81 eller på e-post: [John.Dahl@uib.no](mailto:John.Dahl@uib.no)

Vårt personvernombod:

- Janecke Helene Veim, på telefon: +47 930 30 721 eller på e-post: [Janecke.Veim@uib.no](mailto:Janecke.Veim@uib.no)

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Venleg helsing

---

*Prosjektansvarleg*  
(Forskar/rettleiar)

*Eventuelt student*

---

### **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Mobilbruk på konsert* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- å delta i observasjon

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## **9.2 Plan for observasjonane**

Under konsertane av både Daniel Kvammen og Kjartan Lauritzen vil eg gjere observasjoner av korleis publikum brukar smarttelefonen på konsertane. Etterkvart som konsertane føregår, tar eg notatar på smarttelefonen min. Følgjande er skildringar av kva eg skal fokusere på under observasjon av publikum sin mobilbruk under Kjartan Lauritzen-konserten.

### **Kva eg skal observere og notere ned**

På konsertane tenker eg det kan vere ein fordel å plassere meg ein stad der eg får ein nokså god oversikt over publikumsmassen for å sjå korleis publikum oppfører seg på konserten. Kva skjer når konserten startar? Har publikum henda «i vêret» og held på smarttelefonen for å filme eller ta bilet av det som skjer på scena? På kva tidspunkt tar publikum fram smarttelefonen? Skjer det noko spesielt på scena? Kor lenge har dei smarttelefonen framme? Kva filmar eller tar dei bilet av? Tar dei bilet av artisten, seg sjølv (selfie) eller publikum rundt seg? Det kan ofte hende på konsertar at publikum filmar ein runde rundt seg sjølv for å få med seg stemninga på konserten eller kor mange som er på konserten. Eg vil også sjå etter om nokon er på smarttelefonen, men som ikkje følger med på konserten. Snakkar dei i telefonen? Trykkar dei på telefonen? Ber artisten på scena om at publikum skal ta fram telefonen?

### **Intervju grupper/personar etter konserten**

Etter konserten ynskjer eg å snakke med nokon som var på konserten. Spørsmåla skal vere nokså enkle, men hjelpe meg for å få eit lite innblikk i korleis dei brukte telefonen og kva dei tok bilet eller video av. Nedanfor er ei liste over spørsmål eg kan stille til personar etter konserten.

### **Etter konserten**

Kort tid etter at konserten er ferdig vil eg gå inn på Instagram og sjekke bilet og filmar som har blitt posta på plattforma der innlegget har blitt tagga med ein stadlokasjon (t.d. USF Verftet). Det eg vil observere er omfanget av bilet eller filmar som har blitt posta og kva bileta og filmane inneheld.

## 9.2.1 Daniel Kvammen

### Observasjon av Daniel Kvammen-konserten

Stad: USF Verftet

Dato: 16. oktober

Sjanger(ar): Vise-pop, popmusikk, elektro-popmusikk, synthprega poprockstil

#### Smarttelefonbruk i forhold til:

- Når konserten startar
- Når artisten snakkar
- Ein spesiell song/ populær song
  - **Du fortunar ein som meg** – A-lista på NRK P3
  - Me dansar ikkje for moro skyld
  - Tid forbi ti amor
  - Den tyngste turen (med Aslag Haugen, frontmann Hellbillies)
  - Som om himmelen revna (ft. Lars Vaular, populær artist frå Bergen)
  - Me to er ein evighet (ft. Gabrielle, populær artist frå Bergen)
- Type musikk (rytme, melodi) – konkret låt?
  - Roleg tempo
  - Rask tempo
- Filmar dei seg sjølv?
- Filmar dei andre? - «*« Stemning »*»
- Brukar dei telefonen til andre ting som ikkje har med konserten å gjere?
  - Pratar i telefonen med nokon andre
  - Svarar på meldingar og liknande
- Skjer det noko spesielt på scena?
  - Noko artisten gjer som skapar engasjement mellom publikum?

#### Konserten:

Korleis er stemninga på konserten?

Korleis snakkar dei om konserten?

Generelt folk sin oppførsel

Danse til musikken medan ein står på mobilen?

**Samtale i etterkant av konserten:**

Kva syns du om konserten?

Kva syns du om Daniel Kvammen?

Er musikken til Daniel Kvammen sånn type musikk du pleier å høre på?

Kva anna musikk hører du på i så fall?

**Telefon:**

Kva brukte du telefonen til?

Tok du bilete eller filma du?

Brukte du kamerafunksjonen på telefonen eller brukte du kamera inne på Snapchat?

Kvifor?

Var det noko spesielt du filma eller tok bilete av?

Pleier du å lagre filmar eller bilete på telefonen?

Gjorde du noko med det du filma eller tok bilete av? – intensjon med det?

Sendte du det til nokon på Snapchat?

Posta du direkte på Instagram? TikTok? Stories Snapchat? Facebook? Noko anna?

## 9.2.2 Kjartan Lauritzen

### Observasjon av Kjartan Lauritzen-konserten

Stad: USF Verftet

Dato: 18.11.2021

Sjanger: Rap, festmusikk

#### Smarttelefonbruk i forhold til:

- Når konserten startar
- Når artisten snakkar
- Ein spesiell song/ populær song
  - **Fredag** (mest populær song i følge Spotify: 12.512.952 avspelarar)
  - TADA
  - Havanna
  - Million
  - Nyte D (publikumsfavoritt?)
- Type musikk (rytme, melodi) – konkret låt?
  - Roleg tempo
  - Rask tempo
- Filmar dei seg sjølv?
- Filmar dei andre? - «*«Stemning»*
- Brukar dei telefonen til andre ting som ikkje har med konserten å gjere?
  - Pratar i telefonen med nokon andre
  - Svarar på meldingar og liknande
- Skjer det noko spesielt på scena?
  - Noko artisten gjer som skapar engasjement mellom publikum?
  - Tar av seg skjorta
  - Tar på seg parykken

#### Konserten:

- Korleis er stemninga på konserten?
- Korleis snakkar dei om konserten?
- Generelt folk sin oppførsel

- Danse til musikken medan ein står på mobilen?

**Samtale i etterkant av konserten:**

Kva syns du om konserten?

Kva syns du om Kjartan Lauritzen?

Er musikken til Kjartan Lauritzen sånn type musikk du pleier å høre på?

Kva anna musikk hører du på i så fall?

**Telefon:**

Kva brukte du telefonen til?

Tok du bilete eller filma du?

Brukte du kamerafunksjonen på telefonen eller brukte du kamera inne på Snapchat?

Kvifor?

Var det noko spesielt du filma eller tok bilete av?

Pleier du å lagre filmar eller bilete på telefonen?

Gjorde du noko med det du filma eller tok bilete av? – intensjon med det?

Sendte du det til nokon på Snapchat?

Posta du direkte på Instagram? TikTok? Stories Snapchat? Facebook? Noko anna?

## **9.3 Intervjuguidane**

### *9.3.1 Daniel Kvammen*

#### **Intervjuguide (Daniel Kvammen)**

##### **1. Generelt: Konsert og musikk**

**Korleis var konsertopplevinga?**

**Kva fekk deg til å gå på den konserten?**

**Om det å gå på konsert? Kvifor går du på konsertar?**

- Går du ofte?
- Kven går du saman med?
- Sosialt? Korleis snakkar de om konserten i etterkant?

#### **Artisten**

- Korleis opplevde du Daniel Kvammen på konserten? Korleis syns du han opptredde og gjorde konserten?
- Kvammen prata mykje under konserten og kom med fleire anekdotar som ofte gjorde at folk lo.
  - o Kva slags tankar har du rundt måten han snakka til publikum på?
- Kva syns du generelt om Daniel Kvammen?
- Kva syns du om musikken han lagar?
- Kva slags type musikk tenkjer du artisten lagar?
- Musikalske forhold til artisten?

**Kva type musikk høyrer du på?**

- Snakkar du med venner om musikk?
  - o Korleis snakkar de saman om musikk?
  - o Korleis opplever du det? Kva syns du?
- Er du aktiv som ein fan av ein artist?
  - o Tidlegare vore det? Saman med vene? Andre?

**Kor finn du ny musikk?**

**Kor høyrer du på musikk?**

## **2. Mobilbruk**

**Kva brukar du mobiltelefonen din til i kvardagen?**

**I kva slags situasjonar i kvardagen/i løpet av ein dag kan du hugse at du brukar mobiltelefonen?**

**Kva har du på mobiltelefonen? Kva slags appar?**

**Er du aktiv på sosiale media? Kva slags?**

**Korleis brukar du sosiale media?**

**Hugsar du når du fekk din første mobiltelefon?**

- Kva type var det?
- Korleis var det for deg å ha din eigen mobiltelefon?
- På den tida, korleis brukte du mobiltelefonen?
- Foreldre?

## **3. Hovudspørsmål: Mobilbruk på konserten**

**På kva slags måtar brukte du mobiltelefonen din på konserten?**

- Kva tenkte du då du gjorde det?

**Bilete og videoar? Kva tok du biletet av eller kva filma du?**

- Kvifor? Var det noko spesielt som skjedde?
- Kva fekk deg til å gjere det?
- Kva slags kjensler hadde du då du tok det biletet eller filmen?

**Brukte du kamerafunksjonen på mobiltelefonen, eller var du inne på eit sosialt medium og brukte biletfunksjonen derifrå og posta direkte?**

**Kva syns du om dei bileta eller filmane som du tok?**

**Gjorde du noko med det du tok biletet av eller filma?**

- Viste det til andre vener?

- La ut innlegg på sosiale media?
- Kan eg få sjå?

**Kva tenkte du då Daniel Kvammen hoppa inn til publikum?**

- Tok du biletet/ filma det?
- Registrerte relativt låg mobilbruk på Daniel Kvammen-konserten.
  - Kva tenker du om at det var nokså lite mobilbruk på konserten?

**Er du bevisst på korleis bileta eller filmen skal sjå ut før du postar det på eit sosialt medium?**

- Visuelt – må det visast på ein spesiell måte?
- Redigerer du? Legg du det ut sånn som det er?
- Korleis vil du skildre/beskrive din konto på sosiale media?

**Har du fått noko respons på det du tok biletet av eller filma?**

- Kva slags respons? Kva seier andre?
- Kva syns du om den reaksjonen du fekk?

**Tagga du artisten dersom du posta biletet eller filmen på sosiale media?**

- I så fall kvifor, eller kvifor ikkje? Kva er tanken bak det?

**Brukte du mobiltelefonen til noko anna under konserten som ikkje var direkte knytt til konserten?**

- Svarte på meldingar? Snakka i telefon?

**Meir generelt: Kva er andre biletet eller videoar som du kan dele på sosiale media?**

- Kva andre ting tar du særleg biletet av? Sender vidare?
- Kva får du tilsendt av andre og korleis responderer du på det dei sender?
- Tankar rundt det å dele biletet og filmar med vene/familie?

#### **4. Avslutningsspørsmål: Større perspektiv: Debatt, perspektiv frå arrangørar, lite mobilbruk**

**Debattar i media, nokon uttrykker irritasjon/ frustrasjon over at mange bruker mobiltelefonen på konsertar fordi dei meiner at folk burde nyte augeblikket og sjå på konserten med eigne øye**

- Kva meiner du om det å bruke mobiltelefonen på konsertar?
- Kva slags følelsar har du rundt mobilbruk på konsertar?

**Kva tenkjer du om korleis arrangørar av konsertar eller festivalar tenker om at publikum bruker mobiltelefonen for å dokumentere konsertar i stor grad?**

- Dersom du tenkjer på artisten sitt perspektiv – kva tankar har du om kva dei syns om at publikum filmar og tar bilete under konserten?

**Det verka som at det skjedde noko under ein låt tidleg i konserten. Merka du noko då Kvammen spelte «Tid forbi ti amor»?**

- Kva trur du det kunne vere?

**Andre tankar?**

**Kan eg ta kontakt ved ein seinare anledning dersom eg treng ein utdjuping på nokon av spørsmåla?**

### *9.3.2 Kjartan Lauritzen*

#### **Intervjuguide (Kjartan Lauritzen)**

##### **1. Generelt: Konsert og musikk**

**Kva dag gjekk du på konserten?**

**Korleis var konsertopplevelingen?**

- Korleis vil du beskrive stemninga på konserten?
- Oppvarmingsartist? Kva syns du?
  - o Visste du kven det var?

**Kva fekk deg til å gå på den konserten?**

**Artisten (Kjartan Lauritzen)**

- Korleis opplevde du Kjartan Lauritzen på konserten? Korleis syns du han opptrødde og gjorde konserten?
- Høre du på han ofte elles? Har du eit musikalsk forhold til artisten?
- Kva syns du generelt om Kjartan Lauritzen?
- Kva syns du om musikken han lagar?
- Kva slags type musikk tenkjer du artisten lagar?

**Kjartanisme (handlar om individet, det å tru på seg sjølv, å spre glede, kjærleik og ikkje minst; Å VÆRE SNILL!)**

- Har du hørt om Kjartanisme, ikkje berre albumet til KL, men bevegelsen han har oppretta?
- Er du ein Kjartanist?
- Kva slags tankar har du rundt det med «Kjartanisme»? Og at Kjartan Lauritzen har laga sin eigen bevegelse?

**Kvifor går du på konsertar?**

- Går du ofte?
- Kven går du saman med?
- Sosialt? Korleis snakkar de om konserten i etterkant?

### **Kva type musikk høyrer du på?**

- Snakkar du med venner om musikk?
  - o Korleis snakkar de saman om musikk?
  - o Korleis opplever du det? Kva syns du?
- Er du aktiv som ein fan av ein artist?
  - o Tidlegare vore det? Saman med vener? Andre?
  - o Fortelle om fan-aktivitet?

### **Kor finn du ny musikk?**

### **Kor høyrer du på musikk?**

#### **2. Mobilbruk/ mobiltelefon-erfaring**

### **Kva brukar du mobiltelefonen din til i kvardagen?**

**I kva slags situasjonar i kvardagen/i løpet av ein dag kan du hugse at du brukar mobiltelefonen?**

### **Kva har du på mobiltelefonen? Kva slags appar?**

### **Er du aktiv på sosiale media? Kva slags?**

### **Korleis vil du sei at du brukar sosiale media?**

### **Hugsar du når du fekk din første mobiltelefon?**

- Kva type var det?
- Korleis var det for deg å ha din eigen mobiltelefon?
- På den tida, hugsar du korleis du brukte mobiltelefonen?
- Foreldre? Avgrensingar på mobilbruken din?
- Kva type mobiltelefon har du no?
- Hugsar du korleis det var å gå over til ein smarttelefon?
- Kvifor valde du å ha den telefonen?

### **3. Hovudspørsmål: Mobilbruk på konserten**

**Kva brukte du mobiltelefonen din til på konserten?**

**På kva slags måtar brukte du mobiltelefonen din på konserten?**

- Kva tenkte du då du gjorde det?

**Kva tok du biletet av eller kva filma du? Var det noko spesifikt?**

- Kvifor? Var det noko spesielt som skjedde?
- Kva fekk deg til å gjere det?
- Kva slags kjensler hadde du då du tok det biletet eller filmen?

**Brukte du kamerafunksjonen på mobiltelefonen, eller var du inne på eit sosialt medium og brukte biletfunksjonen derifrå og posta direkte?**

- Kan du forklare kvifor du gjorde det på den måten?

**Kva syns du om dei bileta eller filmane som du tok?**

**Gjorde du noko med det du tok biletet av eller filma?**

- Viste det til andre venner?
- La ut innlegg på sosiale media?
- Kan eg få sjå?

**Korleis er det for deg når du er på sosiale media og det blir delt biletet av konsertar som du ikkje var på? Korleis forholder du deg til det?**

**Er du bevisst på korleis bileta eller filmen skal sjå ut før du postar det på eit sosialt medium?**

- Visuelt – må det visast på ein spesiell måte?
- Redigerer du? Legg du det ut sånn som det er?
- Korleis vil du skildre/beskrive din konto på sosiale media?

**Har du fått noko respons/reaksjon på det du tok biletet av eller filma?**

- Kva slags respons? Kva seier andre?
- Kva syns du om den reaksjonen du fekk?

**Tagga du artisten dersom du posta biletet eller filmen på sosiale media?**

- I så fall kvifor, eller kvifor ikkje? Kva er tanken bak det?

**Brukte du mobiltelefonen til noko anna under konserten som ikkje var direkte knytt til konserten?**

- Svarte på meldingar? Snakka i telefon?

**Meir generelt: Kva er andre bilete eller videoar som du kan dele på sosiale media?**

- Kva andre ting tar du særleg bilet av? Sender vidare?
- Kva får du tilsendt av andre og korleis responderer du på det dei sender?
- Tankar rundt det å dele bilet og filmar med vene/familie?

#### **4. Avslutningsspørsmål: Større perspektiv: Debatt, perspektiv frå arrangørar**

**Debattar i media, nokon uttrykker irritasjon/ frustrasjon over at mange bruker mobiltelefonen på konsertar fordi dei meiner at folk burde nyte augeblikket og sjå på konserten med eigne auge**

- Kva meiner du om det å bruke mobiltelefonen på konsertar?
- Kva slags følelsar har du rundt mobilbruk på konsertar?

**Kva tenkjer du om korleis arrangørar av konsertar eller festivalar tenker om at publikum bruker mobiltelefonen for å dokumentere konsertar i stor grad?**

- Dersom du tenkjer på artisten sitt perspektiv – kva tankar har du om kva dei syns om at publikum filmar og tar bilet under konserten?

**Andre tankar?**

**Kan eg ta kontakt ved ein seinare anledning dersom eg treng ein utdjuping på nokon av spørsmåla?**